mitt syn er det viktig å ha Poppers krav til falsifisering i medvitet i humanistiske vitsskapar, men vi kjem likevel ikkje bort frå at dei oftast er tolkingsvitsskapar, som krev andre metodar i tillegg til Poppers. Når Lockertsen fyrst vil halde seg til Popper, er det merkeleg at han i litteraturlista berre har med *Fornuft og rimelighet som tenkemåte. Utvalgte essays* frå 1981. I ei doktoravhandling ville eg vente referanse til *The Logic of Scientific Discovery*, 1959 eller seinare utgåver.

I kapitlet om metode dreg Lockertsen også fram Odd Einar Haugens arbeid, og han viser til *Filologi og tekstkritikk. Eit norrønfilologisk synspunkt på kjerna i filologien* frå 1984. Det hadde vore meir naturleg å vise til Haugens doktoravhandling, *Stamtre og tekstlandskap. Studiar i resejnsjonsmetodikk med grunnlag i Niðrstigningar saga*, frå 1992. Men desse to arbeida til Haugen drøfter korleis ein skal vurdere ulike handskrifter av eitt verk. Han tek ikkje for seg generelle kjeldekritiske spørsmål knytte til bruk av mellomaldertekstar. I Lockertsens arbeid står Haugen difor ikkje sentralt.

Kapitlet om vitsskapsteori og metode er etter mi vurdering eit av dei svakare i Lockertsens avhandling. Og eg kan ikkje sjå at han seinare i nemnande grad bruker Popper eller Haugen i drøftingane sine.

Den faghistoriske delen av avhandlinga omfattar kapittel 2 og 3 (s. 19–98). Dette er eit grundig oversyn over den faglege debatten om namnet på byen Trondheim, frå 1750 til 1931, med hovudvekta på dei tre siste åra. Lockertsen har her gjort eit stort arbeid med å finne fram materialet, også det utrykte. Dette er eit solid stykke handverk, men det inneheld ikkje kritiske vurderingar av dei enkelte debattinnlegga.

Den mest sjølvstendige delen av arbeidet finn vi kapittel 4, «Nyare forskning og teori» (s. 99–250). Her kjem den kritiske vurderinga av dei viktigaste faglege innlegga som er omtalte i kapittel 3, med hovudvekta på bidraga frå Didrik Arup Seip og Gustav Indrebø. Lockertsen følgjer konsekvent Indrebø i striden med Seip.

Dette kapitlet inneheld også ein gjennomgang av bynamnet i dei eldste norrøne og latinske kjeldene. Her saknar ein eit samla oversyn over kjeldene, med ei kjeldekritisk drøfting av verk og overleverte avskrifter, og ei drøfting av dateringsproblematikken, som Lockertsen elles legg stor vekt på.

Eit problem med Lockertsens framstillinga av bynamnet i desse kjeldene, er at han til vanleg gjer greie for førekomstane i samanheng med drøftinga av bidraga frå dei enkelte forskarane. Vi får såleis ikkje noko samla oversyn over fordelinga av namneformene i dei eldste kjeldene, og det er ikkje alltid referanse til tekststad i utgåvene.

I drøftingane i avhandlinga står skrivemåten i dei gamle tekstane sentralt. Det er difor naudsynt å sitere unormaliserte utgåver, når slike finst. Sitering

av omsetjingar til moderne språk bør ikkje brukast til anna enn opplysning om korleis omsetjaren har tolka teksten.

På side 255–256 har Lockertsen eit oversyn over belegga på Nidaros og Trondheim før 1200. Vi finn der desse tre historieverka frå norsk mellomalder: 1. *Historia de antiquitate regum Norwagiensium*, av Theodoricus monachus, ca. 1180, truleg trøndsk, handskrift frå 1600-talet, omfattar perioden frå Harald Hårfagre til Sigurd Jorsalfare (d. 1130). 2. *Ágrip af Noregs konunga sqgum*, ukjend forfattar, truleg trøndsk, ca. 1190, handskrift frå ca. 1225, omfattar perioden frå Halvdan Svarte til Sigurd Munn (d. 1155). 3. *Saga Óláfs Tryggvasonar*, av Oddr Snorrason, islandsk, på latin ca. 1190, omsett til norrønt seinare, tre handskrift frå ca. 1250–1275, ca. 1270 og ca. 1300, omfattar Olav Tryggvasons liv til han fall i 995.

Ei kjeldekritisk drøfting av kva desse tekstane kan seie om bynamnet Nidaros, ville innehalde følgjande moment: Oddr kjenner trøndske forhold dårlegast. Oddr er den som etter sitt innhald står fjernast i tid. *Ágrip* har det eldste handskriftet, medan handskriftet til Theodoricus er frå 1600-talet. Av Oddr står handskriftet A (AM 310 4°, frå ca. 1250–1275) originalen nærmast. Etter vanleg lære har *Ágrip* og Oddr brukt Theodoricus, og Oddr har brukt *Ágrip*. Alt i alt ville eg vurdere *Ágrip* som den mest pålitelege kjelda i vår samanheng.

I si oppstilling daterer Lockertsen Oddr Snorrasons *Saga Óláfs Tryggvasonar* til 1170–1175, i strid med den vanlege oppfatninga. Referansen er til Peter Footes innleiing til utgåva av *Historia de antiquitate regum Norwagiensium*. På denne måten blir dette verket det eldste av dei tre. Det er etter mitt syn ingen grunn til å fråvike den vanlege dateringa til ca. 1190, og som nemnt reknar vi med at Oddr Snorrason har brukt dei to andre verka.

Merkeleg nok gjev ikkje Lockertsen i oversynet på s. 256 opp tekstforma anten i *Historia de antiquitate regum Norwagiensium* eller i *Ágrip*. Særleg den siste er viktig, og der har teksten *nīþar oss*. Også Oddr si historie har ein skrivemåte med to ord, *Niðar oss*, og ikkje *Niðaróss*, som Lockertsen skriv. Etter mi vurdering kan desse to tekststadene like gjerne vise til osen ved elva Nid som til byen Nidaros. For å kome nærmare ei avgjerd i det spørsmålet må ein sjå på saman- og særskriving elles i tekstane. I alle fall kan det reisast tvil om vi har norrøne former for bynamnet Nidaros frå før 1200.

Når det gjeld latinske kjelder, stiller saka seg annleis. I *Historia de antiquitate regum Norwagiensium* står det - - *locum, qui dicitur Nidrosiensis* - - *nunc vero caput est totius regni* («- den staden som heiter Nidaros - - no er den midtpunktet for heile riket»). Her er det klart at Nidaros er brukt om byen, og dette verket er frå ca. 1180. Den viktigaste latinske kjelda er den såkalla Firenze-lista, Codex Ashburnham 1554q, som m.a. inneheld eit oversyn over dei bispistolane som låg under paven. Dette handskriftet ligg i Firenze, og Lockertsen har ved

sjølvsyn studert det der. Firenze-lista reknar opp dei norske bispebyane Oslo, Bjørgvin og Nidaros, den siste som *Nithirosa*. Seip meinte at namnet Nidaros var skriva med eit lysare blekk og sett inn seinare, etter 1172. Lockertsen gjer eit grundig studium av dokumentet, og gjev ein overtydande argumentasjon for at dette handskriftet er frå 1120-åra, og at bynamnet ikkje er sett inn seinare. Han studerer også den såkalla Leiden-lista, som er ei avskrift av Firenze-lista frå ca. 1160. Også denne inneheld bynamnet Nidaros.

I det såkalla Kassel-handskriftet er det i 1172–1173 skriva inn *vidrosiensis episcopo*. Dette har av Seip blitt tolka som ei feilskrift for *nidrosiensis*, og han meinte at dette var det eldste belegget på bynamnet Nidaros. Lockertsen argumenterer godt mot denne oppfatninga.

I arbeidet med desse latinske kjeldene syner Lockertsen seg som ein svært grundig og solid forskar. Andre har hatt same synspunkta før, men det er han som på ein overtydande måte har gjeve den avgjerande argumentasjonen.

I norrønt kunne *Þróndheimr/Þrándheimr* brukast både som bynamn og som områdenamn. Det er ikkje alltid lett å avgjere om namnet står for det eine eller det andre. Seip meinte at Trondheim var eldre enn Nidaros som bynamn, noko Lockertsen argumenterer sterkt i mot. Han meiner at vi alltid har områdenamnet, fordi «det i kjeldene ikkje kan visast at *Þrándheimr* eksplisitt er brukt som bynamn» (s. 233). Her stiller Lockersten urimeleg strenge krav, for det må i kvart tilfelle vere tale om ei tolking.

Ágrip seier dette om Magnus den gode, som døydd 1047: *lic hans var ført norþr i þrónd heim. oc niþ set i crisz kirkio þar sem faþir hans huilir* («liket hans blei ført nord i Trondheim og sett ned i Kristkyrkja der som far hans kviler»). Etter mi vurdering er det her mest rimeleg at forfattaren nemner den byen der Kristkyrkja ligg, og ikkje området.

Islandske Annaler indtil 1387, utgjevne av Gustav Storm 1888, er ei viktig kjelde til eldre norsk og islandsk historie. Eg kan ikkje sjå at Lockertsen har brukt denne. Etter det eg kan vurdere, finn vi her sikre eksempel på Trondheim brukt som bynamn frå 1206 av. F.eks. er det i *Annales regii* under 1219 ført inn *Boarbrvni i Þróndheimi*, som kan samanliknast med *Boarbrvni i Oslo* under 1223.

Lockertsen diskuterer ei formulering i Magnus Lagabøtes landslov frå 1274 der namnet Trondheim er brukt. Det er tale om kor stor betaling losen skal ha frå Trondheim til Bjørgvin, frå Bjørgvin til Tunsberg, og frå Tunsberg til landsenden. Den mest rimelege tolkinga her er at Trondheim er bynamn, og ikkje områdenamn, som elles ikkje finst i opprekninga.

Lockertsen viser til at fleire latinske utanlandske kjelder nyttar Trondheim som bynamn, frå slutten av 1000-talet og oppover. Dette forklarar han med manglande kjennskap til norsk geografi og norsk namnebruk. Ei slik oppfatning må vel i Poppers ånd kunne kallast immuniseringsstrategi.

Det eldste belegget Lockertsen fører opp, er frå Adam av Bremens *Gesta Hammaburgensis ecclesiae pontificum* frå ca. 1075. Han nemner ikkje at den fjerde boka i dette verket, *Descriptio insularum Aquilonis* har formuleringa *Metropolis civitas Nortmannorum est Trondemnis* («Nordmennene sin hovudstad er Trondheim»). Og ingen kan vel skulde Adam for å mangle kunnskap om helgenbyen Trondheim.

Det nest eldste latinske belegget på Trondheim er frå eit pavebrev (30. november 1154) med stadfesting av Nicolaus Brekespears skiping av erkesetet i Trondheim. Lockertsen viser til Oluf Kolsruds påstand om at pavestolen berre har kjent bynamnet Nithirosa (frå Firenze-lista), og difor har laga nemninga *civitas Trundensis*, «den trøndske byen». Men Lockertsen seier sjølv (s. 229) at dette dokumentet neppe har vore tilgjengeleg for den som skreiv pavebrevet i 1154. Og etter mitt syn er det all grunn til å tru at Nicolaus har teke med seg kunnskap om bynamnet til Roma, og at pavestolen dessutan kjende til Adam av Bremens verk.

Drøftinga over syner såleis at latinske kjelder kjenner bynamnet Trondheim alt frå slutten av 1000-talet.

Det er min konklusjon at dei norrøne kjeldene viser at Trondheim var brukt også som bynamn frå slutten av 1100-talet, og at dette blir styrkt av utanlandske latinske kjelder. Etter Lockertsens syn dukkar Trondheim opp som bynamn fyrst på 1380-talet. Eg kan ikkje sjå at han har forklart korleis denne bruken oppstod, og kvifor denne namneforma har sigra over Nidaros.

Lockertsen diskuterer også om Kaupang kan ha vore namn på byen i eldre tider. Som kjent kan ordet *kaupangr* i norrønt anten vere proprium eller appellativ med tydinga «kjøpstad». I dei norrøne handskriftene kan bruken av stor eller liten forbokstav ikkje avgjere dette spørsmålet. Vi ser då også at forskarane tolkar ulikt. Ordet finst i *Ágrip*, og Bjarni Einarsson tolkar det som proprium, medan Bjarne Fidjestøl reknar det som appellativ.

I ei liste frå ca. 1200 over jordeigedomar som har tilhøyrt Jonskyrkja i Nidaros finn vi formuleringa *J caupange*. Etter samanhengen er det mest truleg at det her er tale om kjøpstaden, ikkje om bynamnet. Teksten er utgjeven i 1889 i *Diplomatarium Norvegicum* XIII 1, og utgjevarane har ikkje teke med denne forma i namneregisteret. Men det har Finn Hødnebø gjort i 1960 i utgåva i *Norske diplomater til og med år 1300*.

Det er mi vurdering at det ikkje finst noko sikkert eksempel i dei norrøne tekstane på at *kaupangr* er brukt som namn på byen Trondheim.

Annleis stiller det seg i latinske kjelder. Rundt 1135 nemner den anglonormanniske historieskrivaren Ordericus Vitalis seks byar i Noreg: Bergen, Tunsberg, Oslo, Sarpsborg og Konghelle, den sjette er *Copenga*. Det synest opplagt at denne sjette byen er Trondheim. Men Lockertsen tenkjer seg at det er meint

Kaupang i Vestfold. Til dette er det å seie at arkeologiske undersøkingar har synt at dette Kaupang slutta å eksistere som by lenge før 1135. Han siterer også det Ordericus seier om Tunsberg, og tolkar det slik at Tunsberg er ein av seks byar som alle ligg på austkysten vend mot Danmark, og meiner difor at Trondheim er utelukka. Til det er det å seie at heller ikkje Bergen høyrer heime i ei slik rekkje. Men Lockertsen har nok mistydd teksten, for det som står, er at Tunsberg er den sjette byen, og den ligg på austkysten.

Mitt syn er såleis at dei norrøne tekstane ikkje gjev noko sikkert eksempel på at Kaupang er brukt som bynamn, men at latinske kjelder gjer det. Men namnet må ha gått tidleg av bruk.

Mot slutten av avhandlinga skriv Lockertsen eit avsnitt om Trondheim versus Trondhjem. Han argumenterer mot Seips tankar om at Trondhjem kunne representere ei heimleg lydutvikling. Eg er samd i Lockertsens konklusjon. Slik eg ser det, er også uttaleformene for både Nidaros og Trondheim bygde på eit litterært grunnlag.

Innleiingsvis har eg stilt opp Lockertsens fem hypotesar. Etter mi vurdering har han greidd å argumentere overtydande berre for nr. 4: Trondhjem som bynamn skuldast dansk påverknad.

Kjeldene viser etter mitt syn at vi på 1100-talet har eksempel på tre ulike bynamn: Trondheim, Nidaros og Kaupang. Kaupang er sjeldsynt, og går tidleg av bruk. Trondheim er tidlegast belagt i ein tekst frå ca. 1075. Nidaros er tidlegast belagt i ein tekst frå 1120-åra, men den kan byggje på eldre førelegg. Byen blei grunnlagd på slutten av 900-talet og har hatt namn lenge før desse overleverte tekstane. Det synest difor å vere uråd å seie noko om kva for eit namn som er eldst.

Roger Lockertsens avhandling er ei grundig og omfattande faghistorisk og språkhistorisk avhandling om namnet på byen Trondheim. Han har lagt ned eit stort arbeid i å finne fram til faglege innlegg, og har gjort sjølvstendige undersøkingar av eldre kjelder. I drøftingane går han stundom for langt i å avvise Seips påstandar, og eg er usamd i fleire av hans vurderingar. I hovudsak byggjer han på det andre forskarar har kome fram til, men han gjev eit sikrare grunnlag for nokre konklusjonar. Arbeidet med Firenze-lista er eit solid stykke vitskap. Alt i alt har han lagt eit godt grunnlag for dei som vil arbeide vidare med dette emnet.

Svar frå doktorand Roger Lockertsen

Exordium

I ein disputas går opponentane til åtak med førebudde innlegg, doktoranden må ta det på ståande fot. Sjangeren disputas inneber *diskusjon*, så ingen av innlegga her er skrivne fullt ut slik dei var framførte, og underskrivne gjev her eit meir utføleg svar enn det som blei framført under disputasen. Doktoranden takkar komiteen – Vibeke Dalberg, Magnus Rindal og Oddvar Nes – for grundige, men ikkje grunnleggande, opposisjonar mot avhandlinga. Doktoranden vil òg nytte høvet til å takke Universitetet i Bergen for oppnemninga av ein komité som ingen kan stille spørsmålsteikn ved når det gjeld dugleik. Rolla for doktoranden i ein disputas er først å svare på innvendingar frå den vørde førsteopponenten, deretter den vørde andreopponenten.

1. Svar til førsteopponent Vibeke Dalberg, Københavns Universitet

1.1 Namneteorien sin plass

Førsteopponenten er mellom dei fremste namneteoretikarane i verda. Doktoranden sin fagbakgrunn er språkhistoria innafor nordistikken, altså ikkje primært onomastikk. Det er såleis ei særleg gleda for doktoranden å konstatere at førsteopponenten finn det namneteoretiske arbeidet i avhandlinga vel gjennomført. Førsteopponenten ønskjer seg meir namneteori i avhandlinga, og ho peikar på faglitteratur innafor onomastikken som kunne ha vore til nytte. Til det sistnemnde skal det dels takkast for opplysning, dels skal mangel på bruk av noko av den nemnde faglitteraturen forklarast med avgrensinga av avhandlinga. Doktoranden er innforstått med at fleire av dei onomastiske teoriene er omdiskuterte, og i avhandlinga blir dei *implisitt* tatt stilling til. Doktoranden fokuserer på *bruken* av teoriene relatert til det empiriske materialet, og tek *såleis* stilling til om teoriene held eller ikkje.

Kor mykje og kva slag namneteori trengst det for å svare på hypotesane i denne avhandlinga? Slik står utfordringa for doktoranden. Svaret må då ta utgangspunkt i hypotesane, dernest må dei faglege rammene – språkhistoria og faghistoria – vere med på å gjere avgrensinga. Når språkhistoria er nemnd først i undertittelen på avhandlinga, så er det ei kvalitativ vurdering; dette er *primært* ei språkhistorisk avhandling. Det faghistoriske stoffet i kapittel 2 og 3 er eit bakteppe for kapittel 4. Desse faghistoriske kapitla karakteriserer førsteopponenten som «denne udmærkede analyse», og andreopponenten som «eit solid stykke handverk» og eit «grundig oversyn», og som resultat av eit «stort arbeid». For den som har brukt årevis på dette arbeidet, og opplevd empiri- og synteseslitet med desse kapitla i eit utal fasettar, er det ei ekstra stor gleda og æra å ta imot kvalifisert vellæte over resultatet.

Hypotesane i kapittel 4 krev *onomastisk* teori på følgjande vis: Hypotese 1 (s. 83) påstår at *Nidaros* er eldste lokale og norske bynamnet. Teori om *alder på namn* blir då viktig. Hypotese 3 påstår at det ikkje skjedde noko namneskifte for byen i 1172, og teori om *namneskifte* er sjølvsgt relevant her. Hypotese 4 påstår at *kaupang* ikkje er eit proprium, men eit appellativ. Denne hypotesen går rett inn i kjernen av onomastisk grunnlagsdebatt, nemleg *definisjon av proprium*. Hypotese 5 påstår at *Trondheim* er berre områdenamn i norrøne kjelder fram til ca. 1400. Det særleine ved områdenamn kontra bynamn – altså *namnety-pologi* – blir då viktig for drøftingane. Hypotese 7 påstår at forma *Trondhjem* i utgangspunktet var eit dansk *eksonym* for *Brándheimr*.

Den onomastiske teorien står ikkje isolert, for det er på bakgrunn av den faghistoriske oppsummeringa til slutt i kapittel 3 at hypotesane blir reformulerte og utvida. Som ei følgja av dette har kapittel 4. *Nyare forskning og ny teori* som første underkapittel 4.1 *Onomastisk teori og dateringsmetode*. Tittelen er å forstå slik at det her berre er tale om den onomastiske teorien som er relevant for hypotesane. Derfor følgjer desse underkapitla: 4.1.1. *Namnetolkingar*, 4.1.2. *Frå naturnamn til bynamn*, 4.1.3 *Aldersbestemming av namn*, 4.1.4 *Overleveringsmåtar og mangel på overleveringar*, 4.1.5 *Propriumsdefinisjon og leksikalisering* og 4.1.6 *Konkurrerande namn, leksikalisering og stadnamnskifte*. Dei to siste underkapitla er dei fyldigaste, dels fordi dei er grunnleggande og avgjerande viktige for fleire av hypotesane, dels fordi det på desse felta er meir *relevant* onomastisk teori å finne. Når dette er sagt, er det likevel grunn til å legge til at det ikkje er opplagt at framstillinga burde vere *så* kort som ho er.

1.2 Namnetolking

Namnetolking er det sentrale feltet for onomastikken, men i denne avhandlinga står ikkje det så sentralt som tolking av *namnebruk*. Dels er tydinga av *Nidaros* og *kaupang* uproblematisk, dels er tolkinga av *Trond-* i *Trondheim* bygd på tesar som berre i svak grad kan sannsynleggjerast. I slike tilfelle får ein halde seg til dei tolkingane det er konsensus om, dersom ein då ikkje kan tilføre nye alternative tolkingar – eventuelt finne betre argument for eldre alternative tolkingar. Tolkingane i *Norsk Stadnamnleksikon* er det konsensus om.

Når det gjeld diskusjonen om både forleddet og etterleddet til namnet *Trondheim*, er doktoranden samd i innvendingane frå førsteopponenten, men doktoranden vil forsvare disposisjonen av analysen. Doktoranden har funne det mest oversynleg å presentere all namneteori for seg – så kort som råd – for så å komme tilbake til dei problematiske sidene ved tolkinga av namna og namnebruken når det er aktuelt i høve til hypotesane. Men drøftingane av *-heim* og *Trondheim* burde vore knytte saman med ei tilvising, slik førsteopponenten etterlyser. Doktoranden er klart samd i at parallellen til områdenamnet *Böhmen*

burde vore nemnd i analysen, og bruk av nordisk og annan europeisk faglitteratur om *heim*-namn – ikkje berre norsk – hadde òg styrkt analysen. I Alsace t.d. finst ei mengd *heim*-namn, og tysk og fransk namneforskning kan ha komme til resultat med overføringsverdi.

I denne samanhengen vil doktoranden vise til at det manglar ein grundig nyare analyse av *heim*-namna i Noreg. Ein tilsvarande analyse av *heim*-namn som professor Inge Særheim (2001) si avhandling om *land*-namn, ville vonleg gje oss nye kunnskapar om denne namnetypen, men kanskje ikkje om *Trondheim*, sidan det er einaste norske *områdenamn* på *-heim* og ikkje eitt mellom fleire, slik førsteopponenten korrigerer både doktoranden og Magnus Olsen (1926). Problematiseringa av tolkinga av namnet/nemnet *kaupang* er det berre å takke for. I den samanhengen vil doktoranden legge til at utviklinga i forskninga gjer at stadig fleire artiklar i det store verket *Kulturhistorisk Leksikon for Nordisk Middelalder* etter kvart går noko ut på dato.

1.3 Den semantiske trekanten – naturnamn, bynamn og aldersbestemming

Namnetolkingar kan gå i etymologisk og/eller semantisk retning. Doktoranden sine vesentlege utfordringar er knytte til det semantiske feltet. Førsteopponenten problematiserer og reiser tvil om ein semantisk trekant kan illustrere forholdet mellom språkleg uttrykk, denotatum og denotasjon. I onomastikken nyttar mange omgrepet *denotatum* for det som elles i fagtradisjonen kring Ogden og Richards trekant blir kalla *referent*. Dette er ei av mange tilpassingar den semantiske trekanten har blitt utsett for, i ein stor litteratur innafor pragmatikk, stilistikk, retorikk – og altså onomastikk.

For namn er referansen ofte dobbel; ein geografisk og ein tenkt storleik – ein idé om ei eining – slik at vi har å gjere med ulik referansemåte til same referent. Eit slikt skilje skal vi her la tilsvare skiljet *referent* – *denotatum*. Førsteopponenten viser til Gordon Albøge (1976) som legg vekt på at namn framstår med eitt teiknuttrykk, men med to teikninnhald, og dei er kombinatorisk knytte til kvarandre. Dermed kan ein differensiere og tale om ein *ytre referent* kontra ein *indre referent* (Albøge 1976: 145f).

Bruken av trekanten i avhandlinga (s. 85) tek ikkje utgangspunkt i den onomastiske tradisjonen, men den pragmatiske og retoriske. Sidan denne trekanten er ei namneteoretisk framstilling av namnesemantikk, inneber det at doktoranden meiner ein slik semantikk i alle fall finst på metanivå. Framstillinga må dessutan lesast som ei vidareføring av dei semantiske matrisene frå faghistoria i kap. 3.13. I avhandlinga framstår *Nidaros* både som referanse og denotatum for byen og elveosen. Her har doktoranden tenkt for mykje geografi og for lite onomastikk. I mellomalderen går bygrensa frå elvemunningen og opp til *Nidararnes* – om lag til den noverande muren nord for Nidaros domkyrkja. No kan

ein hevde at elveosen må avgrensast til den siste biten av land og/eller sandmælen, der elva sluttar og Trondheimsfjorden er eit faktum. Ein så snever bruk av naturnamnet *Niðaróss* før det blei bynamn kan vi derimot ikkje rekne med. Det var i førhistorisk tid ferdsløse over Nidelva med båt og seinare bru, og dette er utgangspunktet for busetnaden som utviklar seg til by. *Skipakrok*, staden der ein trur byen utvikla seg utifrå, ligg eit godt stykke opp i elveosen, jamvel ut frå havnivået år 997.

Førsteopponenten peikar på at bystatusen gjev eit *nytt* denotatum for namnet; *byen Nidaros*. Den ytre referenten, den geografiske plasseringa, er den same som då *Nidaros* var eit naturnamn. *Nidaros* som naturnamn og som bynamn har såleis same referanse, men ikkje same denotatum. Verknadene av eit slikt skilje mellom referent og denotatum er først og fremst ein meir spesifikk onomastisk analyse. Ved namnet *Nidaros* vil då både denotasjon/tanke/tyding i øvre spiss av trekanten og denotatum/referent i nedre høgare spiss bli *byen*, men for denotatum sin del spesifisert nærmare til *byen Nidaros*.

Om det er tale om ei medveten namnegjeving frå kong Olav Tryggvason, eller om det er uttrykk for «navneoverførsel fra naturlokalitet til bebyggelse», er etter mitt syn ikkje ein viktig motsetnad. Dersom kongen har utført språkhandlinga namnegjeving, så har han i alle fall overført det stadnamnet som lokaliteten alt hadde. Han gav ikkje eit namn av typen *Olaviana* (jf. *Christiania* for *Oslo* 600 år seinare), men stadfesta og utvikla vidare det språklege uttrykket som gjaldt og fungerte mellom namnebrukarane lenge før 997.

Doktoranden har forståing for innvendinga om at underkapittel 4.1.3 *Aldersbestemming av namn* ikkje svarer til «den meget brede titel». Dei vitenskaplege metodane for slik aldersbestemming; tolking, ordidentifikasjon, kontekstanalyse og språkhistorisk kontekstanalyse, er alle nemnde i underkapitlet. Det er rett nok gjort ultrakort, men igjen er det formålet for avhandlinga som har vore avgjerande. Dei nemnde vitenskaplege metodane tek doktoranden så i bruk i den etterfølgjande analysen.

1.4 Propriumsdefinisjon

Verken første- eller andreopponenten opponerer imot at doktoranden følgjer Kristin Bakken sin definisjon av proprium (s. 88f). Førsteopponenten peikar i tillegg på at leksikalisering og proprialisering ikkje utan vidare kan sidestilla som fenomen, og doktoranden sluttar seg til det synet. Doktoranden viser i avhandlinga (s. 89) til Terhi Ainala (1998) sin teori om proprialisering og peikar på kva han inneber; at *kaupang* ikkje kan ha vore brukt av den einskilde språkbrukaren både som appellativ og proprium – underforstått: i same språkhandlinga.

Dette står likevel ikkje i motsetnad til at overgangen frå appellativ til pro-

prium kan vere «en gradvis forløbende proces» i den forstand at ein og same språkbrukaren *til ulike tider* kan bruke ordet som appellativ og proprium. Dette finst det mange parallellar til ved ord/namn som vika/Vika, neset/Neset osv. Opphavleg er ordet appellativ, deretter blir det på eit visst utviklingssteg demotivert som appellativ og monoreferensielt – altså proprium. Dette kan – som anna språkending – både skje ved vakling hos den enkelte språkbrukaren og ved generasjonsskifte. Her er sosiolingvistikken den vitskapsgreina som onomastikken kan hente teori frå.

1.5 Namneskifte – *Trondheim* som bynamn

Onomastisk teori om konkurranse mellom namn og teori om namneskifte er i avhandlinga primært aktuelt ved namneskiftet *Nidaros – Trondheim*. Eit namneskifte frå *Trondheim* til *Trøndelag* som områdenamn er *ikkje* tema for denne avhandlinga, noko som burde vore meir eksplisitt nemnt. Dette skiftet går føre seg samtidig med at *Nidaros* går av bruk og *Trondheim* kjem i bruk som bynamn. *Trøndelag* og *Trondhiems Amt* overtar rolla som områdenamn. Områdenamnet blir altså erstatta av eit opphavleg lovområdenamn, og dermed er det framleis namneskilje mellom bynamn og områdenamn etter kvart som områdenamnet *Trondheim* overtar rolla og dermed denotatum til bynamnet *Nidaros*.

På spørsmålet om (låg)tyske former som *Druntheim* og *Drunten* kan vere lånte inn som områdenamn eller som bynamn, er det ikkje lett å svare ut frå kjende kjelder. Ei sondering i nedertyske og nederlandske kjelder kunne gje interessante funn, men det er i alle fall slik at *Trondheim* som bynamn har ein tysk tradisjon heilt frå Adam av Bremen (1075). Namneforma hans er *Trondemnis*, og med eit så stort grafematisk og lingvistisk skilje til formene *Druntheim* og *Drunten* må vi rekne med ulike innlån og tradingar av namneformene. Ein parallell har vi i kuriens to former av *Nidaros*-namnet, *Nithirosa* (1120) og *Nidrosia* (1192).

Namnesemantikken inkluderer historiske førestellingar. Når det gjeld kva lokalitet handelsfolk hadde bruk for å kommunisere om, så er *byen* staden der det skal handlast. Doktoranden drøftar i kap. 4.4.3.5. påstått bruk av *Trondheim* som bynamn i engelske tollrullar, og legg der vekt på at *tømmer* var handelsvara. Realhistorisk sett måtte skog hoggast andre stader enn i byen. Ein må rekne det som svært sannsynleg at namnet på området som *handelsvara* kom frå, var av minst like så stor interesse i kommunikasjonen som kva stad *båten* kom frå. Ut frå navigasjonsreiskapane ein rådde over *før* 1700-talet – då lengde og breiddegradene blei oppfunne – trong sjøfarande først og fremst å vite korleis dei skulle komme seg inn Trondheimsfjorden, når dei skulle til *Nidaros*. Områdenamnet kunne dermed vere viktigare enn det eksakte stadnamnet.

Her vil doktoranden lansere ei alternativ tolking av *Lende de Thorenden* i

forlenging av drøftinga i avhandlinga (s. 206 f.). I dette uttrykket har vi å gjere med eit under- og eit overtyponym – eit stadnamn og eit områdenamn. *Lade* låg i mellomalderen eit godt stykke utafør byen, men i *Strindafylket* som soknar til distriktet/området *Trondheimen*. Ei mykje meir rimeleg tolking, både realhistorisk og lingvistisk, enn den at *Thorenden* skulle vere bynamn på *Nidaros*, er at denotatum er ladestaden *Lade (Hlaðir)* i *Trondheimen*.

2. Svar til andreopponent Magnus Rindal, Universitetet i Oslo

Andreopponent Magnus Rindal byrjar opposisjonen med å sitere Oddr Snorrason Munk si saga om Olav Tryggvason. Som ekspert i eldre målsoga og norrønt, med omsetjing av nettopp Oddr Snorrason Munk til moderne norsk på merittlista, er det rimeleg at andreopponenten er særleg oppteken av denne og andre *norrøne* kjelder.

Om Trondheim skal reknast som eldre by enn 997 etter nyare arkeologiske granskingar, slik andreopponenten nemner, er ikkje del av formålet med denne avhandlinga. I kapittel 4.5. set doktoranden opp ulike semantiske drag ved omgrepet by. Mitt krav til drøfting av alderen på byar er: Skaff først konsensus om kva semantiske drag som skal vere kriterium for omgrepet by, finn deretter ut korleis og til kva tid Trondheim svarar til desse kriteria. I faghistoria er det i alle fall *full semja* om at Trondheim skal reknast som by frå 1070-talet, og det er *konsensus* om at bystatusen tek til i 997. Byen har i alle tilfelle lege ved osen av elva *Nid*. Namnet har derfor vore *Nidaros*.

2.1 Teori og metode

Andreopponenten skriv det er hans syn at det er stor skilnad i metodiske utfordringar ved bruk av mellomaldertekstar og tekstar frå 1900-talet. Slik er det, og det står ikkje i motsetnad til sitatet andreopponenten tek frå kap 1.2. *Metode – kontekst og disposisjonsmerknader*. Doktoranden har aldri hevda at det er dei *same* vitenskaplege problema som melder seg. Tvert om er denne erkjenninga grunnlaget for at doktoranden måtte gå *ad fontes* og grave fram sjølve grunnlagskjeldene for diskusjonen på 1920-talet.

Andreopponenten skriv at doktoranden «vil halde seg til» dei krava som filosofen og vitenskapsteoretikaren Karl Popper har formulert. Dette er ikkje ei presis attgjeving av det doktoranden faktisk skriv i kapittel 1.1. (s. 12), nemleg at han «stør seg på» Popper sine vitenskapsteoretiske krav. Her kunne andreopponenten ha skrivi som førsteopponenten, at doktoranden er «inspireret af Karl Poppers videnskabsteori». Dê er presist attgjeve, for i kap. 1.3. skriv jo doktoranden at han *ikkje* vil gje noka «generell tilslutning til Poppers vitenskapsteori som alltid relevant for humaniora» (s. 16). Dessutan sluttar doktoranden seg til Odd Einar Haugen (1984:13 f.) som meiner den hypotetisk-deduktive metoden mykje vel

kan *sameinast* med ei hermeneutisk tilnærming. Doktoranden skriv tydeleg og greitt at han vil «forsøke å følge Haugen si tilrettelegging av Popper sine krav til vitenskap og vitenskapleg metode» (s. 17), og doktoranden skriv i metodekapitlet at han i den faghistoriske framstillinga skal gje ein systematikk over usemjene mellom ulike *forståingshorisontar* (s. 14) – i all hovudsak Seip kontra Indrebø. Vitenskapsteoretisk er dei demarkasjonskriteria som Haugen har lagt fram i fleire arbeid, no ganske velkjende. I avhandlinga blir det for første gong vurdert om Seip sine konklusjonar om namnet på byen Trondheim, held for gransking etter *slike* prinsipp.

I høve til andre avhandlingar kan nok teori- og metodekapitlet kritiserast for å vere kort, men doktoranden finn ikkje grunn til *eksplisitt* å markere at teori og metode frå innleiingskapitlet framleis blir følgt utover i avhandlinga. Historikaren Jens Arup Seip pla seie at ein må rive ned dei stillasa ein har nytta, for å vise byggverket. Men doktoranden *kunne* vore både meir detaljert, meir drøftande og referert til meir vitenskapsteoretisk litteratur. Kor stort omfanget av dette bør vere, er eit diskutabelt og stundom eit motespørsmål innafor vitenskapsverda. Mitt poeng er å posisjonere dei vitenskaplege utfordringane i feltet for så å analysere.

Etter Popper skal ein ikkje berre studere dokumentasjonen, men òg rammene dokumentasjonen skal forståast innafor. Dersom ikkje forklaringsrammene er gode nok, så må dei vekk. Dokumentasjonen (her: dokumenta) må få komme fram på nytt. Då kan vi ikkje halde fram med å dyrke Didrik Arup Seip sitt rammeverk frå 1920-talet, for i dag gjeld andre reglar for dokumentering og forklaring. Teoriar bør såleis behandlast med «Ockhams barberkniv»: Når ulike teoriar elles står i same stoda, skal ein velje den som krev færrest antakingar og unntak. Den enklaste forklaringa, den som ikkje postulerer særlege tilhøve, og som forklarar flest faktorar på ein gong, er den som er mest vitenskapleg. For oss skal derfor dei best grunngeevne resonnementa, gjennom analyse av det reelle språkhistoriske grunnlaget, gjelde som dei sikraste. Rasjonell kritikk og feileliminering er grunnleggande (s. 13 f.), og doktoranden spør derfor ikkje etter kva ulike funn og fenomen *kunne* vere, men kva dei *er*. Han stiller krav til svaret som inneber demarkasjon av kva som er vitenskap og ikkje. Popper kjem doktoranden eksplisitt tilbake til i oppsummeringskapittel 5.1.

Andreopponenten etterlyser ei samla framstilling av kjeldene, men for doktoranden sitt formål er oversynet i skjemaet s. 226 godt nok. Overordna er kva kjelder med bynamnet som moglegvis, sannsynlegvis eller beviseleg er *eldst*, og kjelder etter 1190-åra er jamt over av mindre verd for hypotesane. Den eldste norrøne kjelda med bynamnet *Nidaros* kan vere *Sverressoga* som truleg har interpolasjonar frå *Hryggjarstykki*, som *kan* vere frå 1170 (jf. s. 104 f.). Dette er berre hypotetisk mogleg, og svar på hypotesar med nye hypotesar er til lita vitenskapleg nytte. Doktoranden har derfor ikkje vilja føre opp hypotetiske funn

i det samla kjeldeoversynet. Dette kunne gjerne vore gjort tydelegare i avhandlinga.

Doktoranden kunne på den andre sida gjere som andreopponenten elles etterlyser: stilt mindre strenge krav til vitskapsdemarkasjon. Dersom doktoranden hadde følgd norrønfilologar sine til tider vidløftige tolkingar av det ikkje-eksisterande *Hryggjarstykki* og alle påstandar om interpolasjonar av denne ikkje-eksistensen, ville han her faktisk hatt ei norrøn kjelda med kvalitativ *parallel* til den latinske Firenze-lista. Doktoranden har i staden i høgste grad – og meir enn andreopponenten – vore kritisk til om vi har *overlevert* norrøne former for bynamnet *Nidaros* frå før 1200.

Ein eigen analyse av særskriving og samanskriving av samansette namn hos Oddr Snorrason Munk må gjerast, for «Niðar oss» kan like gjerne vise til «osen ved elva Nid som til byen Nidaros», skriv andreopponenten. I opninga av opposisjonen siterer han sjølv Oddr Snorrason Munk som skriv at dei sjøfarande sigla inn om «Agða nes oc til Niðar oss». Namna er begge særskrivne, og dei er begge *proprium*.

Argumentasjonen i analysen av Firenze-lista (1120), Leiden-lista (1160) og Kassel-handskriftet (1172) er god og overtydande. Doktoranden syner seg som ein svært grundig og solid forskar og har ein avgjerande argumentasjon i analysen av desse latinske kjeldene, skriv opponenten. Desse orda takkar doktoranden visseleg for, men vil legge til at dette har visse *implikasjonar*. Det er nemleg desse kjeldene som gjev avgjerande argumentasjon – av både sikker, sannsynleg og mogleg karakter – for å kunne vurdere kva bynamn som er eldst – også heime i Noreg.

Doktoranden seier seg samd i at ein bør sitere frå originalutgåver og frå standardverk, og Popper burde såleis ha vore sitert frå *The Logic of Scientific Discovery* og ikkje frå den norske omsetjinga av utvalde Popper-essay. Er det då nokon konflikt mellom desse essaya og *The Logic of Scientific Discovery*? Mange tekstar i essaysamlinga drøftar haldningar til vitskap, særleg korleis *perspektiv* kjem til. *The Logic of Scientific Discovery*, som først blei gjeven ut om lag 20 år etter at boka var skriven, drøftar likevel grundigare enn essayet det metodiske problemet som sidan er mest kjent under namnet «falsifikasjonisme».

Seinare vitskapsteoretikarar har vist at Popper var noko for optimistisk i trua på at falsifiseringsprosessen skaffar fram nye teoriar. Både sosiale og subjektive faktorar kan gjere falsifisering i seg sjølv vanskelegare enn Popper heldt det for å vere, men det var då likevel han som inspirerte etterfølgjarane til å vise slikt. Verdien av Popper sine synsmåtar er at med «vitskapleg metode» kan ein berre prove partikulære poeng, ikkje allmenne påstandar. Derfor er det å eliminere feilslutningar steg for steg starten på den vitskaplege prosessen.

Når det gjeld omfanget av teori- og metodedrøftingane, så er det mykje

enklare å skrive lange og problematiserende vurderingar, gjerne i retning lange parafasrar, enn å uttrykke teorien kort og bart – for ikkje å seie haldbart. Mange har noko unøyaktig sagt at Popper stod på skuldrene til positivistane. Sjølv rekna han seg som kritisk rasjonalist og meinte at observasjonane til positivistane løyste seg opp eller frå einannan. Botemidlet var å granske korleis ein kunne argumentere for kva som metodisk hang eller ikkje hang saman av ulike observasjonar. Same kva ein måtte meine om opphavet til Popper si vitenskapstenking, kan ein verken kritisere han eller positivistane for å stille små krav til dokumentasjon og metode.

Popper har i bøkene sine mange gode historiske døme på feilslutningar. Når ein lagar store generaliseringar bygd på anten laust samansette observasjonar, det ein trur er sikker personleg kunnskap, eller når ein har laga tolkingar ut frå manglande prov eller ut frå svært tidsbundne forståingsformer, endar ein *utafor* vitenskapen. For dermed tolkar forskaren meir *inn i* enn *ut av* materialet. Vitenskapsteorien frå Popper har gjort doktoranden betre i stand til å sjå kva som svikta i generaliseringar som einskildforskarar for 70–80 år sidan gjorde.

2.2 *Trondheim* som område- eller bynamn i dei eldste kjeldene?

2.2.1 *Dei eldste norrøne kjeldene*

Frå mellomnorsk tid blir *Trondheim* brukt som bynamn i norske kjelder, men er *Trondheim* bynamn alt i dei eldste norrøne kjeldene? I tre tilfelle er svaret ja hos andreopponenten. Belegga er for det første eit sitat frå *Ágrip*, for det andre ein parallell uttrykksmåte i *Islandske Annaler indtil 1578*. (Her må det nemnast at andreopponenten har mislese årstalet og skriv 1387.) Det tredje belegget er ei oppramsing av namn i *Magnus Lagabøtes landslov* der han tolkar eitt funn av *Trondheim* som bynamn.

Andreopponenten skriv at namnetolkingane avheng av propriumsdefinisjon, men ein slik definisjon finn han *ikkje* grunn til å komme med sjølv. Det er ut frå konteksten han tolkar tre tilfelle av *Trondheim* som spesifikt bynamn og ikkje områdenamn. Seinare, og som vi skal komme til, skil han mellom funn av kaupang som appellativ og proprium. Heile denne onomastiske ryddinga gjer andreopponenten utan framlagd propriumsdefinisjon.

Før vi analyserer dei tre døma, skal vi sjå nærmare på ulik kontekstuell plassering av områdenamnet *Trondheim* i norrøne kjelder. Aller først er det grunn til å minne om at hovudfunksjonen til stadnamn er å identifisere ein stad – vere monoreferensielle, altså vere ei adressa. Denne identifikasjonen og referansen er hovudsaka – det språklege uttrykket er arbitrært. Indrebø fann *Trondheim* og *Nidaros* skrivne i mange ulike kontekstar i diplomatariet, jf. avhandlinga s. 112. Nedanfor har doktoranden sortert i grupper ulike kontekstuelle nemningar knytt til namna *Trondheim*, *Nidaros* eller begge to.

<i>Trondheim</i>	<i>Nidaros</i>	Begge
Predikeklosteret	Maria-spitalen	Erkebiskop
Erkebispedømmet	Ilevollen	Svartbrørklosteret
Stutsgarden	Erkebispestolen	Erkebispegarden
Gudriks garden	Skolemeistrar	Domkyrkja
Spitalen	Capitelet	Decanus
Kannikar	Mariakyrkja	Søvnherberget
Erkedeknen	Allmenningen	Korsbrørne
Lagmannen	Officialis	Rådmennene
Byfuten		

Tyder dette at *Trondheim* er bynamn brukt ved kontekstnemningane i kolonne ein, *Nidaros* i kolonne to og at ved dei ulike kontekstane i kolonne tre (men ikkje elles) kan det brukast to bynamn? Ei mykje enklare forklaring er at *Trondheim* har denotatum *område*, *Nidaros* denotatum som *by*. Referansen er likevel ein tydig nok i kommunikasjonssituasjonen, dvs. *monoreferensiell*. Områdenamnet knytt kontekstuellt til nemninga *byfuten* tilfredsstillar kravet om monoreferanse, slik det òg ville gjort i t.d. konteksten *bybrann*. Det er ikkje nok å vise til at *Trondheim* er proprium for å kunne bokføre det som bynamn – *denotatum* til namnet blir avgjerande, og det er *området* og ikkje *berre* byen. Noko anna er at referansane, den geografiske plasseringa av dei kontekstuelle nemningane, alle er innafor bygrensa.

Problematikken blir ekstra finstilt ved lagmannen. Der var til tider to: Ein for byen *Nidaros* og ein for *Trondheimen*, og dei skreiv seg derfor lagmann i høvesvis *Nidaros* og *Trondheim*. Etter svartedauden blir det ein felles lagmann, og rimelegvis kallar han seg for lagmann for heile *Trondheimen*. Det hadde altså *ikkje* skjedd noko namneskifte.

Namnementaltitet – også den som avvik frå tradisjonen – må behandlast vitskapleg gjennom kontekstanalyse (s. 89). Når vi ikkje kan legge fram noko empirisk om demotivering av opphavleg denotatum for *området Trondheimen* 1000 år tilbake i tida, må vi vakte oss særleg vel for å overføre notidas namnentalitet til mellomalderen. La oss derfor eksperimentere med å byte ut *Nidaros* med *Levanger* som referanse og late som om sistnemnde var by. Ingen ville rekne *Þrándheimr* som bynamn på Levanger om det hadde stått i dei eldste kjeldene at liket av St. Olav blei sett ned i Alstadhaug-kyrkja i *Þrándheimr*. Å

tolke namneskifte, dobbelt sett bynamn eller 1900-talets namnekonvensjon inn i kjeldene på denne måten fører rakt inn i fiksjon – ikkje til vitskap.

2.2.1.1 Ágrip

At forfattaren av Ágrip «nemner den byen der Kristkyrkja ligg» er heilt rett, men så kjem andreopponenten med ei feilkopling; «og *ikkje* området» (mi kursivering). Idiomatiske uttrykk som *Kristkyrkja i Trondheimen* er monoreferensielle – det fanst berre éi slik kyrkja i området. Det kan bytast ut med namnet *Nidaros* og har då same referanse, men ikkje same denotatum. Denne typen uttrykksmåte – *totum pro parte* – er heilt vanleg i hagiografien, i andre mellomalderkjelder og er ein velkjend uttrykksmåte i dag òg. Når folk på Austlandet seier at ein person er frå Nord-Noreg, og alle veit han er frå *Tromsø*, impliserer det *ikkje* at *Nord-Noreg* er blitt nytt bynamn på *Perla i Hålogaland*.

I tilfellet Ágrip – ei kjelda både doktoranden og andreopponenten meiner er særleg viktig – er det dessutan slik at *Nidaros* er belagt som bynamn. Om då *Trondheim* òg er bynamn i denne kjelda, må andreopponenten vere gild å forklare korfor forfattaren/skrivaren har trong til å bruke *to* namn på denne byen. Det er ikkje noko problem for doktoranden sin teori; det eine er bynamn, det andre er områdenamn. Teori og tolking hos andreopponenten produserer altså komplikasjonar som teorien hos doktoranden *ikkje* produserer. Derfor kan doktoranden trygt halde fast ved si eiga tolking.

2.2.1.2 Islandske Annaler indtil 1578

Andreopponenten viser til at det i *Annales regii i Islandske Annaler indtil 1578* for året 1219 er skrive om *bybrann* i *Trondheim*. Konteksten skal vise at *Trondheim* må vere bynamn her. For året 1223 står det merknad om *bybrann* i *Oslo*, og dermed har vi ein parallell til både by, brann og namn, meiner andreopponenten. Mot dette vil doktoranden sjølv argumentere med ein parallell: Når det i *Annales Reseniani* for året 1153 står «Erki stoll com i Noreg», og alle veit at han kom til *Nidaros*, så er ikkje *Noreg* gjennom dette funnet blitt alternativt, valfritt bynamn. Slik *Trondheim* er ein måte å uttrykke *totum pro parte* på, er *Noreg* det same – berre med ein meir utvida geografi. Stadnemninga kan uttrykkast på tre nivå; byen, området, riket – referansen er den same, men ikkje denotatum.

Det er jamvel konteksten *bybrann* som forklarar korfor *områdenamnet* kan nyttast, for konteksten viser eintydig kor i *Trondheimen* hendinga skjedde; i den einaste byen i området. Vi treng heller ikkje her ein teori om alternativt og valfritt bynamn for å forklare namneførekomen. I avhandlinga (s. 99) viser doktoranden korleis lause eller vantande krav til bynamndefinisjon saman med kritikklause aksept av Seip-teorien om *Trondheim* som bynamn hos Kari Ellen Gade, impliserer at både *Noreg* og *heim* endar i kategorien bynamn.

Også ved denne kjelda må andreopponenten forklare korfor forfattar/skrivar har hatt trong til å bruke to bynamn. I den same *Annales regii*, der andreopponenten meiner å ha funne bynamnet *Trondheim* dokumentert i 1219, finn vi vakkert dokumentert bynamnet *Nidaros* i åra 1152, 1165, 1195, 1203, 1205, 1230, 1234 osv. I *Skálholts-Annaler* for 1328 har vi jamvel dokumentert at forfattaren eksplisitt skil mellom bynamnet *Nidaros* og områdenamnet *Trondheim* nettopp når konteksten er bybrann: «Brann kristz kirkia í Niðar osi j Þrandheime». Konklusjonen må bli at vi finn same distribusjon av namna *Nidaros* og *Trondheim* i *Islandske Annaler indtil 1578* som vi elles finn i dei eldste kjeldene: *Nidaros* er bynamnet, *Trondheim* er områdenamnet.

2.2.1.3 Magnus Lagbøtes landslov

Det tredje dømet på *Trondheim* som bynamn i eldre norrøne kjelder, meiner andreopponenten å finne i *Magnus Lagabøtes landslov* frå 1274. Sidan det ikkje finst andre områdenamn nemnde i oppramsinga av *Trondheim*, *Bjørgvin*, *Tunsberg* og landsenden, må *Trondheim* vere bynamn. Påstanden inneber: Når *Trondheim*, to bynamn og landsenden er nemnde i ei oppramsing, må *Trondheim* vere bynamn og kan ikkje ha opphavleg denotatum som områdenamn. Andreopponenten kan då ikkje vere fornøgd med analysen i avhandlinga av dette namnefunnet (s. 198 f.), og vi skal derfor gå djupare inn i problemet.

Andreopponenten set fram tesen om oppramsingstvang som ein allmenn påstand. Vi må då teste påstanden mot andre og parallelle oppramsingar, særleg i eldre norrøne kjelder. Andreopponenten sin jukstaposisjons-metode resulterer då i førekomstar av ei urovekkande stor mengd byar i Noreg i mellomalderen. Han treng berre gå til siste ordet i oppramsinga; landsenden, for dersom oppramsing av *Bjørgvin* og *Tunsberg* er det som trengst for å tvinge ordet framom til å vere bynamn, så tvingar oppramsinga ordet *attafor* i oppramsinga òg til å vere bynamn. Andreopponenten finn det dessutan problematisk at eit område-namn ville blitt ståande *aleine* mellom bynamn i ei oppramsing. For doktoranden er det heilt uproblematisk. Ei oppramsing av stader med denne ordfølgja; eit områdenamn, to bynamn og eit appellativ (ev. eit proprium) er då visseleg ikkje umogleg – korkje logisk eller syntaktisk. I tillegg er *Nidaros* dokumentert som bynamn i landsloven, jamvel på same sida som det omdiskuterte *Trondheimsfunnet*. For tredje gong må andreopponenten forklare korfor forfattaren/skrivaren treng å nytte to bynamn.

2.2.1.4 Frå områdenamn til bynam

Ikkje før i 1383 har vi eit *tvilsamt* belegg i diplomatariet på at *Trondheim* er brukt som bynamn (jf. s. 128). Andreopponenten kunne ha nytta høvet til å kritisere doktoranden for at dette belegget i det heile er med, men han

slår i staden fast at i norrøne mellomalderkjelder kunne *Trondheim* brukast «både som bynamn og områdenamn». Han byrjar jamvel argumentasjonen med å ta det som han skal prove, som ei vedteken sanning og eit dogmatisk utgangspunkt for resonnementet. Men *Trondheim* og *Nidaros* er ikkje konkurrerande namn i dei eldste norrøne kjeldene. Dei står ikkje i noko 1:1-forhold til kvarandre, men er over- og undertoponym. Semantisk sett er *Nidaros* og *Trondheim* parallellar til underomgrep og overomgrep av typen «torsk er fisk». Like lite (og like mykje) som vi kan hevde at «fisk er torsk», er områdenamnet bynamn.

Vi har tidlegare vist eit tenkt eksempel på *Trondheim* som bynamn i staden for Levanger. Vi skal no ta føre oss verkelege eksempel frå både kongesogene og Adam av Bremen, som alle bruker områdenamnet *Vik* når referansen er *Oslo*. Når *Oslo* aldri blir gjenstand for påstandar om at områdenamnet *Vik* er bynamn i dei eldste kjeldene, er forklaringa på dette historisk-pragmatisk. Fordi *Vik* aldri seinare blei eit bynamn på Oslo, blir *Vik* aldri forsøkt projisert over på mellomalderkjeldene som bynamn.

Alle kjeldetolkingar er avhengige av tidbundne lesemåtar. Kjeldene er ikkje nøytrale vitnemål, og dei må i dag frigjerast frå tolkingar i fortida. Faghistorisk hadde Gerhard Schøning (1760) verken namnestriden på 1920-talet eller Seip-teoriane som bakteppe. Han hadde m.a. derfor ikkje problem med å identifisere *Trondheim* som områdenamn og ikkje bynamn i dei eldste kjeldene. I 1925 tolka kyrkjehistorikaren Oluf Kolsrud landslov-kjelda prematurt på same måte som språkhistorikaren Magnus Rindal gjer i opposisjonen. Stadnamnforskaren Gustav Indrebø sin merknad til ei slik tolking var: Ho er «mekanisk og einøygd» (jf. s. 200).

Andreopponenten nyttar ei formulering som er vanleg innafor norrønforskninga, når han skriv om kva kjeldene «kjenner». Også Seip skreiv at Oddr Snorrason Munk «kjenner» *Nidarnes* som namn (s. 51). Men kjeldene kjenner ingen ting. Det er det levande vesen som gjer. Denne metaforbruken er ein vit-skapsretorikk som skapar besjeling av kjeldene. Herifrå er vegen kort til å bygge teorien på det kjeldene «samstemt tier om» – altså Seip sin *ex silentio*-argumentasjon. Tradisjonen med å argumentere for *Trondheim* som bynamn går tilbake til arkeolog Th. Petersen som var ufaglært i onomastikk. Han argumenterte med kva forfatternen av norrøne mellomalderkjelder har *følt*, samtidig som han påstår at han les kjeldene «uhildet» (s. 33). Dette kan i dag ikkje reknast som ei vit-skapleg tilnærming til emnet.

Doktoranden har vist at teorien om *Trondheim* som bynamn, bygger på funn i kontekstuelle teksttilhøve som *ikkje* gjer opphavleg denotatum – *området* – umogleg som referanse. Andreopponenten har dessutan ikkje funne kontekstar som gjer at denotatum *bynamn* må vere blitt knytt til *Trondheim*. Då held ikkje

premissen for andreopponenten sin konklusjon; at «dei norrøne kjeldene viser at Trondheim var brukt også som bynamn frå slutten av 1100-talet, og at dette blir styrkt av utanlandske kjelder».

2.2.2 Trondheim i dei eldste latinske kjeldene

Uttrykket *byen Trondheim* finst ikkje i dei eldste norrøne kjeldene, men i dei latinske kjeldene er *Þrándheimr* i latinisert form eksplisitt brukt som bynamn. Dette er tilfellet både hos Adam av Bremen (1075), i fundasjonsbullen for erkebispetet (1154), hos Albinus (1189) og i pavebrev utferda i skriptor Rolando Bandinelli (seinare pave Alexander III) si tid (1154-81). Dette inneber at leksikaliseringa med denotatum *byen Trondheim* har skjedd i utlandet.

Andreopponenten sluttar seg ikkje til den fantasifulle Seip-teorien om at desse funna er uttrykk for at dei i Roma og Hamburg-Bremen skreiv det eigentlege bynamnet i folkemålet i Nidaros. Likevel hevdar andreopponenten at doktoranden berre har tilbakevist litt av Seip-teorien. I avhandlingsa er det tale om eit vere eller ikkje-vere for Seip-teorien, og doktoranden har vist at teorien bygger på rekker av feilslutningar. Vi kan ikkje sjå bort frå faghistoria – at Seip-teoriane var vovne saman og skulle prove at *Trondheim* var bynamn i tillegg til område-namn alt frå då byen blei til. Når doktoranden her har vist at det ikkje skjer noko namneskifte i 1172 (jf. hypotese nr. 3), fell òg behovet for at *Trondheim* må vere bynamn i norrøne kjelder før 1172 bort. Det var Seip som trong dette til *sin* teori – andreopponenten og doktoranden treng det ikkje. Heile *flettverket* av Seip-teorien forsvinn når vi har konkludert slik begge opponentane og doktoranden gjer: Nidaros-namnet er dokumentert som bynamn ca. 1120, og dokumentet bygger på førelegg som er eldre.

Å forklare Trondheim som bynamn med mistyding, må bygge på det vi generelt veit om mistydingar av namn i språkhistoria og særskilt i dei aktuelle kjeldene. Fundasjonsbullen nemner *byar* som *Orknøyane*, *Grønland* og *Island*. *Nidaros* og *Oslo* kallar Adam med områdenamna *Trondheim* og *Vik*, og i fundasjonsbullen for Sverige er *byen Uppsala* oppført, som då berre var ein kyrkjestad. Når utfordringa er å finne den beste forklaringa på korfor Trondheim-namnet er brukt, må vi ta dei mange funna av slike mistydingar med og vurdere om denotatum *byen* ved *Trondheim* kan vere ei mistyding. Det er å ta alle sidene av kjeldene på alvor og å sjå dei i samanheng – ikkje nokon immuniseringsstrategi.

Seip-postulatet om at *Trondheim* var bynamnet heime i Nidaros, manglar både dokumentasjon og sannsynleggjering ut frå norrøne kjelder. Kyrkjeso-geprofessor Oluf Kolsrud har derimot ei *praktisk* og *realhistorisk* forklaring på korfor namnet *Trondheim* er dokumentert som bynamn i Hamburg-Bremen og Roma. Men andreopponenten har større tillit til Adam av Bremen når han overraskande påstår at «ingen kan vel skulde Adam for å mangle kunnskap om

helgenbyen Trondheim». Adam sine opplysningar om Noreg har han frå danskekongen Sven Estridsen, og Adam skriv fantasifullt om Noreg som eit framandt land langt vekke. Det er faktisk mange som med god grunn har skulda han for å skrive fiksjonar både om bynamn, geografi og folk i Noreg. Det spelar inga rolla kor mange gonger Adam skriv at *Trondheim* er bynamnet. Mistydinga blir ikkje rett av den grunn.

Det er faghistorisk sett ikkje grunn til å kritisere Oluf Kolsrud for ein «påstand» om at pavestolen i Roma hadde namnet *Nithirosa* tilgjengeleg i 1154. Dette var det all grunn til å tru ut frå forskingsstoda i 1920-åra. *Codex Ashburnham 1554q* er dedisert til pave Calixtus II (1119–23), og det måtte vere særlege grunnar til å tenke seg at den kodeksen *ikkje* fanst ved pavehoffet i Roma i 1154, berre 30 år etterpå. Slike særlege grunnar veit vi derimot om no etter Beate Shilling (1998) si avhandling om pave Calixtus II. Ho viser at paven oppheldt seg i Cluny då han blei utropt, og at han grunna dei politiske tilhøva i Roma måtte opphalde seg utanbys i store delar av pontifikatet, mykje av tida i Cluny.

Den som har mest grunn til å lage eit provinsial med oppteikning av erkebispedømme og bispesete i heile Kyrkja, er paven sin skattmeister. Han trong oversyn over kor han skulle få inntekter frå, og skattmeisteren under pave Calixtus II var frå Cluny. Kodeksen er ikkje registrert i kjeldenøkkelen for Vatikan-arkivet frå 1700-talet og blei derfor truleg verande i Cluny, der han blei skriven. Dette reiser eit avgjerande onomastisk spørsmål: Korfor skulle kyrkjeadministrasjonen sitje i Cluny og skrive namnet *Nithirosa*, dersom det faktiske bynamnet heime i Noreg var *Trondheim* – eller berre Nidaros ved særlege tilhøve? Seip løyste det med å forklare *Nidaros* som eit kyrkjeleg namn – andreopponenten gjev oss ikkje noka forklaring.

Andreopponenten hevdar at det er all grunn til å tru at den pavelege legaten Nicolaus Breakespeare tok med seg kunnskap om bynamnet frå Nidaros til Roma, og at «pavestolen dessutan kjende til Adam av Bremens verk». Ja, men kva har det å seie for tolking av vatican-kjeldene? I kap. 4.4.3.3. analyserer doktoranden fundasjonsbullen, og i kap. 3.3.2.1. presenterer doktoranden den faghistoriske debatten. Ein av dei få påstandane om at *Trondheim* opphavleg var bynamn, som Seip slutta å hevde etter at han fekk motførestillingar, var just den, at *den pavelege legaten* hadde teke med seg det lokale og folkelege bynamnet til Roma. Kolsrud kunne nemleg vise at fundasjonsbullen er skriven av *skriptor Rolando Bandinelli*, for det står med reine ord til slutt i bullen. Fremste kjennaren av norsk eldre kyrkjesoga, Oluf Kolsrud, har til dags dato gjeve den mest sannsynlege forklaringa på korfor bynamnet der er ei latinisering av *trøndsk* eller *Trondheim*. Om andreopponenten skulle følgje i fotefara åt den pavelege utsendingen, er det til Censius Camerarius han lyt gå, og han nyttar namnet *Nidaros* (jf. s. 171).

I utanlandske, latinske kjelder er eksempla på bynamnefunn slik før 1192:

<i>Roma</i>	<i>Cluny (?)</i>	<i>Hamburg - Bremen</i>
1154-1181: <i>Trundensis</i>	1120: <i>Nithirosa</i>	1075 <i>Trundemnis</i>
Frå 1192: <i>Nidrosisensis</i>		

Doktoranden skil i avhandlinga tydeleg mellom kva som kan dokumenterast, gjerast sannsynleg og kva som er mogleg. Resultatet er at Nidaros-namnet er *absolutt* datert til 1120. Kjelda er frå Mellom-Europa, men bygger på opplysningar om mange nordiske namn, så opplysningane er av nordisk opphav, og mest sannsynleg frå åra før erkebispstolen i Lund blei skipa i 1104. Munnlege tradisjonar strekker seg ofte over generasjonar, og det òg gjer det sannsynleg at *Nidaros*-namnet er mykje eldre enn 1104 og har vore bynamn heilt frå 997. Når vi ikkje har kjelder som kan *dokumentere* dette, kan i alle fall ikkje kjeldemangelen nyttast som argument for at *Trondheim* var bynamnet.

2.3 *Kaupang*

Korleis skal vi så forklare nemninga kaupang brukt om byen i dei eldste kjeldene? Først vil doktoranden gjerne slå fast at drøfting av nemninga *kaupang* ikkje har nokon sentral plass i avhandlinga, nettopp fordi det i berre éi norrøn kjelda kan vere proprium (jf. s. 15). Andreopponenten finn derimot ikkje noko «sikkert» døme på at *kaupang* er brukt som bynamn i dei *norrøne* kjeldene. Som tidlegare nemnt, gjer han ikkje greie for kva propriumsdefinisjon han sjølv følgjer, og han gjer det dermed vanskelegare for doktoranden å argumentere imot. Ut frå den propriumsdefinisjonen som det er konsensus om i norsk namneforskning, må ein rekne *Kaupang* som by når det er dokumentert monoreferensiell identifikasjon (s. 209).

Andreopponenten argumenterer for at det «synest opplagt» at *Copenga* hos Ordericus er byen Nidaros. Han meiner byen ikkje kan vere *Kaupang* i Vestfold fordi denne handelsstaden slutta å eksistere som by lenge før 1135. Til det er å seie at namn forsvinn ikkje på same måten som handelsfunksjonar, det er nok av eksempel på at bynamn lever i mange hundreår etter at byfunksjonen er slutt. Dersom Ordericus har hatt eit skriftleg førelegg, så veit vi at skriftlege framstillingar hadde stor tillit i mellomalderen. Olaus Magnus skriv så seint som på 1500-talet at *Hålogaland* er ei øy – nett slik Adam av Bremen skreiv mest 500 år tidlegare.

Andreopponenten meiner doktoranden har mistydd denne setninga hos Ordericus (s. 211): *Turesberga vero sexta ciuitas, quae contra Dacos ad orientem sita est*. Først nokre kommentarar til latinen:

- *vero*, er eit adverb og tyder ’visseleg, sanneleg’.
- *sexta*, tyder den sjette og er hokjønn av *sextus*, fordi *ciuitas* (*civitas* = by) som det står til, er eit hokjønnsord. Det er i nominativ fordi det er subjekt i samanhengen.
- *quae* er relativpronomen [hankjønn *qui*] og kan anten vere hokjønn nominativ eintal eller fleirtal (eller inkjekjønn nominativ eller akkusativ fleirtal). Her må det vere hokjønn nominativ eintal fordi det viser til hokjønnsordet *ciuitas*, som er i eintal. *Quae* er då subjekt i relativsetninga og tyder at predikativet *situm* får hokjønnsform, som er *sita*.
- *contra* er preposisjon som styrer akkusativ.
- *Dacos* er hankjønn akkusativ fleirtal (første deklinasjon) og skulle då svare til nominativ eintal *Dacus*, som då skulle tyde ’danske’ (substantiv). *Contra Dacos* skulle då tyde ’mot, eller vendt mot, danskane’.
- *ad* er preposisjon som styrer akkusativ (og er etymologisk det same som norsk ’åt’) og skulle her tyde ’til, åt, mot’.
- *orientem* er eigentleg ei forkorting for *sol oriens* som bokstaveleg tyder ’den oppgåande sola’, eller ’soloppgangen’, dvs. aust. *orientem* er akkusativforma av *oriens* fordi ordet er styrt av *ad*.
- *sita*, sjå over. *situm* = liggande, verande, plassert, eigentleg sett (av setje), jamfør verbet *sinire-sivi-situs/sita/situm* = la vere [stå] urørt.

Ut frå dette kan vi få denne omsetjinga: *Tunsberg [er] i røynda den sjette byen, som ligg mot danskane (Danmark) og [vender] mot aust*. Men latinen er isolert sett tvitydig, og omsetjinga kan bli både 1. *Tunsberg er den sjette byen, og denne byen ligg vendt mot Danmark og er austvend*, og 2. *Tunsberg er den sjette av alle dei byane som vender mot Danmark og er austvende*.

Spørsmålet er om ein skal lese opplysninga om *Turesberga* som ei relativsetning eller *ad orientem sita est* som ein apposisjon. Samanhengen vil måtte avgjere kva variant Ordericus mest sannsynleg har vilja uttrykt. Aktuelle spørsmål er om lista har innslag av byar som *ikkje* ligg mot aust. Då er løysing 1 truleg den rette. Dersom dei andre byane ligg mellom Lista og landsenden, er løysing 2 truleg rett.

Ordericus er relativt ukjend med norsk geografi. Namna står ikkje i noka geografisk rekkefølgja. Byane i oppramsinga før *Tunsberg* er «*Berga, Cuneghella, Copenga, Burgus et Alsa*» – i *denne* og *ikkje* i den rekkefølgja andreopponenten framfører; «Bergen, Tunsberg, Oslo, Sarpsborg og Konghelle, den sjette er *Copenga*». Andreopponenten har her rydda lista. Etter ryddinga passar oppramsinga betre for det andreopponenten sjølv vil vise. Her er det elles interessant å merke seg at andreopponenten har ein annan bruk av oppramsing som premiss for argumentasjon, enn den han hadde i analysen av Magnus Lagabøtes landslov.

Kva Ordericus har meint med *oriens* er ikkje opplagt – vi må t.d. ha *in mente* at Skåne er ein del av Danmark på denne tida. *Kaupangr* kan dessutan ha vore brukt appellativisk i grunnkjelda for opplysningane hos Ordericus. Seip (1930a:16f) har ved denne kjelda argumentasjon *ex nihilo* som premiss; fordi *Nidaros* ikkje står nemnt hos Ordericus, må *Copenga* vere byen *Trondheim*. Men eit ikkje-funn av *Nidaros* er ikkje eit positivt funn av verken *Trondheim* eller *Kaupang* som bynamn. Det er altså ikkje «opplagt» at *Copenga* må vere *Trondheim*, men om doktoranden skulle gje andreopponenten rett i at namnetolkinga hans av *Copenga* er den mest sannsynlege, endrar likevel ikkje det på hypotesesvaret. I kjeldene har vi funn av *kaupang* både som appellativ og proprium. Usemja går på kva for funn som skal reknast som proprium.

Dersom vi vurderer dei eldste funna av *Trondheim* som bynamn som kvalitativt likeverdig med dei eldste funna av *Nidaros*, så har vi følgjande onomastiske problem: *Trondheim* må ha blitt leksikalisert til å bli bynamn i tillegg til å halde fram med å fungere som områdenamn. Det skjer samtidig med at byen har eitt bynamn som mest opptrer som appellativ, og eit anna bynamn som ikkje skal fylle andre roller – ha andre referansar eller denotatum – enn eintydig å vere bynamn, nemleg *Nidaros*. Slik fungerer ikkje samspel mellom namn.

2.4 Hypotesane

Førsteopponenten skriv i *sin* konklusjon at «[m]ålet med undersøgelsen», slik det er formulert s. 11, «er fuldt ud blevet nået». Andreopponenten har derimot analysert avhandlinga med dei hypotesane andreopponenten sjølv formulerer innleiingsvis i oppisjonen. Han skriv t.o.m. at dette er hypotesane *mine*:

1. Nidaros er det eldste bynamnet.
2. Trondheim er opphavleg ikkje bynamn, men områdenamn.
3. Den eldste bruken av latiniserte former av Trondheim som bynamn skuldast kunnskapsløyse.
4. Trondhjem som bynamn skuldast dansk påverknad.
5. Kaupang har ikkje vore bynamn.

Denne oppstillinga gjev eit skeivt bilete av kva doktoranden vil gjere i avhandlinga, for andreopponenten lagar *mindre komplekse* hypotesar enn doktoranden. Avhandlinga stiller risikable hypotesar tre gonger, og dei *innleiande* hypotesane formulerer doktoranden slik (s. 13):

1. *Nidaros* er det eldste bynamnet på byen som i dag har *Trondheim* som offisielt namn.
2. *Trondheim* er opphavleg namnet på dei åtte trøndske fylka. I dei eldste *norrøne* tekstane er namnet ikkje brukt som bynamn, men som områdenamn.

3. Mistyding og kunnskapsmangel er grunnlaget for bruken av latiniserte former av *Trondheim* som bynamn hos Adam av Bremen og ved pavehoffet på 1000- og 1100-talet.
4. *Trondhjem* brukt som bynamn i Noreg i kjeldene frå seinmellomalderen, er anten dansk eksonym for *Trondheim* eller resultat av dansk språkpåverknad gjennom språkkontakten mellom norsk og dansk.
5. *Kaupang* er ikkje eit proprium, men eit appellativ når det blir nytta om lokasjonen Nidaros.

På same sida strekar doktoranden under at desse hypotesane vel han å ta utgangspunkt i «først», og i andre avsnittet under hypotesane står det svart på kvitt at desse hypotesane kjem til å bli reformulerte både i dei faghistoriske kapitla og i kapittel 4. Statusen til hypotesane i innleiinga er altså klårt og greitt og eksplisitt presenterte som førebelse. I den faghistoriske bolken skal dei problema som faktisk blei diskuterte, og som avgjorde kva stilling dei ulike filologane tok, løftast fram. Derfor blir hypotesane omformulerte til spørsmål:

1. Er *Nidaros* eller *Trondheim/-hjem* det eldste bynamnet på kaupangen ved Nidelva, dvs det opphavlege norske bynamnet?
 - a. Er *Codex Ashburnham 1554q* med bynamnet *Nithirosa* frå 1120-åra?
 - b. Er *kaupang* i dei eldste norrøne kjeldene eit bynamn når det er brukt om denotatumet *Nidaros*?
 - c. Er *Trondheim* brukt eintydig som bynamn i norrøne kjelder?
 - d. Korleis bør ein forklare *Trondheim* brukt som bynamn i utanlandske kjelder?
2. Er forma *Trondhjem* opphavleg dansk eller norsk språkform? Kan ein palatal *n* spalte seg i to til ein depalatalisert *n* og ein *j*, og har dette skjedd i namnet *Trondhjem*?

Systematikken vi så finn i faghistoria, har implikasjonar for hypotesane i den vidare analysen. På bakgrunn av den faghistoriske gjennomgangen blir derfor hypotesane som doktoranden vel å arbeide vidare med, sette opp i kap. 4. slik:

1. *Nidaros* er det eldste (by)namnet på kaupangen ved Nidelva, dvs. det opphavlege lokale og norske bynamnet.
2. *Nidaros* er belagt i *Codex Ashburnham 1554q*, som er frå 1120-åra, og som har hatt eit eldre førelegg.
3. Det skjedde *ikkje* noko kyrkjeleg namneskifte for byen i 1172.
4. Nemninga *kaupang* i dei eldste norrøne kjeldene er brukt som appellativ – ikkje som proprium.

5. *Trondheim* er opphavleg områdenamnet på dei åtte fylka rundt Trondheimsfjorden. I norrøne kjelder er namnet *ikkje* brukt eintydig med denotatum (referanse til) byen, men dette områdenamnet kunne brukast om landskapet *irekna* byen.
6. Manglande kjennskap til norsk geografi og norsk namnebruk utafor Noreg er den mest sannsynlege forklaringa på bruken av latiniserte former av områdenamnet *Brándheimr* som bynamn før ca. 1190.
7. Forma *Trondhjem* er i utgangspunktet dansk eksonym for norske former av *Trondheim*.

Desse hypotesane blir det svart på i kapittel 5.2.2. *Hypotesesvar*. Det er såleis direkte feil når andreopponenten skriv at «[i]nnleiingsvis har eg stilt opp Lokkertsens fem hypotesar», og at i konklusjonen stadfestar doktoranden «hypotesane ovanfor» – altså dei fem som andreopponenten sjølv sette opp. I kapittel 5.2.3. er dei *sju* hypotesane doktoranden faktisk svarer på, sett opp på det skjemaet som er prenta i innleiinga her, og som blei delt ut til alle på disputasen – inkludert andreopponenten. Skjemaet viser i kortform at vi er komne vidare med ny forskning etter 1920-talet.

Andreopponenten opponerer altså heile tida etter eigen interpretasjon av hypotesane i innleiinga av avhandlninga, og får derfor til å konkludere med at doktoranden berre har argumentert «overtydande» for hypotese 4 i innleiingskapitlet. Rundt omkring i opposisjonen hans er det likevel mogleg å finne konklusjonane hans om dei sju hypotesane frå kap. 4. Hypotese 2 (om Firenze-lista) er det svart «overtydande på», og for hypotese 3 (om namneskifte i 1172) sin del har doktoranden argumentert «godt» imot Seip-teorien. Trass i ulike belegg har vi same konklusjon på hypotese 4 (om *kaupang*).

Då står vi att med andreopponenten sine onomastiske tolkingar av områdenamn i eldre norrøne kjelder. Dei resulterer i ein motsett konklusjon på hypotese 5 enn den doktoranden dreg, men andreopponenten sine tolkingar har doktoranden tilbakevist her i pkt. 2.2. Hypotese 6, om *Trondheim* som påstått bynamn i dei eldste latinske kjeldene, forklarar doktoranden – på bakgrunn av utgreiingane til Oluf Kolsrud – med manglande kjennskap til norsk geografi og norsk namnebruk. Andreopponenten gjev inga alternativ forklaring, han gjev oss berre si eiga konstatering. Kolsrud si forklaring er ikkje berre mogleg, men òg mest sannsynleg – både realhistorisk, onomastisk og lingvistisk. Det er denne vi må rekne som (mest) underbygd.

Av dei tre namna på byen, meiner andreopponenten det synest «uråd å seie noko om kva for eit namn som er eldst». Når hypotese 1 er så allment formulert som hos andreopponenten, kan ein lett bli så pessimistisk på vegner av vitskapen. Doktoranden har derimot presisert hypotesen i kapittel 4 med å legge til

«det opphavlege lokale og norske bynamnet». Hypotese 5 og hypotese 1 står i nær opposisjon til kvarandre, for alternativet til *Nidaros* som eldste lokale bynamn er ikkje *kaupang*, men *Trondheim*. Både opphavleg – i forhistorisk tid – og i dei eldste norrøne kjeldene er *Trondheim* områdenamn. Det monoreferensielle bynamnet er *Nidaros*. Andreopponenten skulle derfor ikkje nøye seg med å skrive at doktoranden «gjev eit sikrere grunnlag for nokre konklusjonar», men framleis halde seg til formuleringa han skreiv i innstillinga til fakultetet; eit sikrere grunnlag for konklusjonane. På den andre sida kan vi seie at andreopponenten har gjeve ein rimeleg kritikk av ei avhandling doktoranden *ikkje* skreiv.

2.5 Seipisme som vitskapsteori – Konklusjon

Andreopponenten tykkjer doktoranden stundom går «for langt i å avvise Seips påstandar». Her skulle det vore interessant å vite kva som hadde vore høveleg langt, for andreopponenten seier seg ikkje nokon gong eksplisitt samd med Seip sin teori og metode. I avhandlinga kap. 5.1. oppsummerer doktoranden teori- og metodeproblematikken der han avviser Seip-teoriane og kritiserer metodane hans. Her kjem doktoranden eksplisitt attende til teori- og metodeproblematikken i innleiingskapitlet, og i kap. 5 blir Popper drøfta på nytt. Her blir Seip sin 1920-talsvitskap frå dei faghistoriske kapitla sett opp imot doktorandens analyse.

Andreopponenten har ikkje noko å seie om dette kapitlet, så då får doktoranden gjere det sjølv: I dette kapitlet viser doktoranden at veikskapane til Seip er grunnleggande og har lege der i opne dagen i mange tiår. Det er velkjent at metoden hans var å bruke dei kjeldene som passa til teorien – dei andre brydde han seg lite om. Dette var ikkje uvanleg metode mellom vitskapsfolk i Seip si samtid, og det er denne typen verifikasjon Popper reagerer imot og skapar alternativ vitskapsteori til.

Det blir vist at Seip bygger sin teori på manglande funn og argumenterer *ex silentio* og *ex nihilo*. I lingvistikken opererer han med ein fantastisk teori om fonemsplitting av palatalar. Seip forsvarer teoriane sine m.a. med at når noko ikkje kan bevisast, så kan det heller ikkje motbevisast. Som vitskapsteori blir dette for lettvent. Teori og metode produserer langt fleire problem enn dei løyser.

Andreopponenten forpliktar seg berre på den delen av Seip-teorien der han kan lansere tolkingar, som vanskeleg let seg verifisere eller falsifisere, men han òg lanserer teoriar som skapar fleire problem enn dei løyser. Når andreopponenten tykkjer Seip blir for mykje kritisert, tillet doktoranden seg å ta dette forsvaret som eit uttrykk for at andreopponenten sin generasjon har unnlata å kritisere Seip nok. I Seip si samtid var heller ikkje Indrebø konsekvent kritisk: Han godtok at det var namneskifte i 1172 (jf. hypotese 3), og for fredens skuld

(?), gav han seg på ei usemja om rotvokalen i *Trond-* opphavleg hadde vore <á> eller <o>. Seip meinte <o>, noko som er lydhistorisk svært tvilsamt. Forklaringa er nok at dette ikkje hadde noko å seie i namnestriden om byen skulle heite *Trondhjem* eller *Nidaros*. Men dermed framstod Indrebø som dosenten som måtte gje seg, mens professor Seip visste betre. Det Seip var dyktigare på, var likevel språkpolitikk – ikkje språkvitskap.

Det er ikkje rett når andreopponenten hevdar at «Lockertsen følger konsekvent Indrebø» i striden med Seip. I dei fleste tilfella viser *resultatet av ny gransking av kjeldene* at Indrebø sine teoriar held for etterprøving – Seip sine ikkje. Doktoranden har gjeve ein *varsam* kritikk av Seip. Dersom vi einsidig legg dagens krav til forskningsetikk til grunn, ville Seip komme mykje dårlegare ut enn det doktoranden har late han gjere – fordi doktoranden vurderer arbeida hans både ut frå samtida og notida. Seip rir t.d. tydeleg på ein motvilje mot den katolske kyrkja i samtida når han stemplar *Nidaros* som eit katolsk kyrkjeleg namn. Den einaste kyrkjehistorikaren som var interessert i å analysere kyrkjehistoria før reformasjonen ut frå katolsk perspektiv, var Oluf Kolsrud, og han kjem til resultat som står seg for kritisk etterprøving. Andreopponenten kan dessutan merke seg at Kolsrud slutta å tolke *Trondheim* som bynamn i Magnus Lagabøtes landslov etter at Indrebø hadde gjeve han ei anna og betre forklaring.

Når andreopponenten skal konkludere på sitt eige spørsmål om kva bynamn som er eldst, finn han det bortimot umogleg. Han slår berre fast at det finst *eksempel* på bruk av *tre* bynamn, og dei presenterer han som kvalitativt likestilte. Fordi *Trondheim* er belagt i 1075, *Nidaros* i 1120 og *Kaupang* går tidleg ut av bruk – og fordi byen er frå 997, «synest» det «uråd å seie noko om kva for eit namn som er eldst». Men dersom andreopponenten nøyer seg med eksempel + årstal, og ikkje vil gå inn på ein kvalitativ diskusjon, så er jo enkelt og greitt *Trondheim* eldste bynamn. Doktoranden har både i avhandlinga og her vist at om vi gjer ei slik kvalitativ likestilling av kjeldene, fører det ut i fiksjon. Med å analysere kjeldene etter popperinspirert vitskapsteori og oppdatert onomastikk blir *Nidaros* eldste *norske* bynamnet. Andreopponenten vil derfor truleg vi skal lese «synest» som viktigaste ordet i konklusjonen, jf. tilsvarande uttrykksmåte «synest opplagt» om *Copenga* som bynamn på Nidaros hos Ordericus. Ja, det *kan* «synast», men det *er* ikkje.

Til slutt vil doktoranden takke begge opponentane. Prosessen har vore grundig, lærerik og utviklande. Historiske avhandlingar er i prinsippet tverrfaglege, og i ein *språk*historisk analyse må ein ha grep om mange ulike vitskapsgreiner. Vi sit då att med at onomastikken si store utfordring på feltet vårt er namnemen-talitet. Eit framtidig samarbeid mellom fagfelta onomastikk og mentalitetshistoria/nyare kulturhistoria kan vere ein fruktbar veg å gå for å komme vidare i feltet. For den eldre språkhistoria sin del viser denne avhandlinga at det norrøn-

filologiske perspektivet blir for snevert – eit breitt nordisk og europeisk blikk må til for å vinne sikrare kunnskap om namnet på byen Trondheim.

Post scriptum

Utgangspunktet for forskinga mi var sjølve den store namnestriden på Stortinget og i byen 1929-1931 om byen skulle heite *Nidaros*, *Trondhjem* eller *Trondheim*. I norsk språkhistorieskriving er det vanleg å definere dette stoffet som *ytre* språkhistoria, mens den avhandlinga som no er forsvart, er ei avhandling i *indre* språkhistoria. Etter disputasen 8. september 2006 har eg arbeidd vidare med det stoffet som låg att; 350 dobbelspalta sider stortingsdebatt, over 5000 avisartiklar og mykje annan dokumentasjon. Stoffet eignar seg best for ein analyse innafor fagfelta *politisk historie* og *kulturhistorie*. Derfor flyttar eg frå nordiskfaget og til historiefaget med denne analysen, som skal forsvarast for Ph.D-graden i historie om ikkje alt for lenge.

Litteratur

- Ainiala, Terhi. 1998. «On defining the proper name and the place name». I Nicolaisen, W. F. H. (red.): *Proceedings of the XIXth international Congress of Onomastic Sciences Aberdeen, August 4–11, 1996*. Volume 1, s. 43–48. Aberdeen: Department of English, University of Aberdeen
- Albøge, Gordon. 1976. «Om stedsnavnets begrep og struktur». I: *Acta philologica Scandinavica*. 31. s. 133–175
- Gade, Kari Ellen. 1998. «Kaupangr – Brándheimr – Niðaróss: On the Dating of the Old Norse Kings' Sagas». I: *Maal og Minne* s. 41–60
- Haugen, Odd Einar. 1984. «Filologi og tekstkritikk. Eit norrønfilologisk synspunkt på kjerna i filologien». I: *Eigenproduksjon* nr. 23
- Islandske Annaler indtil 1578*. [1977] 1888. Udgivne for det norske historiske Kildeskriftfond ved Dr. Gustav Storm. [Stavanger: Dreyer] Christiania: Grøndahl & Søn
- Kolsrud, Oluf. 1925. Riksarkivet. Oslo. Privatarkiv 377 og 920. Manus i unummerert mappe (pr. 1996) med påskrifta «Nidaros»
- Lockertsen, Roger. 2007. *Namnet på byen Trondheim. Ein språkhistorisk og faghistorisk analyse*. Oslo: Novus forlag
- Oddr Snorrason Munk. 1932. *Saga Oláfs Tryggvasonar*. Udgivet af Finnur Jónsson. København: G. E. C. Gads Forlag
- Olsen, Magnus. 1926. *Ættegård og helligdom*. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
- Ordericus vitalis*. 1975. The ecclesiastical History of Orderic Vitalis. Volume V, Books IX and X. Edited and translated by Majorie Chibnall. Oxford: Clarendon Press
- Schilling, Beate. 1998. *Guido von Vienne, Papst Calixt II*. Monumenta Germaniæ historica. Bd. 45. Hannover: Hansche Buchhandlung
- Seip, Didrik Arup. 1930: *Trondhjems bynavn*. Trondhjem: F. Bruns Bokhandel
- Særheim, Inge. 2001. *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på –land*. Tidvise Skrifter nr. 38. Stavanger: Høgskolen i Stavanger

Opposisjon ex auditorio: Klaus Johan Myrvoll

«Kan *-hjem* i *Trondhjem* vere resultat av norsk lydutvikling?» er yverskrifti på kapittel 3.11 i avhandlingi åt Roger Lockertsen, og det er det spørsmålet eg skal samla meg um i denne opposisjonen. Som doktoranden skriv (s. 37),¹ var det eit av dei sentrale spørsmåli i det faglege ordskiftet i åri 1928–31, og det er soleis eit av dei sentrale spørsmåli i avhandlingi hans òg. Det er mykje forvitnelegt i det Lockertsen dreg fram i dette kapitlet, ikkje minst frå avisordskifte som ikkje er so lett tilgjengelege, men eg tykkjer ikkje han kjem so godt frå det når han skal presentera og so argumentera mot teorien åt Didrik Arup Seip um at namneformi *Trondhjem* skulde vera framvaksi på norsk grunn. Lockertsen rotar seg burt i detaljar som ikkje hev so mykje med saki å gjera, og han mistyder Seip på fleire punkt. Eg mistenkjer at noko av dette kjem av ein viss motvilje mot Seip, som kann hava sine grunnar, men eg tykkjer likevel at Seip fortener sakleg kritikk; um ikkje anna so kann det skjerpa sansen vår for kva som held og ikkje held i språkhistoriske, og då serleg ljodhistoriske, resonnement.

Slurvut referering

Lockertsen er ikkje alltid so god til å referera synspunkti åt andre. I ein del tilfelle på s. 73–74 gjeng det ut yver framstillingi av Seip-teorien, som vert meir uklår enn han tarv vera. Difor lyt me taka ei viss opprydding fyrst.

Lockertsen skriv på s. 73 i den prenta versjonen av avhandlingi:

Han [d.e. Seip] viser til Hægstad som i *Gammalt [sic] trøndermaal* hadde skrive at /l:/ og /n:/ var palataliserte i trøndsk alt i norrønt (Seip 1929a: 28).

Um me so gjeng til Seip, kann me lesa:

Hægstad har i sin behandling av «Gamalt trøndermaal» (s. 37) antatt at *ll*, *ld* og *nn*, *nd* var palatale i gammel-trøndsk. Han sier at *l*-lydene og *n*-lydene ventelig blev uttalt palatalt når de var lange, og som eksempler på ord med «lang» *ll* og *nn* nevner han *all*, *hallda*, *millum*, *rinna*, *kænndi*, *annda*. (Seip 1929a: 27)

Her er det sentrale poenget at *ld* og *nd* var palatale i gamalnorsk, som sjølvsagt er det relevante for namnet *Brónðheimr*, men det kjem ikkje fram hjå Lockertsen.

På s. 73 f. viser Lockertsen til Amund B. Larsen:

I *Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold* drøftar Amund B. Larsen (1885:56) palatalisert *ng*. Lydsambandet har dei fleste stader falle saman med /*nj*/, men han legg til at ei meir grannsam gransking kanskje vil vise at det er ein forskjell. Ein er svært avhengig av «sine hjemmelmænds intelligens og organ» ved slike lydnyansar, meiner Larsen, ...

So langt Lockertsen. Ein lyt undrast: Um det var so at ljodsambandet hadde «falle saman med /*nj*/» «dei fleste stader», kvifor skulde då «ei meir grannsam gransking» kunna visa at det var «ein forskjell»? Me gjeng til kjelda, Amund B. Larsen:

Palataliseret **ng** falder på de fleste steder sammen med den palatale form, der er udviklet af oldn. **nn**. En nøiagtigere undersøgelse vil dog formodentlig finde, at der er en bestemt forskel tilstede på mange steder, hvor jeg ikke har iagttaget den, da man i den sag er overordentlig afhængig af sine hjemmelmænds intelligens og organ. (Larsen 1885: 56)

Det Larsen vil ha fram, er alto so at det kann vera skilnad på upphavleg *ng* og *nn* fleire stader enn han hev kunna observera det.

Lockertsen held fram (s. 74):

..., meiner Larsen, som nemner desse døma på palatalisert *ng*: *tan_ne* (m. tange), *læn_ne* (lenge), *rindill* eller *rin_njil* (f. linerla), *van_ndill* (f. evangelium). Larsen meiner at utviklinga «til *n_d* maa have skilt sig ud fra den til *n_j* ved den tid, da her endnu var palatal eksplosiv», og at overgangen til «det almindelige *n* fra *ng*» somme stader derfor kanskje på siste lydstege har falle saman med «overgangen fra *nd* til *nn* (f. eks. i *land*, nu *lan_n*)». Larsen (1885:59) legg til at han trur han aldri har høyrte palatal *ld* og *nd* i «trondhjemske».

Her er det ikkje lett å fylgja Lockertsen. Ein fær tokken av at Larsen siktar til den ålmenne voksteren av *ng*. Men det Larsen skriv, gjeld serskilt ordi *rindill* og *vandill* i Selbu:

Jeg kender den [d.e. skilnaden på upph. *ng* og *nn*] nemlig kun fra Opdal, f. eks. i subst. *tan_ne* (m. tange), og fra Selbu, Tydalen og Holtålen, f. eks. i *læn_ne* (længe), altså bægge steder med *n_jn_j* for **ng**. Dog er der i Selbu spor af en anden behandling af forbindelsen, idet man har substantiverne *rin_ndil_nl*, også *rin_njil_nl* (f. linerle), *van_ndil_nl* (f. evangelium); udviklingen til *n_jd* må have skilt sig ud fra den til *n_jj* ved den tid, da **g** her endnu var pala-

tal eksplosiva. Overgangen til det almindelige *n;n* fra **ng** har derfor måske sammesteds på sit sidste trin faldt sammen med overgangen fra **nd** til *n;n* (f. eks. i **land**, nu *lan;n*). (Larsen 1885: 56)

Poenget her er at formene med *-n;d-* av *-ng-* peikar mot ein viss affinitet millom palatalisert *nd* og *ng*, som kann tyda på at det endelege samanfallet av *ng* og *nd* med *nn* kann ha gjenge via ein sams fonemsekvens, /ɲj/ ~ /nj/ eller noko slikt. Dette kunde Seip nytta til å byggja upp under teorien sin um ein yvergang frå *Bróndheimr* til *Trondhjem*. Det skal me strakst sjå nærare på, men fyrst lyt eg kommentera den siste setningi i hermet frå Lockertsen: «Larsen (1885:59) legg til at han trur han aldri har høyrte palatal *ld* og *nd* i 'trondhjemske'.» Det er sjølv sagt ikkje rett. Det Larsen skriv på denne staden, er: «jeg tror ikke at have hørt udlydende *ld* og *nd* i trondhjemske» (utmerkt her). Når det gjeld palatalitet, skriv han lenger uppe på same sida at «[o]gså *ld* er såvidt vides allesteds i stiftet palatalt», og lenger nede: «Lignende er også forholdet ved oldn. **nd**, **nt**, **ns**.»

Kva meinte Seip i røyndi?

Lockertsen framstiller teorien åt Seip soleis på s. 212 i den prenta versjonen av avhandlingen:

Seip sin teori om lydutviklinga i *Bróndheims*-namnet føreset denne språk-historisk[e] utviklinga: /nd/, > /n:/ > /j/ og dernest depalatalisering av /j/ med spalting av fonemet til /n/ + /j/.

Her må Lockertsen for det fyrste ha mistydt Seip når det gjeld dei eldste stigi: Som me såg ovanfor, var det avgjerande for Seip at *n*-en i konsonantgruppa *nd* var lik den lange *n*-en i gamaltrøndsk, d.e. palatal. Med andre ord vert dei fyrste stigi /nd/ > /jnd/, og ikkje /nd/ > /n:/.

For det andre synest ikkje Seip plent å meina at voksteren lenger fram tarv ha gjenge um assimilasjon til /j:/, jf. at han formulerer problemet i artikkelen frå 1929 som «om dette navnet kan ha opstått av *Bróndheimr* ved at *j* er skilt ut av en palatal *n*-forbindelse» (Seip 1929a: 27). Ordet *forbindelse* her lyt helst tyda 'samband', meir spesifikt 'konsonantsamband'. Med andre ord kann *j*-en ha vorte «utskild» av /jnd/. Her er Lockertsen i godt lag, for Gustav Indrebø (1930: 76) tolkar Seip på same vis:

Det skulde ha seg soleis at dei hev sagt *nd*, seinare *nn* i fyrste stavingi med «palatal» (i-fengen) ljod, likeins som *nn* i *mann*; og so skulde ein *j* ha skilt seg ut, i Trøndelag, og dermed skulde *nn* ha vorte til *nnj* (*nj*). Sidan restituera dei so «Tronjæm» til «Trondhjem». ²

Når Seip hev vorte tolka soleis at voksteren fram til *Tronjæm* lyt ha gjenge um palatal (lang) *n*, kjem det noko av at han ikkje skil so skarpt millom konsonant-gruppa *nd* serskilt og palatal *n* ålment sjølv. Det viktuge for honom er at med-ljoden sist i fyrelekken *Trond-* var palatal.

Motsett Larsen, som tenkte seg eit samanfall millom *nd* og *ng* fyrst, og so samanfall med *nn* i /*ɲ*:/, skil ikkje Seip ut fleire stig, men held seg til at alle tri konsonantgruppone i alle høve fall saman, og då ikkje i /*ɲ*/, men i fonemsekvensen /*ɲj*/. Heilt sentralt i resonnementet stend ordet *rin̄jill* eller *rin̄dill* 'linerla' i Selbu, som Seip fører attende på norr. *rindill*. Det skal syna at opphavleg *nd* kann ganga yver til /*ɲj*/, som normalt er den palataliserte varianten av *ng* i selbyggmålet:

For mig står det så at det er naturligst at *ng* (*nj*) og *nd* (*nn*) en gang har falt sammen i *nj*, som så senere har gitt moderne *ɲn*, iallfall noen steder i Trøndelag. (Seip 1929a: 31)

Når Seip ikkje stogga her, med eit mogelegt samanfall millom *nd* og *ng* i *nj*, men «utvida» med *nn*, heng det saman med andre spreidde observasjonar: gardsnamnet *Mijjildalen* i Uppdal, som gjeng attende på eldre *Minnildalen* (jf. NG XIV s. 194), verbformi *fīnja* for *fīna* i Sòler og namneformene *gun̄njil* og *ännje* i herjedalsk; alle desse formene skulde syna at *nn* òg kunde ganga yver til *nj* (som rett nok i namnet *Mijjildalen* skal ha vorte forenkla til berre *j*). Seip legg dessutan stor vekt på at ord med historisk *nj* i regelen fær palatal /*ɲ*/ i trøndske målføre. Dømet hans på det er stadnamnet *Vinje*, *Vinjan*, som lyder /²vij̄e/, /²vij̄an/. Han tenkjer seg då at ord som i dag hev /*ɲ*/ av gamal *nn*, hev havt *nj* fyrr:

Denne utvikling av *nj* til *ɲn* og sammenfall av begge disse lydene med *ng* er av stor betydning. Den må nødvendigvis tilsløre resultatene av en mulig eldre overgang, *nn*, *nd* til *nj*. (Seip 1929a: 32)

Men so fær Seip problem:

Selv om gno. *Brondheimr*, *Brond(h)em* har gitt *Tron(dh)jem*, skulde dette i dialektene ha blitt *Tron̄nem* (eller *Tronnem*), ved siden av mulige former for *Tranem* o. s. v. Men det hindrer ikke at en form som *Trondhjem* kan ha holdt sig fra den tiden den formen var «lydrett» i dialektene. (Seip 1929a: 32)

Med andre ord lyt teorien åt Seip setjast upp soleis:

1. Palatalisering av /nd/ til /ɲd/ (alt i gamaltrøndsk)
2. Samanfall av /ɲd/, palatalisert *ng* (/ɲj/ ~ /ɲj/) og *nn* /ɲ:/ i /ɲj/ (kann henda gjennom /ɲ:/). Av dette brigdet fylgjer at namnet *Trondem* fær formi *Tronjæm*, som vert skrivi etter dansk skikk som «Trondhiem» o.dil.
3. Alle andre fyrekomstar av /ɲj/ – medrekna historisk *nj* – vert palataliserte og forenkla til /ɲ/, og namnet *Tronjæm* stend att som ein einsleg rest.

«Nyare forskning og ny teori»

Etter denne faghistoriske framstillingi skal me ganga vidare til bolken «Nyare forskning og ny teori» i avhandlingi åt Lockertsen. Etter di spursmålet um namneformi *Trondhjem* er ei opphavleg dansk eller norsk form, vert utpeika til å vera det eine av dei tvo «sentrale spørsmåla» i den faglege debatten i åri 1928–31 (s. 37 i avhandlingi), og ein av sju hypotesar for avhandlingi gjeld dette spursmålet (s. 83), vilde ein venta ei grundig handsaming av det i samhøve med «Nyare forskning og ny teori». Då er det eit vonbrot at me vert avsedde med skarve fem sidor (211–215) av dette største kapitlet på 140 sidor. Attåt kjem det at tri av desse fem sidone er fylte med utgreidingar um ordformi *hjem* i dansk og norsk, som ikkje rårar kjernen i spursmålet, og som um ikkje det er nog: I underkapitlet «Fonemteorien og *j*-utskiljing», der me ventar å få ein statusrapport, er me attende i 1920-åri og lausark i arkivet etter Indrebø.

Lockertsen avviser teorien åt Seip på denne måten (s. 212):

Seip *dokumenterer* verken lydendringa der palataliseringa skulle ha oppstått, depalataliseringa eller resultatet av henne. Dermed kan denne delen av Seip-teorien ikkje etterprøvast. Dei påståtte lydendringane har heller ikkje parallellar slik at dei kan forklarast som analogi.

For det fyrste: Det er ikkje rett at Seip ikkje dokumenterer «lydendringa der palataliseringa skulle ha oppstått», i alle fall ikkje um ein meiner palatalisering av *nd* reint ålment. Det hev han vigt eit heilt kapittel til i artikkelen sin i *Maal og Minne* 1929 og likeins i boki si frå 1930. Om det er sjølvje namnet *Trondheim* Lockertsen siktar til, kann eg visa til det Seip skriv om at «vi ... finner skrivemåter med *nnd* og (*n*)*n*ð», og han nemner i alle fall skrivemåten *Prondheimi* (1322), som han meiner skal spegla palatal uttala av konsonantsambandet *nd* (Seip 1929a: 28), men rett nog ikkje nokon skrivemåte med *nnd*.

For det andre: Det kann ikkje vera rett at Seip ikkje dokumenterer resultatet av depalataliseringi. Det skal jo vera den notidige namneformi *Tron(dh)jem*.

For det tridje: Lockertsen ordlegg seg ulagleg når han meiner at «[d]ei påståtte lydendringane» skulde kunna «forklarast som analogi» um Seip hadde havt parallellar å bjoda på. Parallellar skulde i denne samanhengen syna at voksteren

er ljodrett, som på mange måtar er motsetnaden til analogi. Um eit ljodbrigde vert forklåra som analogi, vert det helst uttydt med påverknad frå andre ord, t.d. analogi millom ulike bøygingsformer av eit ord, som når *b*-en i bundi form *kambiñ* i uppdalsmål fell burt i analogi med ubundi form *kamm*, der burtfallet er ljodrett.

Var det eit problem at Seip var junggrammatikar?

I framhaldet av det fyrre hermet kann det verka som Lockertsen meiner at den junggrammatiske språkteorien som Seip arbeidde innanfor, var ein fyresetnad for at han kunde koma opp med den vågsame utskiljingsteorien sin. Eg hermer (s. 212):

Med Norvegia-lydskrifta var det rundt 1930 fullt mogleg å behandle spørsmålet med større abstraksjon enn den Seip viser. Seips forståing av lydhistorie og lydvekster er junggrammatisk, og først på 1930-talet blir «fonetikken» delt i lydsubstans – fonetikk – og fonologi. Med fonemet får vi einingar som ikkje har ei innhaldssida, men som skil mellom einingar som er distinktive.

Lockertsen hev rett i at Seip kunde ha dryft spørsmålet «med større abstraksjon» – i minsto kunde han ha vore tydelegare på koss han såg fyre seg gangen i dei ulike endringane. Men når Lockertsen dreg inn det teoretiske rådeverket han arbeidde innanfor, fører det ingen veg. Var ikkje motmennene åt Seip, Jørgen Reitan og Gustav Indrebø, òg junggrammatikarar? Når dei kunde leggja so kraftfullt imot teorien åt Seip, var det nett av di dei fylgde strengare upp dei empiriske kravi i den junggrammatiske tradisjonen til parallellar og «undantakslause ljodloger».

Eit godt døme på det hev me når Reitan held fram at ei ljodlog ikkje er nokor naturlog, men gjeld innanfyre eit visst område og til ei viss tid. Ein kunde «ikkje gå til ei bygd i Jemtland eller Härjedalen etter bevis for at den palatale *n*-lyden i trøndsk (nn) har vore uttala *nj*» (Reitan i avisa Nidaros 19. januar 1929, hermt etter Lockertsen, s. 76).

Um ikkje Seip visste noko um fonologi, kann eg ikkje segja at eg vert imponert av dette avsnittet hjå Lockertsen heller (s. 212):

Eg kan legge til at for dei tilfella som Myrvang nemner[,] har nordnorsk og trøndsk dei same opposisjonane. Det er altså ikkje tale om at trøndsk /*ɲ*/ har to minimale par: /*n*/ + /*j*/. Motsvaret er /*n*/ aleine.

At «trøndsk /*ɲ*/ har to minimale par», er meiningslaust. Minimale par er ord

som er skilde med berre eitt fonem, t.d. *mann* og *sann*. Her er det truleg «element» eller «segment» som er meint.

Kva er dei røynelege vanskane med teorien åt Seip?

Det er ikkje vanskelegt å finna veike punkt i teorien åt Seip um *j*-utskiljing i namnet *Trondheim*. Her vil eg skilja millom *interne* og *eksterne* argument, d.e. interne argument (veikskapar) som gjeld sjølve utformingi av teorien, og eksterne argument som sannsynleggjer den motsette hypotesen, d.e. at namneformi *Trondhjem* hev danskt grunnlag.

Interne argument

1. Ein skulde ikkje venta palatalisering av /nd/ etter lang vokal, som det var i *Bråndheimr* eller *Bróndheimr*. Døme på det er substantivet /²bunde/ eller /bun/ < *bóndi* (flt. /¹bønder/ eller /¹bøner/), adjektivet /vun/ eller /un/ < *vánder* (Larsen 1885: 60) og ikkje minst karnamnet /trɥ:n/ < *Próndr*. Dette er hovudpoenget åt Arne Vestrum, som svara Seip i Maal og Minne:

Det som for mig særlig gjør overgangen Trondem > *Tronnem* tvilsom eller mindre sannsynlig[,] er den omstændighet at navnet Trond her har lang o. Det skrives saagar Troen (liksom Joen) enkelte ganger i dokumenter fra 17de og 18de aarhundrede. Og efter lang o blir ikke n palatal. Og likedan som førsteled i stedsnavn: *Tronsta*, *Tronviķa*. ... i midttrøndersk talemaal heter byen nu Tronjæm med lang o, ikke *Tronnjæm* med kort o. (Vestrum 1929: 118)

Det siste poenget er yverlag viktugt, men det veit ikkje Lockertsen å nemna: Fyrellekken i den vanlege uttala av namneformi *Trondhjem*, /²trɥ(ɔ)njæm/, kann vera nedervd frå gamalnorsk og er då i seg sjølv eit argument mot Seip-teorien: /trɥ:n-/ kann vera ljodrett av gno. *Brónd-*.

Til motmælet um at ein ikkje skulde venta palatalisering av *nd* etter lang vokal, svara Seip med å visa til Jørgen Reitan, som hadde sagt at «det er ingenting i veien for å anta at *nd* var palatalisert, sml. *vonŋ* < *vánder*, som finnes flere steder i Trøndelag». Seip held fram (1929b: 119 f):

Hertil kommer at i navnet *Bróndheimr* kan vokalen ha vært forkortet meget tidlig av forskjellige grunner. Endelig må jeg minne om at navnet stundom i det 14de hundreår blir skrevet slik at det er grunn til å tro at *nd* har vært palatalisert i navnet (...).

Jørgen Reitan synest på si sida å ha vore av same meining som Vestrum når det

galdt evt. palatalisering i namnet *Bróndheimr*: «[V]i vet ikke om ordet Trondheim noen gang har hatt palatal nd; flertallet av analoge eksempler med historisk lang vokal taler imot» (Reitan i avisa Nidaros 19. januar 1929, hermt etter Lockertsen, s. 76). I avhandlingi si um kva opplysning målføri gjev um «det gamle navn på byen Trondhjem» (1928), skriv han (s. 9): «Når det gjelder *Trondheim* er det dessuten å merke at de dialektformer av navnet som nu finnes, visstnok overalt mangler palatalitet i *n*.» Han nemner former i fleng, som *Trandeim* (Snm, Nfj, So, Va, Tel, Sæt), *Tråndeim* (Shl), *Tråndæm* (Gbr), *Trandem* (Roms, Sfj, Nhl), *Trannem* (Ød, Sfj), *Tranem* (Ød, Nhl) og, ikkje minst interessant, *Tronheim(en)* frå Sud-Helgeland.

I staden for å fokusera på denne kjensgjerningi rotar Lockertsen seg burt i ymse tilhøve som ikkje gjer noko til eller frå (s. 212):

Dersom vi tek Seip sin utskiljingsteori på alvor og ser bort frå innvendingane over, oppstår det òg problem for Seip sitt resonnement. Palatalisering av /nd/ kan vere mykje eldre enn det Seip føreset, jf. drøfting av alderen på slik palatalisering hos Martin Skjekkeland (1997:108). Samanhengen med kvantitetsomlegginga er vanleg forklaring. Ei anna, som var kjend på Seip si tid, var Amund B. Larsen si. Han forklarte palataliseringa som assimilasjon mellom høgre vokalar (*i, y, u*) og alveolarar. Men rotvokalen i *Trand-* er låg, og i *Trond-* er han bakre anten uttalen er /u/ eller /o/.

Spursmåli melder seg: Koss skulde det vera eit problem for teorien åt Seip at palataliseringi av /nd/ kann vera eldre enn han rekna med? Kann den gamle uttydingi åt Amund B. Larsen, som berre gjeld det fyrste tildrivet til palatalisering, nyttast som argument mot teorien åt Seip?

2. Samanfallet av /ɲd/ med palatalisert *ng* /ɲj/, som kunde gjeva ei uttyding til formi *Tronjæm*, er veikt grunna. Det er i røyndi berre skiftingi *rinjill* ~ *riɲdill* i Selbu som styd uppunder eit tidlegt samanfall millom *nd* og *ng*, og her er forklaringi snarare analogisk enn fonologisk (ny analyse av fyrelekken – tilknytning til ordet *ring*). Attåt kjem det at utfallet av eit slikt samanfall helst måtte verta /ɲj/, som i Selbu, og ikkje /nj/.

3. Grunnlaget for å rekna med ein yvergang frå *nn* til /ɲj/ hev endå veikare grunn: Dei påståtte parallellane frå Söler og Herjedalen kann anten tydst ut med analogi (*finja* etter ja-verb) eller hev eit tvilsamt grunnlag – Reitan skreiv sjølv at det er «uriktig å si at disse to navn på herjedalsk er blitt til Annje og Gunnjil» (i avisa Nidaros 2. desember 1929, hermt etter Lockertsen, s. 79); han hadde høyrst tildriv til slike former hjå éin informant. Attåt kjem poenget åt

Reitan um at slike parallellar ikkje utan vidare kann yverførast til eit radt anna målføre, men lyt vurderast ut frå målføri dei er ein lut av, jf. at sølermålet ligg på grensa for palatalar i norsk og at Reitan talar um «den døende palatalitet» i Herjedalen. Stadnamnet *Mijjildalen* i Uppdal kann forklårast beinveges av eldre *Minnildalen* som ein sporadisk dissimilasjon – utan noko millomstig **Minjildalen*.

4. Voksteren *nn* > /ɲ:/ > /nj/ > /ɲ/, som Seip reknar med, er, i tillegg til å vera veik fundert, uøkonomisk, med di det vert tvo umgangar i trøndsk med /ɲ/. Dette er etter mi meining det veikaste punktet, og det er i grunnen uturvande for teorien åt Seip; det held at *nd* og *ng* fall saman. Det er ingen grunn til å rekna med eit slikt millomstig, for ord med historisk *nj*, som Seip lagde slik vekt på, kann ha fylgt med då ord med opphavleg *ng* vart assimilererte til /ɲ/.

5. Seip gjev ikkje nokon grunn til at namnet *Tronjæm* skulde sleppa undan då konsonantgruppa /nj/ gjekk yver til palatal /ɲ/ att. Som alt hermt skriv han at eit *Tron(dh)jem* etter denne regelen «skulde [...] i dialektene ha blitt *Tronɲem*», men legg so til – for å berga seg: «Men det hindrer ikke at en form som *Trondhjem* kan ha holdt sig fra den tiden den formen var 'lydrett' i dialektene» (Seip 1929a: 32). Atter ser me at Seip tek lettare på ljodlogene enn dei junggrammatiske yrkesbrørne sine.

6. Um me ser burt frå dei andre problemi, måtte me likevel få kronologiske vanskar med å nå fram til formi /²tru(:)njæm/ innan denne formi kjem upp i skrift på 1400-talet. Palatalisert *nd* /ɲd/ og *ng* /ɲj/ heldt seg truleg åtskilde i trøndsk til lenge etter det.

Eksterne argument

7. Her gjev eg Indrebø (1930: 69) ordet:

Skrivemaaten *Trondhjem* (*Trund-*) kom inn i lag med det danske maalet. Han syner seg fyrst i brev paa dansk (1452, 1478, 1483), og han vert seinare òg brukt berre i brev på dansk. Han vart aldri brukt i brev paa norsk. I 80 aar etter 1452 er det mesta berre danskar som brukar denne skrivemaaten, og ovende faae nordmenn.

8. Det finst litterære vitnemål frå 1700-talet um at formi *Trondhjem* er ny i tale-målet. Nordmannen Hans Steenbuch, som hadde gjenge på skule i Trondheim, skriv i eit topografisk verk frå 1763 (hermt etter Indrebø 1930: 72):

Nogle skrive *Trunthiem*, andre *Tronhiem*, da dog det retteste er *Thrandhiem*, ikke aleneste fordi det først hedte *Thrandheim*, men ogsaa fordi bønderne, eller de rette norske indbyggere der omkring kalde det *Thrandheim*.

Formi *Trondhjem* derimot, segjer han, er eit namn som «slet intet fortrin kan have, uden at det er af en nyere fason, og bruges af fornemme folk».

9. Det finst andre, heilt klårt heimvaksne former av bynamnet *Trondheim* (jf. ovanfor), og me hev vitnemål um at minst éi av deim hev vore nytta i sjølve byen. I ei visa frå 1706 kallar forfattaren seg «Trandems-gutt», og i ei visa frå 1745 kallar ein annan seg «majorsaan fraa Tranemmen» (Indrebø 1930: 73).

Som ein skynar av denne gjennomgangen, knyter det seg både interne og eksterne problem til teorien åt Seip, og konklusjonen må verta at *Trondhjem* er ei opphavleg dansk form.

Sluttord

Dette kann tykkjast som ein uturvande opposisjon, etter di eg etter mykje att og fram hev kome fram til same konklusjon som doktoranden i spursmålet um *-hjem* i *Trondhjem* kann koma av norsk ljdovokster. Det eg vonar å ha fenge fram, er at det ikkje er det same koss me argumenterer mot eit påstand. Jamvel um ein er usamd med ein annan forskar, i dette tilfellet Seip, hev han krav på å få tankane sine refererte og framstelte so klårt og rett som råd. Me lyt freista å skyna kva motmennene våre meiner, for berre då kann me få eit godt faglegt ordskifte. Ein bør ganga ut frå den rimelegaste og beste tolkingi av motmannen – den som det er vanskelegast å leggja imot.

Eg skulde ha ynskt at Lockertsen hadde vore meir velviljug andsynes Seip, og at han hadde teke seg betre tid til å setja seg inn i teorien hans um opphavet åt namneformi *Trondhjem*. Trass i alle lyte er det ein forvitneleg teori, som me bør kunna taka stoda til på eit breidast mogeleg grunnlag. Då slepp me vonleg å hamna i den same uvissa som Sigurd Kolsrud, då han vart spurd på dagen då ordskiftet um namneskiftet *Trondhjem* – *Nidaros* byrja i Odelstinget i 1929, um ein *j*-ljod kunde «veksa fram naar ein har i-fengen n-ljod fyre og ein e-ljod etter». Kolsrud svara: «Eg veit ikkje. Eg trur det ikkje. Det er visst ikkje side-stykke til det» (Den 17de Mai 30. mai 1929, hermt etter Lockertsen, s. 77).

Notar

- 1) Eg viser til den prenta utgåva av avhandlingi som kom på Novus forlag i 2007. Den er praktisk tala identisk med avhandlingi som vart forsvart for dr.philos.-graden ved Universitetet i Bergen 8. september 2006.
- 2) Dette er i røyndi formuleringi som Jørgen Reitan kom med av utskiljingsteorien (Reitan 1928: 8).

Litteratur

- Indrebø, Gustav. 1930. *Nidarosnamnet og Trondhjemsnamnet i Noreg. Nye granskingar um bynamnet*. Oslo: Noregs Mållag.
- Larsen, Amund B. 1885. Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold. I: *Det kongl. Vid. Selsk. Skrifter* 1885, s. 37–117.
- Lockertsen, Roger. 2007 [2006]. *Namnet på byen Trondheim. Ein språkhistorisk og faghistorisk analyse*. (Avhandling for graden dr.philos., Universitetet i Bergen.) Oslo: Novus forlag.
- Reitan, Jørgen. 1928. *Hvad oplysning gir våre dialekter om det gamle navn på byen Trondhjem?* (Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs skrifter 1927: 4.) Trondhjem: I kommission hos F. Bruns Bokhandel.
- Seip, Didrik Arup. 1929a. Språklige problemer omkring navnet Trondhjem. *Maal og Minne* 1929, s. 18–34.
- . 1929b. Språklige problemer omkring navnet Trondhjem. 2. Tilsvar. *Maal og Minne* 1929, s. 119–121.
- Vestrum, Arne. 1929. Språklige problemer omkring navnet Trondhjem. 1. En bemerkning (til professor Seip). *Maal og Minne* 1929, s. 118.

Svar til opponert ex auditorio Klaus Johan Myrvoll

Doktoranden takkar for opposisjonen ex auditorio og skal svare kort på innvendingane av lydhistorisk og faghistorisk karakter. Spørsmålet er om ei eventuell nedarva trøndsk lydutvikling er forklaringa på at områdenamnet *Þrándheimr* blir til bynamnet *Trondhjem* i norsk språkhistorie. At dette stod sentralt i den filologiske debatten i mellomkrigstida, inneber likevel ikkje at spørsmålet skal ha eit større omfang i analysen min enn det som trengst for å tilbakevise Seip-teorien.

Det som språkhistorisk og faghistorisk må til, er a) ein kritikk av Seip-teorien ut frå *stand der forschung* i 1930 og b) ein kritikk av Seip ut frå stoda i lingvistikken i dag. Kjeldene frå 1920-talet viser at bruk av lydskrift i framstillinga av namneforma *Trondhjem* i stor monn vantar både hos Seip og hos andre forskarar. Kva Seip «i røyndi» meinte når han skriv om lydhistoria, utan lydskrift, men grafematisk skriv *Trondhjem*, er det god grunn til å freiste finne ut av på anna vis enn innfallsvinkelen opponert ex auditorio har valt.

Doktoranden er likevel samd i at omtalen i avsnittet øvst på side 212 kunne vore meir utførelg og forklarande. Men om så hadde vore gjort, ville opponenten ex auditorio fått eit ekstra kapittel i avhandlinga med side opp og side ned med meir kritikk av Seip, noko han synest det er for mykje av. Utviklinga i fonologisk og morfologisk teori etter 1930 har gjort Seip-teorien mykje enklare å avvise. Trass i at opponenten ex auditorio er samd i dette, og ikkje kjem fram til annan konklusjon i spørsmålet enn doktoranden, finn han det nødvendig å hjelpe Seip med å forklare seg.

Seip ville mest sannsynleg ha betakka seg. Teorien om lokalt lydbrigde frå *Þróndheimr* til *Trondhjem* er inspirert av arkeolog Th. Petersen og er i utvikling gjennom Seip sine ulike skriftstykk frå 1928 til 1931. Og la det vere sagt: Den varianten doktoranden har presentert i avhandlinga, er definitivt den som syner mest velvilje overfor teoretikaren Seip. Teorien føreset heile tida at eit palatalt fonem – i dette tilfellet /ɲ/ – spaltar seg i to nye fonem – ein /n/ og ein /j/. I Seip-teorien spelar det inga rolla om den palataltale n-en har ein /nd/, /d/ eller null lyd bakom seg historisk sett.

Heilt sidan 1928 hadde Seip sjølv høve til å gå imot både Reitan, Vestrum og Indrebø sin syntese av Seip-teorien om splitting av /ɲ/ til /n/ + /j/. Dei hypotetiske utsegnene om palatalar og lydutvikling som opponenten ex auditorio hermar frå Amund B. Larsen, kan vi trygt la kvile i fred. Dei blei aldri meir enn hypotesar og var lite til nytte for Seip. Den som kjenner Seip sin samfunnskontakt som vitskapsmann, veit at professoren nok ville sytt for å få presisert at det var tolkinga til opponenten ex auditorio han i røynda ville ha fram; lydbrigdet /nd/ → /ɲd/ skulle leggest til grunn og ikkje /nd/ → /n:/ → /ɲ/. Som stor professor i samtida, hadde han ikkje problem med tilgang til media. Slik opponenten ex auditorio framstiller teorien i tre punkt, er han blitt *klarare* enn han er hos Seip, men det er ikkje dermed sagt det er Seip sin. La oss no likevel godta at det var dette Seip meinte, men ikkje ville ha det fram. Ei forklaring kan då vere at den klare teorien til opponenten ex auditorio produserer endå fleire problem for Seip-teorien enn dei som doktoranden har kritisert Seip for. Det er t.d. *lange* historiske dentalar/alveolarar som blir palataliserte i trøndsk. Det er dessutan vanleg diakronilæra at lydbrigdet frå /nd/ til /n:/ *først* har skjedd *før* fonemet kan dragast frå *alveoli* eller *dentes* og bak mot *palatum velum* og dermed endre fonetisk karakter. Dessutan blir /ɲ/ eit nytt fonem, for /n/ og /j/ blir minimale par – ikkje allofonar av same fonem, slik Eva Sivertsen hevda og som Finn Myrvang avviser, jf. avhandlinga s. 212. Doktoranden kunne nok ha formulert seg tydelegare der. Poenget ut frå samanhengen er at det går ei linja frå Seip og fram til Sivertsen der palatalane ikkje blir forstått som egne fonem, og dette fører til låk lingvistikk.

Når Seip sin teori er så uklar som opponenten ex auditorio heilt korrekt peikar

på – vel å merke etter at opponenten sjølv har mistydd han – har det òg sine retoriske grunnar. Seip forsvarar seg mot Vestrum, Reitan og Indrebø med det ein i dansk retorikk kallar *sort tale*. Når Seip ikkje klarte å vise tydeleg at namneforma *Trondhjem* var vaksen fram i nedarva trøndsk tale, kunne han i alle fall halde fram med å stille spørsmålet om det ikkje *kunne* ha vore slik. Sidan det ikkje kunne avvisast, var det språkpolitisk viktig å halde liv i *tvilen* kring spørsmålet om forma *Trondhjem* var av dansk opphav. Dette blei til fulle oppnådd, jf. leiaren i *Arbeider Avisen*, Nidaros, 31. januar 1931 (sitert i avhandlinga s. 225) like før lov om namnet på byen Trondhjem var oppe for tredje gong i Stortinget der dei vedtok namneskifte frå *Nidaros* til *Trondheim*.

Problematiseringa av lydtilhøva og lydhistoria til orda *rindill*, *Gunnhild* og *Minnildalen* – i tillegg til utsegner om hypotetiske lydhistoriske stadium i språkhistorisk utvikling av *Prándheimr*, som skal ha komme og forsvunne i (sein)mellomalderen – er ikkje dokumentasjon, men svart tale i den seipske retorikken. Opponenten ex auditorio har komme i skade for å bevege seg litt inn på same argumentasjonsvegen.

Urbane namn og kulturell identitet

Offisiell namngjeving i ein europeisk kulturhovudstad

Av Inge Særheim

As appointed European capital of culture in 2008, Stavanger and the neighbouring city Sandnes have made commitments to promote cultural identity and heritage in years to come. This is expressed in the values, goals and vision of the Stavanger 2008 cultural programme. In what way do the official names (street names etc.) and naming criteria of the two cities match these values and goals, and the vision "Open port"?

The names of the two cities give an impression of great diversity, with regard to historical background, semantic content, grammatical form and spelling. The origin and content of the names reflect historical traditions, events and various aspects of the cities and its surrounding district, sometimes also of the nation and the international community. The cultural dimension also applies to the development of mentality and attitudes, as well as the linguistic form. In spite of some examples of inconsistency in the street name material, of lacking public information about the origin of the names, and some examples where constructed names have been chosen instead of the names that already existed in the area, the official names of Stavanger and Sandnes seem to help promote cultural curiosity and create regional identity, and thus match the values and goals of the Stavanger 2008 cultural programme. They represent cultural heritage and development and will, hopefully, contribute to the vision of open ports.

1. Urban namngjeving

I moderne byar kan den offisielle namngjevinga gjerne seiast å vera ein del av byplanlegginga. Namna blir vedtekne av politikarar, etter framlegg frå administrasjonen, og ofte etter innspel frå folk som bur i området. Ein følgjer spesielle prosedyrar og namngjevingsprinsipp som er fastsette av politikarane. Kulturelle aspekt som lokal tradisjon, kulturarv og identitet er gjerne retningsgjevande blant namngjevingskriteria. Innhaldet i dei offisielle namna – namn på gater, vegar, plassar, bydelar m.m. – reflekterer ofte historiske tradisjonar, verksemder, hendingar og andre sider ved byen og det omgjevande distriktet, stundom òg ved nasjonen og det internasjonale samfunnet. Den kulturelle dimensjonen kan òg gjelda sjølve namneforma og skrivemåten.

Offisiell urban namngjeving vik i regelen av frå den vanlege – normale – namngjevinga av stader, i og med at namna oftast ikkje har vakse fram på naturleg måte i eit lokalmiljø. Namna har blitt til med bakgrunn i preferansar til politikarar og etter deira vedtak. Mange offisielle namn i byane har lite og gjerne inkje samband med tradisjonar, verksemder eller hendingar i lokalmiljøet – korkje i vedkomande by eller i tilgrensande område. Dei er stundom henta utanfrå, og står i slike høve som innslag frå det nasjonale og internasjonale samfunnet, med andre ord for kulturimpulsar og verdiar som politikarane ønskjer å fremja og integrera i det daglege livet i byen.

I mange byar finst det likevel offisielle namn som har blitt til på vanleg måte ved at dei gradvis har vakse fram i lokalmiljøet og festna seg som namn på ein veg, ei gate, ein plass eller eit område. I eldre byar gjeld det t.d. mange av dei eldste gatenamna, namn som alt var i bruk om ei gate eller ein plass før det blei sett ned ein offisiell gatenamnkommisjon og gjort vedtak om kva som skulle vera offisielle namn på vedkomande stader. Dei siste åra har dessutan namngjevinga i mange byar og tettstader vore prega av eit sterkt ønske om å bruka det namnetilfanget som alt fanst i området ved ny namngjeving av gater, vegar og plassar, bl.a. for å fremja lokal kultur, tilhøyring og identitet. Men ofte er det lagt nye endingar til dei gamle namna, som *-gata*, *-vegen*, *-bakken*, *-svingen*, *-kroken* o.l.

I tillegg til dei offisielt vedtekne namna finst det uoffisielle namn i byane. Dei er brukte i dialektforma, stundom med innslag av humor, og stundom som alternativ til eit offisielt namn. Eit døme frå Stavanger er *Ølklemma* /'ø:lklemå/ frå austre bydel, der ein tidlegare fleire stader kunne kjøpa øl og brennevin, «dengang et Sodoma», ifølgje Henriksen (1953:90), som legg til: «nu er heldigvis disse forfærdelige tilstande næsten forsvundne» (loc.cit.). Andre døme er *Lygarsgata* /'ly:garsga:då/ (brukt om øvre delen av Hetlandsgata; etter ein person med tilnamnet *Lygar*), *Sorpegeilen* /'sorpejeilen/ (brukt om *Tidegeilen*) og *Skitnesmauet* /'sjitnesmaue/ (Berntsen 1939:45 f., 90, 102, Lous 1868:103). *Drolleholå* /'drålehå:lå/ er ei lita vik i austre bydel der husa låg så nær sjøen at

innhaldet i doa kunne gå rett i sjøen (Bang-Andersen 1985:108), jf. *droll* m. «stor mannelort» (NO 2 149), no kalla *drolt* m. i målføret. Namnet *Varmen* /'varmen/ er brukt om eit arbeidarstrok i austre bydel. Bakgrunnen kan vera varme og røyk som tidlegare kom frå dei mange industriverksemdene og fabrikkpipene i denne delen av byen, jf. *Dampa* /'dampå/ frå Sandnes med liknande opphav (Bang-Andersen 1985:91, 108, Særheim 1988:128).

Fleire av dei offisielt vedtekne namna blir i dagleg tale nytta i ei form som vik av frå den normerte forma, men som samsvarar med det lokale målføret. Frå Stavanger kan nemnast /'sø:raga:då/ for *Søregata*, /'tårjå/ for *Torget*, /'ny:tårjå/ for *Nytorget*, /'ne:ra "hålmaga:då/ for *Nedre Holmegate*, /'hålbërsga:då/ for *Holbërsgate*, /'to:rsasmaue/ for *Thorsesmauet* og /'silakro:gen/ for *Sildekroken*. Avvika kan, som ein ser av døma, både gjelda grammatisk kjønn, bestemtheit og komposisjonsmåte.

2. Stavanger 2008 – visjon, verdiar, mål

Som europeisk kulturhovudstad i 2008 – saman med Liverpool – har Stavanger og Sandnes forplikta seg til å fremja kulturell identitet og kulturarv i åra som kjem. Dette er uttrykt i mål, verdiar og visjon for *Stavanger 2008*. Visjonen, «Open port», skal i tillegg til tydinga i norsk språk, 'open port', kunna forståast i den engelske tydinga 'open hamn'. Med utgangspunkt i eigen tradisjon og historie ønskjer dei to byane å inkludera impulsar frå heile verda og slik forma framtida. Blant dei formulerte måla for Stavanger 2008 finn ein kulturell nyfikenkap og toleranse, dessutan regional identitet og stoltheit. Av verdiar kan nemnast bl.a. kulturarv og utvikling.

Visjonen, verdiane og måla for Stavanger 2008 kan relaterast til ulike sider ved byens liv og kultur. Eitt område av interesse er dei offisielle stadnamna. I kva grad kan ein seia at vedtekne namn og namngjevingskriterium lever opp til visjonen, verdiane og måla for dei to byane som europeisk kulturhovudstad? Korleis kjem kulturell identitet og kulturarv til uttrykk i gate- og vegnamna i Stavanger og Sandnes? På kva grunnlag kan ein hevda at namna – både ved tydinga og forma – speglar eigenarten til desse byane og innbyggjarane, t.d. når det gjeld historisk utvikling, samfunns- og folkeliv, førestellingar, haldningar, språkbruk og språkkultur?

I denne samanhengen vil det vera av interesse å sjå på kva for innhald og bodskap som ligg nedfelt i dei eksisterande namna i dei to byane, men òg på kva for verdiar, kultur og identitet som politkarane *ønskjer* å fremja gjennom den offisielle namngjevinga. Korleis har dei lukkast i å få fram det som er særmerkt og unikt for dei to byane, og korleis har dei prøvd å gje uttrykk for verdi- og kulturfellesskap, altså sams verdigrunnlag og identitet med andre menneske, grupper og samfunn?

3. Offisiell namngjeving i Stavanger og Sandnes – prinsipp og prosess

I dei største og eldste byane her i landet går den offisielle namngjevinga av gater, vegar, torg m.m. attende til tidleg på 1800-talet – men fleire av namna i vedkomande byar er frå mellomalderen. Bergen etablerte gatenamnkommisjon i 1822, Oslo i 1847 og Stavanger i 1861 (Stemshaug 1985:140, Næss 1967). I Stavanger vurderte kommisjonen dei namna som alt var innarbeidde, bl.a. namn på gater, smau og torg, og dei føreslo nye namn der det var nødvendig. Fram til i dag har politikarane i Stavanger og Sandnes i tråd med byutviklinga jamt vedteke nye namn på gater, smau, torg o.a., og dei har fastsett skrivemåten.

Bystyret i Stavanger har òg fastsett namngjevingsprinsippa som skal gjelda for byen. Innbyggjarane i eit område er inviterte til å føreslå namn. Det er ei sterk oppmoding om å nytta stadnamn som alt finst i eit område. Skrivemåten skal, ifølgje vedtekne retningsliner, vurderast av statens namnekonsulentar, og vedkomande bydelsutval får høve til å uttala seg om namneframlegga. Det endelege vedtaket blir gjort av byens gatenamnutval. Liknande prinsipp ligg til grunn for namngjevinga i Sandnes, men der er det visstnok ikkje gjort eige vedtak om dette. Det offisielle gatenamnregisteret for Stavanger omfattar ca. 1750 namn, medan Sandnes har 800.

I 1960 blei grensene til Stavanger og Sandnes utvida. Område som høyrde til nabokommunane blei innlemma i dei to byane; for Stavanger galdt det Madla og noko av Hetland, medan Høyland og store delar av Høle og Hetland kom inn i Sandnes. Med nærare 190 000 innbyggjarar er Stavanger og Sandnes Noregs tredje største tettstad, etter Oslo og Bergen, men med klart større prosentvis vekst i folketalet i den siste 50-årsperioden enn dei to større tettstadene (Helle et al. 2006:500). Det er berre ca. 15 km mellom bysentra i Stavanger og Sandnes.

4. Namngjeving av gater, vegar m.m. i Stavanger og Sandnes

4.1 Mellomalderen

Fleire offisielle namn i Stavanger går attende til mellomalderen – til *civitas Stavangrensis* (jf. Helle 1975:131 ff.). Bynamnet, gno. *Stafangr*, er ofte nemnt i skriftlege kjelder frå denne perioden. Det er samansett av gno. **angr* m. 'fjord, våg' og *stafr* m. 'stav, stokk', vel med bakgrunn i Vågen og kanskje neset på austsida, *Skagen* /'ska:gen/ (jf. alternative tolkingsframlegg i Særheim 2007:216). Det sistnemnde, som tyder 'rett (beint) nes' (jf. gno. *skagi* m. 'skage, odde, nes'), er òg nemnt i kjelder frå mellomalderen, som gardsnamn, jf. *de Skaganom* 1296 og *a Skaghanom* 1311, dessutan *aa inzsta-Skaghanom* 1362 og *a Midskaganom* 1391. I dag er det namn på ei gate langs vågen. I mellomalderen vart denne gata kalla *Nedregata*, medan den noverande *Kirkegata* (tidlegare *Holmegata*/*Holmegaden* og *Urgata*/*Urens gade*) heitte *Øvregata* (Berntsen 1939:56).



Figur 1. Rekonstruksjon av Stavanger ca. 1300. Denne modellen, som er laga av Reza G. Ghoumi, står på Stavanger museum. Foto: Arkeologisk museum i Stavanger.

Nokre gatenamn viser til institusjonar – ofte religiøse – frå mellomalderen. *Olavskleivå*, *Olavstrappa* og *St. Olavsgata* siktar til eit Olavskloster på denne staden. *Kannikbakken* og *Kannikgata* er knytte til eigedommen til kannikane (medlemmer av domkapitlet, presteskapet) ved domkyrkja, St. Svithunskyrkja. Denne kyrkja tok ein til å byggja i 1120-åra, men på den tida stod det alt ein eldre kyrkjebygning på denne staden, vel bygd i eit tidlegare hundreår (Helle 1975:93 ff.). *St. Svithuns gate* har namn etter Stavangers skytshelgen, Svithun, biskop i Winchester (England) på 800-talet. Også *Kirkegata* viser til domkyrkja og fleire andre kyrkjer i dette området. *Pedersgata* og *Pedersbakken* har bakgrunn i Petrikyrkja, St. Peters kyrkje, og det tilknytte hospitalet, grunnlagt i 1270 av kong Magnus Lagabøte. Den sistnemnde institusjonen er nemnd i *Hospitalgata*.

Bispestolen i Stavanger vart grunnlagd i 1120-åra, truleg i (eller kring) 1125, då ein har rekna med at byen vart grunnlagd. Denne institusjonen er nemnd i *Bispegata*, *Bispebrygga* og *Bispeladegård* (bispens ladegard), medan *Biskop Njåls gate* og *Biskop Reinalds gate* inneheld namna til to mellomalderbispar. Katedralskulen, som òg er grunnlagd i denne perioden, er truleg nemnd i *Skolebekken*. Ei mindre rimeleg tolking av føreleddet, til *skola* vb. 'skylja, vaska', skal vera føreslått av Jens Tvedt (Berntsen 1939:168). Jamvel tidlegare teignamn

er representerte blant namna frå gamlebyen. *Arneageren* ‘Arnes åker’ er knytt til garden *Arnegard*, som er nemnd i 1404 (j *Aarne gardhe*).

Frå den eldste delen av byen finst det med andre ord ein slump med namn som reflekterer den tidlegaste fasen av byutviklinga, først og fremst at Stavanger var eit viktig religiøst senter – og by – i mellomalderen. Nokre av desse namna vart òg nytta som namn i denne perioden. Slike namn er viktige kulturhistoriske bindeledd og bidrag til det kollektive minnet og medvitet om byens eldste historie.

Sjølv om fleire gatenamn i Stavanger refererer til mellomalderen og institusjonar frå denne perioden, finst det andre namn i skriftlege kjelder frå denne tida som ikkje er med blant gatenamna. Dette gjeld særleg gards- og busetnadsnamn, t.d. *Nasargard* (nemnd 1302), *Katlaregard* (*Katlaregarør* 1298), *Bratten/a* (*Brattenom* 1342, j *Brattenom* 1348, at *Brattenom* 1440; tidlegare hadde ein *Brattegata*), *Simonsgard* (j *Simunar garde* 1354), *Ingemundsgard* (j *Ingimundargardi* 1362), *Steinsgard* (j *Stæins garde* 1383), *Svaddagard* (j *Suad-dagarde* 1379), *Kriken* (j *øfra Krikenom* 1431, neste *Krikeren* 1444, *Midhkrikin* 1445), *Kokshus* (*Kocshws* 1562), jf. Helle 1975:150 ff. Eit anna namn frå byens



Figur 2. Stavanger domkyrkje, Svithunskyrkja. Ein tok til å byggja på denne kyrkja i 1120-åra, men då stod det alt ei eldre kyrkje på denne staden. Biletet er teke 12. januar 2008, den dagen kulturhovudstadsåret vart offisielt opna av H.M. Kong Harald. Foto: Inge Særheim

tidlege fase som fortener å bli teke vare på som offisielt namn, er *Grimsåkeren*, brukt om eit område vest for Vågen (ovanom Strandkaien). Om ein hadde innlemma også desse namna blant dei offisielle gate- og områdenamna, ville også desse stadene og institusjonane ha vore del av det kollektive minnet.

Sandnes, som for tida er ein av Noregs raskast veksande byar, vart grunnlagd i 1860. Namnet tyder 'nes med sand (og grus)', som truleg siktar til neset ved den gamle dampskipskaien (Særheim 1988:125). Sjølv om Sandnes er ung som by, har tettstaden no ekspandert til tidlegare landbruksområde der det har vore samanhengande jordbruk sidan bronsealderen og yngre steinalder. Nokre av dei eldste stadnamna i den noverande tettstaden kan vera frå desse periodane.

4.2 Bruk av eksisterande stadnamn – topografiske namn og gardsnamn

Mange gatenamn inneheld topografiske namn – t.d. namn på eit vatn, ei å, ei vik, eit nes, eit fjell, ei myr. Fleire av dei er gamle, nokre frå mellomalderen, og eldre enn vedkomande gate eller veg. Dei gjev eit inntrykk av korleis landskapet var før det vart innlemma i byen. Døme frå gatenamnkommisjonen i 1861 er: *Østervåg* (gno. **Øystri-*, 'den austre vågen'), *Valbergjet* (inneheld kanskje gno. *valr* m. 'falk', i så fall 'falleberget'), *Urgata* (etter det gamle namnet *Ura* 'steinura'), *Jorenholmogata* ('Jorunns holme') og *Øvre Holmegate*. Det sistnemnde siktar til *Holmen* /'hålmnen/, som tidlegare vart kalla *Kuholmen*, med bakgrunn i at kyrne pla beita der. Holmen er no fast land og bygd ut.

Då dei to byane ekspanderte til område som tidlegare høyrde til grannekommunar, vart mange namn frå desse 'nye' områda innlemma i gatenamna. Døme frå Stavanger er: *Skjelbreidveien* (Nordra Sunde; inneheld bruksnamnet *Skjelbrei*, gno. **Skjaldbreiðr* 'brei som ein skjold'), *Mjughaug terrasse* (Nordra Sunde; *Mjug-* er kanskje omlaging av *njuk* m. '(berg)topp'), *Snarehaugen* (Auglend; kan ha bakgrunn i fuglefangst ved hjelp av snarer), *Rustå* (Madla; *rust* f. 'grasbakke'), *Nautholmveien* (Jåttå; ein holme der kyrne pla beita), *Tasabekken* (Søra Sunde; ein bekk, føreleddet *tase* m. er i dialekten nytta om 'daud sau') og *Skredbakka* (Nordra Sunde; ein bakke med jordras).

Frå Sandnes kan nemnast: *Kjervastadveien* (Austrått; inneheld det tapte gardsnamnet *Kjervastad*, skrive *Kierffuestad* ca. 1620, truleg frå jernalderen), *Rossalandtunet* (Lura/Trones; etter ein eldre gard *Rossaland*, skrive *Rosseland* 1616, vel frå jernalderen), *Giljarhauggata* (Hana; har truleg bakgrunn i at ein her har halde utkik etter fisk, jf. *gilja* vb. 'speida, halda utkik'), *Espedalsveien* (Austrått; ein dal med ospetre), *Håholen* (Lura; ein 'høg' hol), *Iglemyrveien* (Austrått; tyder eigentleg ei myr med iglar; iglar vart tidlegare nytta til blod-suging), *Grovene* (Sandve; 'grover, grøfter') og *Jønningsheiveien* (Stangaland; uvisst opphav).

Fleire av desse namna har bakgrunn i aktivitetar og arbeidsprosessar innom

landbruk, fiske, skipsfart o.a. Dei inneheld ord og grammatiske former som har vore – og dels er – vanlege i målføra i området. Denne typen namngjeving samsvarar med tilrådinga i vedtekne retningsliner om å nytta eksisterande stadnamn når ein gjev namn til nye gater, vegar o.a. Slike namn vil kunna medverka til auka medvit og kunnskap om den lokale tradisjonen, kulturen og historia, og til identitetskjenle.

4.3 Aktivitetar og tradisjonar

Mange aktivitetar og tradisjonar er nemnde i dei gamle veg- og gatenamna. Stadnamna har i regelen nær tilknytning til kommunikasjon, ferdsl og transport. Nokre av dei nemner retninga. *Helandsgata*, *Lagårdsveien* og *Gamle Somavei* er dei gamle vegane til gardane Hetland, Lagård (båe Stavanger) og Soma (Sandnes). Gater med namn som *Strandgata*, *Nedre Strandgate* og *Øvre Strandgate* fører til hamna med båtstøer og naust ved fjorden – her *Straen* (Stavanger) og *Nordrestranden* (Sandnes). *Nedre Tastašjøen* (Tasta) inneheld ordet *sjø* m. (vanleg i Nord-Rogaland) i tilsvarande tyding som *strand* i Sør-Rogaland. *Buseneset* er eit nes ved Hafrsfjord der ein tidlegare kunne ta båt for å kryssa fjorden – samansett med gno. *búza* f. ‘stort, breitt skip’. Som føreleddet fortel, er *Tjordveien* (Ullandhaug) den gamle vegen for vanlege ‘folk’.

Torget (uttala /'tårjå/) og *Timianstorga* (ikkje lenger i bruk som offisiell adresse) er namn på gamle handelsplassar; det sistnemnde inneheld kryddernemnet *timian*. *Rosenkildegata* inneheld namnet på eit gammalt handelsselskap, *Handelshuset P.V. Rosenkilde & Søn*, etter Peder Valentin Rosenkilde (1772–1836), som budde i Rosenkildehuset på Strandkaien.

Gammalt handverk er bakgrunn for mange gatenamn i dei to byane. *Kiprå* /'Kiprå/ og *Bøkkersmauet* viser til bøkker (tønnemakar), *Høkkergata* til høker (småhandlar, uttala /'hyker/ i dialekten), *Garvergata* til garvar, *Skreddersmauet* til skreddar, *Spinnargata* til spinnar, *Seilmakergata* til seglmakar, *Smeaheiveien* til smedar og *Pottemagerstraen* (ikkje lenger i offisiell bruk) til pottemakar.

Sandnes er som tettstad og by grunnlagd på leirindustri, teglverk og pottemakarverksemd, noko som òg har vore opphav til fleire gate- og vegnamn, t.d. *Simonsbakken*, som inneheld namnet til ein nestor i potteriverksemda, Simon pottemakar, dvs. Simon Asbjørnsson (1807–1875). Han medverka òg sterkt til å gjera sandnesgauken – sjøve bysymbalet – populær. Andre døme er *Teglverks-gata* (teglverk), *Gravarsveien* og *Altonagata* (to gamle teglverk). Verksemda *Altona*, som vart grunnlagd i 1854, har namn etter arbeidarar frå Altona (no del av Hamburg) i Nord-Tyskland, som flytte til Sandnes og tok del i denne industrien. Også andre stadnamn frå dette området har bakgrunn i dei tyske arbeidarane, t.d. *Tyskarkjelda* /'tyskarKelå/, ei vasskjelde der dei henta vatn (Særheim 1988:126 f.).

Fleire gatenamn i Stavanger siktar til skipsverft og skipsfart: *Little* og *Store Skippergate* (skipper), *Verven* (skipsverft), *Steinkargata*, *Dokksmauet* og *Støperigata* (dei tre sistnemnde viser til dokker). *Banevigsgata* (tidlegare kalla *Breia-gata* /"breiaga:då/) ligg ved Banavika, med namn etter den store reiparbanen i Strømsteinen. *Tårngata* (Storhaug) har bakgrunn i eit tårn som tidlegare var seglmerke; her budde det elles ein vektar, kalla *tårnvektaren*. I stroket kring *Arbeidergata* i austre bydel budde det arbeidarar – folk som arbeidde på reiparbanane og verfta (*verva*), i sjøhusa i sildesaltingstida, og seinare i dokkene. I nyare tid har gater jamvel fått namn som viser til oljeindustrien: *Petroleumsveien* (1985), *Statfjordveien* (1987) og *Heidrunveien* (1987) – dei to sistnemnde etter store oljefelt i sjøen.

Mange gate-, veg- og områdenamn omtalar jordbruksjord og tradisjonar innom landbruket. Slike nemne finn ein særleg i yngre gate- og vegnamn, men òg stundom i eldre bydelar. *Løkkeveien* /"lykeveien/ har namn etter Eiganesløkkene, mange lykkjer (grasmarker) som låg i utkanten av den gamle byen. *Kjelvene* inneheld det lokale ordet – jærordet – for 'grasmark, eng'. Liknande innhald har føreledda i *Vodlaveien* ('eng') og *Ækreveien* ('eng som tidlegare var åker'), jf. òg *Revheimsslåttå* (slåttemark) og *Midtåkerveien* (åker). *Molkeholen* siktar til mjølking av kyrne ved denne haugen, medan *Markageilen* er ein krøttersti til utmarksbeita og *Skjeneholen* ein haug der kyrne pla springa (*skjena*) med halen i vêret på varme sommardagar for å sleppa unna fluger og klegg. *Dugane* har bakgrunn i at dette jordstykket var myr før det vart dyrka, og *Torvbeen* i at det tidlegare vart skore torv på denne staden. Ved *Møllegata* stod det tidlegare ei vindmølle. *Bergelandsgata* inneheld namnet på ein gammal gard som låg nær den eldre bykjernen, medan *Spilderhauggata* og *Spilderhaugsmauet* har namn etter ein husmannsplass. Namn på bydelar (byområde) som *Hetlandsmarka*, *Våland*, *Tjensvoll*, *Eiganes*, *Tasta*, *Hinna*, *Stokka* mfl. inneheld gamle gardsnamn.

Nemne for fiske finn ein i *Plenting* (eigentleg eit skjer), som vel er avleidd av *plente* 'feste for landnot'. Andre døme er *Fiskepiren* /"fiskapi:ren/ 'utstikk-arbryggje', *Mortebakken* (ikkje lenger nytta) og *Morteveien* (*mort* 'seieyngel, småfisk').

Namna skildrar ulike sider ved den gamle byens liv, kultur og tradisjonar. *Skansegata* ligg nær det gamle hamnebatteriet. *Tjuvholmen* og *Steilebakken* (ikkje lenger brukt) er gamle rettarstader, jf. *stegla* vb. og *stegl* n. 'kvass stong under hjulet som ein la avretta brotsmenn på'. Tilsvarende namn førekjem andre stader med liknande bakgrunn, jf. *Tjuvholmen* i Eigersund og Sokndal (Midbrød 1995:13 f.). *Laugmannsgata* har namn etter byens siste lagmann, jf. òg *Amtmannsmauet*. *Brønnngata* viser til ein offentleg brunn som tidlegare var i denne gata, *Badehusgata* til eit offentleg badehus, og *St. Hans gate* til ein

gammal samlingsstad for feiring og bålbrekking på jonsok. *Asylgata* har namn etter ein institusjon, eit asyl, der små born frå arbeidarfamiliar fekk god oppseding medan foreldra var på arbeid. *Skolegata* har bakgrunn i to skular, Stavanger Arbeidsskole for Gutter og Johannes skole, baa frå 1879. *Klubbgata* har namn etter ein – enno eksisterande – institusjon (klubb) der menn frå over- og mellomklassen pla møtast for å drikka og konversera (er modell for Klubben i Kiellands dikting). Jamvel namnet *Sladresvingen* førekjem.

At Stavanger har endra seg gjennom åra, fortel elles namnet *Trafikkgata* – i dag er det lite utmerkjande, for trafikk i gatene er det vanleg; eit namn *Gågata* vil derimot fungera utskiljande. Namnet *Privatgata* er laga nærast i protest mot offentleg regulering av gater og gatenamn. På folkemunne vart gata kalla *Smalagadå*. Gatenamnkomiteen føreslo at namnet til legatstiftaren Christian Jacobsen skulle festast til gata, dessutan at privat opparbeidde gater skulle kallast *smug*, for å skilja dei frå regulerte gater. Vedtaket blei *Christian Jacobsens smug*. Men dette ville ikkje dei som budde i gata finna seg i. Dei tok saka i eigne hender, fjerna skilta med det vedtekne namnet og sette inn ein annonse i avisene i byen, der dei bl.a. skriv at dei fåfengt har prøvd å få kommunestyret til å endra *-smug* til *-gate*: «Vi have saaledes nu givet Gaden Navn af, hvad den oprindelig er «Privatgaden» og skulle vi selv sørge for ordentlige Skilter med sidstnævnte Angivelse opslaede i det nedtagne Sted.» Brevet er datert 17. januar 1884. Namnet *Privatgata* vart vedteke i 1927 (Berntsen 1939:80 f.). Også det fortel byhistorie.

Somme namn har samband med religiøst liv – kyrkjesamfunn, frikyrkjesekter, misjonsarbeid, indremisjon etc. Stavanger blir gjerne oppfatta som senter for bibelbeltet og misjonsarbeid i Noreg. *Misjonsveien* ligg ved Misjongården, som er sete for den eldste misjonsorganisasjonen i Noreg, Det Norske Misjons-selskap. *Brødregata* har namn etter Brødremenighetens forsamlingshus, ei religiøs gruppe som har bakgrunn i herrnhutrørsla. *Stiftelsesgata* siktar til ein heim for foreldreause jenter, driven av den lågkyrkjelege haugerørsla, med Hans Nielsen Hauge som leiar. *Haugvaldstads gate* har namn etter Jon Haugvaldstad (1770–1850), som var sentral i haugerørsla og ved skipinga av Det Norske Misjonsselskap (i 1842). Han var fargar i Østervåg, starta bakeri, kledefabrikk, sildesalteri og andre industriverksemder, og han fekk oppretta Josefinestiftinga for oppseding av foreldreause fattige jenter. *Emmausveien* og *Vaisenhusgata* har bakgrunn i ein eigedom og heim for foreldreause gutar, driven av indremisjonen, som vart leia av den lokale religiøse gründeren og bedehusbyggjaren (og stortingsmannen) Lars Oftedal.

Som det går fram av døma, speglar mange gate-, veg-, plass- og områdenamn viktige fasar ved utviklinga av dei to byane og ulike sider ved arbeidslivet og kulturen i bydelane. Innhaldet i namna ber preg av stort mangfald. Som offisi-

elle namn og adresser er dei med på å formidla medvit og kunnskap om lokal historie og kultur og skapa identitet blant innbyggjarane.

4.4 Oppkalling av personar – memorialnamn

Mange gater og plassar er oppkalla etter folk, oftast personar som har hatt ein viktig posisjon på ein eller annan måte. I Stavanger gjeld det ca. 390 gatenamn og snautt 370 ulike personar. Ofte – men slett ikkje alltid – har personar som er oppkalla ei eller anna tilknytning til byen, noko som i større grad gjeld mennene som er oppkalla, enn kvinnene. Personane som er oppkalla, representerer oftast overklassa, embetsstanden, eller dei kjem frå mellomklassa, forretnings- og handelsstanden. Utvalet av folk som er valde ut til å vera representerte i dei offisielle namna i byen, gjev eit bilete av rådande verdiar i samfunnet i samtida, i alle høve verdiane til folk i sentrale posisjonar.

Relativt få gater har fått namn etter kvinner, i Stavanger gjeld det berre 50 gater, mot ca. 338 som er namngjevne etter menn. Før 1950 hadde berre to gater i denne byen fått namn etter kvinner; eitt av dei to namna er no teke ut, nemleg *Oline Lunds gate* (ho var organist; vedteke 1927), berre *Bolette Wieses gate* (ho starta ein skule for jenter; vedteke 1918) står att. Med kommunesamanslåinga i 1960 kom elles *Frida Hansens vei* (vedteke 1901) frå Hillevåg (tidlegare Hetland) inn blant byens namnetilfang.

Blant dei 49 kvinnene som er oppkalla (ei av dei har gjeve namn til to gater), har berre 13 klar tilknytning til Stavanger og tilgrensande område, dvs. 26,5 %. Mange av kvinnene er med andre ord henta utanfrå, t.d. frå kunst- og kulturlivet (*Sigrid Undset, Anne Grimdalen, Erika Nissen, Lalla Carlsen*), vitskapsverda (*Botaniker Resvoll, Kristine Bonnevie*), idrett (*Sonja Henie*), kongefamilien (*Dronning Maud, Kronprinsesse Märtha*) og mellomalderhistoria (*Åsta kongsmor, Ragnhild, Dyveke, Sigbrit*). Nokre av personane har vore framstående representantar for kvinnesaka (*Betzy Kjelsberg, Fredrikke Qvam*).

For mennene er det annleis. Av dei 318 mennene som er oppkalla, har heile 113 klar tilknytning til Stavanger, dvs. 35,5 %. Det gjeld personar frå byen som har utmerka seg i handel og næringsliv, politikk, utdanning, kultur, samfunnsliv m.m. Oppkallinga av menn frå byen går attende til det førre hundreårskiftet og jamvel tiåra før. Tilsynelatande har det vore fleire framstående personar frå området å velja mellom blant mennene enn blant kvinnene. Men bak desse tala ligg det nok først og fremst eit verdisyn: mennene sine merittar har gjennom historia blitt verdsette høgare – har hatt større verdi – i samfunnet enn gjeremåla til kvinnene. Frå og med 1950- og 1960-åra gjer kvinnene sitt inntog i namnetilfanget, men personane som blir oppkalla, er, som nemnt, ofte henta utanfrå, frå den nasjonale arenaen. Særleg i dei to tiåra 1970- og 1980-åra er kvinnene godt representerte, med 30 gatenamn mot 63

med mannsnamn som føreledd. I 1980-åra finn ein t.d. åtte kvinnenamn og elleve mannsnamn.

Eit anna drag som òg har samanheng med kjønnsdimensjonen, gjeld bruken av tittel framom personnamnet. Tittelen er teken med i fleire gatenamn for å få fram ein viktig posisjon, anten framom det fulle namnet, eller framom etternamnet: *Consul Sigval Bergesens vei* (konsul), *Losoldermann Natvigs vei* (losoldermann, leiar for losane), *Rektor Steens plass* (rektor ved katedralskulen). Denne typen namngjeving samsvarar med haldningar til kjønna – menn og kvinner – i siste delen av 1800-talet. Menn frå over- og mellomklassen vart omtala med tittel (yrke eller utdanning) og namn. Kvinnene blei omtala med etternamn – for ei gift kvinne nytta ein etternamnet til mannen – og førestilt *Fru* eller *Madam*, avhengig av sosial klasse. Ugifte kvinner blei omtala med etternamn og førestilt *Frøken* eller *Jomfru*, avhengig av sosial klasse. Ulikskapen i omtale og tiltale av menn og kvinner i siste delen av 1800-talet kjem klart til uttrykk i realistisk og naturalistisk diktning frå denne perioden, bl.a. i romanane til Alexander L. Kieland og Arne Garborg (Særheim 2001, 2006).

- 10) Undset skriver *Gregorius* og hentyder eksplisitt til at han drepte dragen. Men dette er feil: Det var Georgius som drepte dragen. Enten må Undset altså ha tatt feil, eller også er det snakk om trykkfeil.

- 11) Det var dette stoffet som senere ble til *Kristin Lavransdatter* i en sterkt omarbeidet versjon.
- 12) Brev til Andrea Hedberg (Dea) datert 6/11-1901.
- 13) Dette romanutkastet ble senere til *Olav Audunssøn*.
- 14) Datert 13/7-1902.
- 15) Her behandles bare et utvalg av navnene.
- 16) For så vidt er det feil å si at disse navnene er 'forsvunnet'. *Vadin* lever for eksempel videre i formen *Vøyen*, og er altså nedbygget fonetisk, men ikke *forsvunnet*.
- 17) I *Norske Gaardnavne*, bd. 2, s.101, finner man omtalt gården *Berg* i Akershus amt, med beskrivelsen «Gaarden ligger på en liden isoleret Høide». Det er ikke nødvendigvis denne gården Undset har hatt i tankene, men det *kan* ha vært den som inspirerte henne.
- 18) «Grunnlaget for *-ar* i dei enskilde namna er ofte uklårt av di fleire ledd frå eldre språksteg har falle saman i norr. *-arr*. [...] Det vanlegaste opphavet til *-ar* er urnord. *-harjaR*. Det er same ordet som norr. *herr* m 'hær' [...], men har som etterledd helst tydinga 'hærførar, krigar'. [...] I ei del namn kjem *-ar* av urnord. *-gaiRaR*, same ordet som norr. *geirr* m 'spyd'. (NPL s. 29)
- 19) Også Janzén (1948:105) og Lind (spalte 909–910) oppfatter *Skarphedin* enten som tilnavn eller som en sekundær sammensetning; *Skarp-Hedinn*. Begge viser til ovennevnte sitat fra *Njåls saga*.
- 20) Om navnet *Hedinn*, se også Margit Harsson 2005:88f.
- 21) Oversettelse ved Torstein Bugge Høverstad.
- 22) Undset har benyttet seg av dette i utstrakt grad. Mange av verkene hennes har personnavn som tittel: *Fru Marta Oulie*, *Viga-Ljot* og *Vigdis*, *Jenny*, *Kristin Lavransdatter*, *Olav Audunssøn*, *Ida Elisabeth*.
- 23) Kvinnenavnet *Æsa* var i bruk på Island i middelalderen, men er også registrert i Norge. Margit Harsson har påvist at *Æsa* sannsynligvis ikke bare er en variant av *Ása*, men har vært et selvstendig navn i både Norge, Danmark, Sverige og senere Island fra før norrøn tid. (Harsson 2004:22f.)
- 24) Definisjonen er hentet fra Boris Thomashevsky: «Thematique», i Tzvetan Todorov (red.): *Théorie de la littérature: textes des formalistes russes*, s. 265. Paris 1965.
- 25) Dette er for eksempel et problem i Sigrid Undsets *Olav Audunssøn*, hvor det har vært påpekt at hovedpersonen er fraværende fra handlingen i så lange perioder at det skaper usikkerhet hos leseren om hvem som egentlig har rollen som helt. Dermed svekkes tekstens lesbarhet.

Litteratur

- Amadou, Anne-Lisa. 1989. Sigrid Undset satt på spissen. I: *Spor etter mennesket*. Oslo. 195–201.
- Andresen, Kirsten Wisløff. 1978. *Viga-Ljot og Vigdis – en analyse av verket og dets forhold til kilder og mønstre i middelalderens litteratur*. Hovedfagsoppgave, Universitetet i Oslo.
- Barthes, Roland. 1994. Proust og navnene. I: *I tegnets tid. Uvalgte artikler og essays*. Oslo. 63–71.
- Bliksrud, Liv. 1998. Sigrid Undset og ættesagaen. I: Asbjørn Aarnes (red.): *Atlantisk dåd og drøm. 17 essays om Island/Norge*. Oslo. 205–222.
- BØ = Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. Utg. av Seksjon (Avdeling) for navnegransking. Bind VI: *Askim* ved Margit Harsson, 2005. Oslo.
- Daniloff, Jan Fredrik. 1974. *Sigrid Undsets litteratursyn*. Hovedoppgave ved Universitet i Oslo.
- DgP I–II = Gunnar Knudsen, Marius Kristensen og Rikard Hornby: *Danmarks gamle Personnavne. I. Fornavne. II. Tilnavne*. København 1936–64.
- Gunnes, Erik. 1983. Utenlandsk navneskikk i norsk middelalder. I: *Maal og Minne*. Oslo. 150–169.

- Hamon, Philippe. 1992. On the Major Features of Realist Discourse. I: L. R. Furst (ed.): *Realism*. London. 166–185.
- Harsson, Margit. 2004. Kvinnenamnet *Ása* og variantane *Ósa* og *Æsa*. I: K. Kruken (red.): *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*. Oslo. 17–25.
- Harsson, Margit. 2005, se BØ.
- Hornby, Rikard. 1948. Fornavne i Danmark i middelalderen. I: Assar Janzén (red.): *Personnamn*. (Nordisk Kultur VII.) Oslo–Stockholm–København. 187–234.
- Janzén, Assar. 1948. De fornvästnordiska personnamnen. I: d.s. (red.): *Personnamn*. (Nordisk Kultur VII.) Oslo. Stockholm–København. 22–186.
- Jonsson, Finnur. 1905–12. *Rímnasafn. Samling af de ældste islandske rimer*. København.
- NPL = K. Kruken og O. Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. ved K. Kruken. Oslo 1995.
- Lind, E.H. 1905–15. *Norsk-isländska dopnamn ock fingerade namn från medeltiden*. Uppsala.
- Lind, E.H. 1920–21. *Norsk-isländska personbinamn från medeltiden*. Uppsala.
- Ljunggren, K.G. 1933. En öländsk runsten och de fornnordiska namnen på *–módr*. I: *ANF* 49. 68–96.
- Munch, P.A. 1849. Nogle Ord til Overvejelse om vore brugelige Personsnavne, og om at holde vore nationale Navne i Agt og Ære. *Norsk Folke-Kalender*. Christiania.
- Munch, P.A. 1857. Om Betydningen af vore nationale Navne tilligemed Vink angaaende deres rette Skrivemaade og Udtale. I: *Norskt Maanedsskrift* 3. 1–64, 122–66, 239–74, 346–73, 438–59, 481–98. Optrykt i *Samlede Afhandlinger* IV. Kristiania og Kjøbenhavn 1876, 27–215.
- Njåla*. 1961. Til nynorsk ved Aslak Liestøl. Oslo.
- Nordenstreng, Rolf. 1940. The Fireplace in Old Scandinavian Personal Names. I: *Namn och bygd. Tidskrift för nordisk ortnamnsforskning* 28. Uppsala. 30–42.
- Olsen, Magnus. 1926 [1926] 1978. *Ættegård og helligdom: norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*. Oslo.
- RB = *Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog). Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400*. ...udg. ved H. J. Huitfeldt. [Christiania 1879] Oslo 1958.
- Rygh, Oluf. 1907. *Norske Gaardnavne*. VI: *Gaardnavne i Jarlsberg og Larviks Amt*. Kristiania.
- Steen, Ellisiv. [1969] 1996. *Kristin Lavransdatter – en estetisk studie*. Oslo.
- Snorre = Snorri Sturluson [*Heimskringla*]. Hødnebo, Finn og Hallvard Magerøy (red.): *Noregs kongesoger*. Oslo 1979.
- Tomashevsky, Boris. 1965. Thématique. I: Tzvetan Todorov (red.): *Théorie de la littérature: textes des formalistes russes*, s. 265. Paris.
- Undset, Sigrid. 1909. *Fortællingen om Viga-Ljot og Vigdis*. Kristiania.
- Undset, Sigrid. 1925–27. *Olav Audunsson*. Oslo.
- Undset, Sigrid. 1952. En bok som ble et vendepunkt i mitt liv. I: A.H. Winsnes (red.): *Sigrid Undset. Artikler og taler fra krigstiden*. Oslo. 27–34.
- Undset, Sigrid. [1979] 1998. Kjære Dea. I: *Selvbiografiske skrifter*. Oslo.
- Urd* nr. 1, Kristiania 1910
- Williams, Henrik. 1993. Ó-namn. Nordiska personnamn med det privativa prefixet Ó-. I: Lena Peterson (red.): *Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk*. Handlingar från NORNAs 18. symposium i Uppsala 16.–19. augusti 1991. NORNA-rapporter 51. Uppsala. 95–107.
- Winsnes, A.H. [1949] 1982. *Sigrid Undset. En studie i kristen realisme*. Oslo.
- Aasen [1878] 1912. *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne*. Kristiania.

Bokmeldingar

Busetnadsnamn på *-staðir*. Rapport frå NORNA 33. symposium på Utstein kloster 7.–9. mai 2004. Redigert av Inge Særheim, Per Henning Uppstad og Åse Kari Hansen Wagner. (NORNA-rapporter 81.) NORNA-förlaget, Uppsala 2006. 236 s. ISSN 0346-6728. ISBN 10: 91-7276-080-X, 13: 978-91-7276-080-6.

Boka inneholder innlegg fra et symposium der bebyggelsesnavn på *-staðir* var tema. Rapporten åpner med en «Innleiing om *staðir*-forskinga» av Inge Særheim. Her blir det først påpekt at symposiet er tverrfaglig, og alle deler av det nordiske *staðir*-området er med. Særheim innleder med å konstatere at *staðir*-navnene må kunne sies å være den mest omdiskuterte klassen av nordiske bebyggelsesnavn. Det er uklart hva grunnordet og flertallsformen skal bety, og det hersker svært ulike oppfatninger om hvor stor andel av underleddene som inneholder personnavn. Kontroversielt skulle det likevel ikke være når Særheim på s. 14 siterer Magnus Olsen: «I *staðir*-navnene holder personnavnene sitt store inntog i de norske stedsnavn». I innledningen gjøres det greie for de aspektene ved *staðir*-navene som har vært mye diskutert, med henvisning til viktig faglitteratur. Bakerst i rapporten følger en fem siders oppsummering av symposiet av Mats Wahlberg.

I det første ordinære innlegget stiller Gunnstein Akselberg spørsmålet om hvor lenge *staðir*-navnene var produktive. Første del omhandler et konkret navneskifte på Voss, der en gard *Hvítheimr* er gått over til å bli hetende *Dukstad*. Forleddet er et person-tilnavn, visstnok etter en *Halldór dúkr*, som levde på slutten av 1300-tallet. Akselberg ser på de ulike beleggene, og diskuterer hvordan og hvorfor navneendringen fant sted. Navnet *Dukstad* oppstod seinere enn det en normalt regner for *staðir*-klassens produktivetsperiode. På de tre siste sidene flyttes perspektivet til en mer prinsipiell diskusjon om hvordan en kan forstå begrepet produktivitet når det gjelder grunnord i navn. Akselberg kommer bl.a. inn på nyere, kognitive tilnærminger (Vibeke Dalbergs dr.-avhandling 1991) der produktivetsbegrepet er blitt betydelig problematisert. Han poengterer at de modellene vi opererer med, ikke må få leve altfor mye sitt eget liv. Til alle typer produktivetsperioder vil det kunne være randsoner og underperioder med en særlig lav produktivitet.

Tre andre norske *staðir*-undersøkelser er også med. Dateringsaspektet blir ført videre i Ole-Jørgen Johannessens «Mongstad og Jonstad», to navn som inneholder personnavn fra kristen middelalder, *Magnus* og *Jon. Mongstad* finnes på to gårder i Lindås kommune i Hordaland, og *Jonstad* forekommer i Naustdal (tidligere Førde), Sogn og Fjordane og i Vestby i Akershus. Til sammen er det altså fire navnegårder som er tematisert, med en problemstilling uttrykt i resten av tittelen: «Gamle gårder med unge navn eller unge gårder med unge navn?». Gjennom en grundig granskning av eldre kilder, naturgeografiske og økonomisk-historiske data, kommer Johannessen til at et navneskifte trolig har funnet sted. Tre av gårdene må være eldre enn navnet. Én av gårdene, *Mongstad* i Lindås, kan ha fått sitt navn da den ble tatt opp.

Tom Schmidts bidrag, «*Staðir*-navn i Østfold», er konsentrert om det store kjernes spørsmålet:

hvor stor andel av norske *staðir*-navn som inneholder en personreferanse. De tre første sidene er en instruktiv redegjørelse for fagdiskusjonen. Selv om O. Rygh hevdet at *staðir*-klassen har stor overvekt av personnavn og tilnavn, understreker Schmidt at Rygh ofte gir uttrykk for reservasjon, usikkerhet og alternative tolkninger. Schmidt kommer fram til 156 *staðir*-navn i Østfold som sikkert eller med høy grad av sannsynlighet eksisterte i middelalderen. 85 av disse forklares i NG primært som mannsnavn, 12 muligens som mannsnavn, to som kvinnenavn. Fire av forleddene forklares som stedsnavn, fem som topografisk appellativ, mens 18 ikke er nøyere tolket (s. 133). Deretter presenterer Schmidt egne tolkningsframlegg, der en kvantitativ sammenfatning viser 39 som sikkert er et mannsnavn; ni forledd er sikkert et annet stedsnavn, sju av dem et elvenavn, og ett et sjønavn. Et topografisk appellativ regnes som sikkert i 23 navn, og som en mulighet i 15 andre. Etterpå presenteres materialet i forhold til 1600-tallets inndeling i størrelsesklasser og landskyld, uten at det med hensyn til forleddene kan påvises noen klare skiller mellom eldre og yngre *staðir*-gårder. Konklusjonen til Schmidt er at det ikke kan være tale om mer enn 50 % med personnavn-forledd i Østfold. Trolig ligger den reelle andelen omkring 40 %. Han mener langt flere navn enn tidligere må forklares som topografisk appellativ.

Samme hovedkonklusjon blir trukket av Inge Særheim i bidraget «Busetnadsnamn på *-staðir* i Rogaland», et fylke med over hundre slike navn. I NG er 80 prosent tolket som sannsynlig eller mulig personnavn-forledd. Særheim foretar en kvalitativ gjennomgang av de enkelte navnene, slik at de sikre personnavn-forleddene kommer først. Eksempler her er *Sigmundstad*, *Ingvaldstad*, *Kjetilstad*, *Gunnarstad*, *Gudmestad* og *Gjermestad*. Deretter følger mer usikre navn. Her regner Særheim bl.a. *Friestad*, *Serigstad*, *Ånestad* og *Hognestad*. Til sist kommer en mengde navn med usikkert forledd der noe annet enn personnavn er mest sannsynlig, som *Fuglestad*, *Heigrestad*, *Orrestad*, *Navrestad*, *Bilstad*, etc. Særheim går mot framleggene i NG om personnavn i *Oppstad* og *Hogstad*, og her er Særheims argument interessant: At *Oppstad* skulle inneholde *Óláfr* og *Hogstad Hugi*, kan avvises fordi tostavet førsteledd her vil gi bortfall av /a/ i etterleddet (s. 169). At førsteleddet i *Hatlastad* skulle inneholde mannsnavnet *Atli*, trekkes også i tvil, fordi sekundær initial /h/ ikke er vanlig i målføret. Av den grunn regner Særheim treslagsbenevnelsen *hasl* for mer sannsynlig. Et navn *Raugstad* antas å kunne inneholde et ord for 'torvstakk, lite torvlad'.

Peder Dam og Johnny G. G. Jakobsen presenterer «En bebyggelsesgeografisk undersøkelse af to danske *sted*-bygder», Midtsjælland og Vendsyssel. I spørsmålet om datering trekkes både geografiske, demografiske og økonomiske forhold inn med stor tyngde, illustrert med en mengde diagrammer og figurer. Mellom de to undersøkte områdene framkommer noe ulikt mønster. *Sted*-navnene på Sjælland gjelder gjennomgående store gårder, som relativt ofte inneholder personnavn. *Sted*-bygdene i Vendsyssel er mer uensartet i størrelsen. Der framstår andelen med personnavn-forledd som mye lavere. I Vendsyssel på Nord-Jylland er *sted*-navnene særlig tallrike, og der synes klassen å ha vært produktiv lengre enn på Midt-Sjælland.

Et svensk bidrag, Per Vikstrand og Torun Zachrissons «Lerslätterna och *-sta(d)*-namnen. Om relationen mellan äldre järnålderns lerslättsboplatser och *-sta(d)*-namn i Mälardalen», har sterk vekt på arkeologi. En gammel observasjon er at en mengde *sta(d)*-navn i Mellom-Sverige er lokalisert på leirsletter. Nyere arkeologiske undersøkelser taler for en kontinuitet i bosetningen bak til eldre jernalder. Forfatterne mener at slike *sta(d)*-navn kan være av like høy alder, og at de kan ha vært opphavlige marknavn som seinere er blitt bebyggelsesnavn.

Island er representert med to velkjente deltakere i nordisk navneforskning. Svavar Sigmundsson åpner sin artikkel, «Om *staðir*-navne på Island», med en interessant idé om hvordan vi bedre skal forstå restriksjonene i disse navnenes ordinnhold. Han argumenterer for at islandske *staðir*-navn ikke opphavlig ble brukt om selvstendige gårder, men om nytteenheter innenfor en (hoved)gårds grenser. Svavar tenker seg at disse *staðir*-enhetene fikk navn etter utnyttelsen eller etter den per-

sonen som utnyttet stedet. I et materiale på 39 navn regner han 11 for å vise til naturforhold, men noen er uklare og kan vise til en person, 9 viser til utnyttelse, 13 er personbetegnende, mens 6 har forledd med annet innhold. Þórhallur Vilmundarson stiller spørsmålet «Flere fangststednavne: *Ljósstaðir* og *Húnsstaðir*?» Forfatteren er stadig sterkt tvilende til tidligere framlegg om et personnavn-forledd, og mener bl.a. på grunnlag av saklige forhold på stedet at slike navn går tilbake på fiskefangst og dyrefangst. I artikkelen gjennomgås et islandsk materiale, med jamføringer til navn i Norge.

Peder Gammeltoft har sett på «Stednavne på gno. *-staðir* i Hebriderne og Man», med undertitelen «et forstudie». I disse Vesterhavsområdene er de språkgeografiske forholdene uvanlig kompliserte. Navn av norrønt opphav er blitt sterkt omformet og de er ofte svært usikre i etymologien. *Borrowston*, *Carsaig*, *Clypse*, *Darnostiff*, *Erista*, *Torastay* og *Ulisste* er bare noen eksempler på hvilke store utfordringer det medfører å kunne tolke *staðir*-navn i et slikt uryddig språkblandingsområde.

På sidelinjen av rapportens tema havner Gudlaug Nedrelids «Om *-stad*-ene som slektsnamn». Nedrelid har sammenliknet de to fylkene Troms og Sogn og Fjordane, som utgjør ytterpunktene i fordelingen av *sen*-etternavn, 53 % i Troms mot bare 7 % i SoFj. Flere *stad*-navn fra Troms er tilsynelatende ikke overført som slektsnavn, 8 av 47 i Troms mot 7 av 99 i Sogn og Fjordane. Et annet funn er at flere SoFj.-navn har mer enn halvparten av sine bærere utenfor fylket. Artikkelen gir en god innføring i metodiske problemer og muligheter som personnavn-granskningen møter i utnyttelsen av tilgjengelige kilder som elektroniske registre, skattemønstre og telefonkataloger.

Som helhet gir rapporten inntrykk av en samling bidrag fra en rekke kompetente fagfolk, der de mest oppsøksvekkende resultatene trolig er å finne i Vikstrand/Zachrissons arkeologisk orienterte forskning. Når det gjelder prinsipielle metodologiske spørsmål, varsler ikke denne rapporten om så mye nytt. En vesentlig styrke ved rapporten er at hele det nordiske *staðir*-området er kommet med. Rapporten er bredt anlagt i sine problemstillinger, men også slik at spørsmålet om forledd og spørsmålet om alder går igjen i mange bidrag, og på en måte som kan gi grunnlag for interessante sammenlikninger.

Vidar Haslum

* * *

Jørgen Ouren: *Den store norske navneboka*. Oslo: Kagge Forlag. 2007. 271 s. ISBN 978-82-489-0713-8

Hausten 2007 gav Kagge Forlag ut *Den store norske navneboka* av Jørgen Ouren. På tittelbladet og på baksida av boka er det opplyst at ho er skriven «i samarbeid med Geir Tunby». Ouren er kjend for å utarbeide namnestatistikkar som Statistisk sentralbyrå publiserer (SSB, namn). Medforfatteren er ikkje presentert i boka, og det går heller ikkje fram kva rolle han har hatt. Boka har ei om lag 50 siders popularisert innleiing som inneheld mange tabellar med namnetoppar og kurver som viser bruk av nokre namn mellom åra 1880 og 2006. Hovuddelen er ein leksikondel med namneforklaringar og talopplysningar for kvart namn.

I innleiinga får vi presentert moderne norsk førenamnsbruk frå mange vinklar. Denne presentasjonen er dels ny i høve til kva som har vore publisert på nettsidene til Statistisk sentralbyrå (SSB, namn), m.a. omtale av trender knytte til stavemåtar. Omtalen gjeld t.d. namn med bokstavane *ø* og *å*, som har falle i popularitet dei seinare tiåra (s. 34–37); og namn som byrjar med *C* og *Ma* (s. 22, 57), som steig i popularitet frå rundt 1970 til før tusenårsskiftet. Jentenamn som sluttar på *a* og *ah* (s. 28), har stige sidan rundt 1990.

Vi får dessutan presentert tal som viser at dei kongelege sine namneval hadde større innverknad på namnemotar før enn no, derimot er det framleis slik at namn frå kjendisar og tv-seriar kan bli populære (s. 23–33). Skall namn som er nytta av kjende personar og i seriar, ifølgje forfattaren bli populære, må namna samtidig ha kulturelt opphav, tidsavstand til tidlegare bruk og gjerne ytre likskap med populære namn i tida (s. 28, 32). Det har t.d. ikkje *Mette* og *Marit* (s. 33), og det hadde truleg heller ikkje *Ingrid* i tida kring siste kronprinsessefødsel. *Emma* er eksempel på eit namn som gjekk snøgt til vers i 2003 på grunn av tv-serien *Friends* (s. 31). *Noah*, meiner Ouren, fekk god drahjelp då son til Solskjær fekk dette namnet i 1999 (s. 32).

Kva for namn som kan slå til eller ikkje, avheng av mange faktorar (særleg s. 9–12). Ifølgje «tanteloven» til Ouren vel ikkje foreldre namn frå tantene sine (s. 9). Det går gjerne nærare hundre år frå eit namn har ein nedtur før det kjem att. Blant namna som er i bruk no, finst f.eks. «bibelnavn» som *Tobias* og *Sara*, men òg andre, som *Sofie* (s. 12, 21).

Ein grunn til at namn blir tekne i bruk, er påverknad frå andre land, ikkje minst Sverige (s. 47–48). Mykje dreier seg òg om internasjonal påverknad. For å bli populære i Noreg må namna ha to eigenskapar. Dei må ha skrivemåtar og uttale som er naturleg i den vestlege verda, og dei må ha språkleg nøytralitet, som vil seie at namna blir oppfatta å høyre til i mange språk eller land (s. 35). Eksempel på slike namn er ikkje minst mange av dei bibelske namna som er svært populære både i Vest-Europa og i USA no.

Eldre foreldre held seg meir til tradisjonelle norske namn, medan yngre foreldre hentar i større grad namn frå trendar i andre land (s. 21–22). I dag kan ein mellom anna sjå dette ved at det helst er dei yngste foreldra som vel jentenamn som endar på *-lie*.

Elles skriv Ouren og Tunby om namn som er stabile over tid (s. 15–17), om uvanlege namn (s. 59), namn som har vore eller blir brukte for begge kjønn (s. 45), om at bruk for eitt av kjønna vinn fram over tid, t.d. *Iben* som er i ferd med å bli eit jentenamn. Vi kan også lese om overgangen frå tider då doble førenamn og fars etternamn var ein vanleg kombinasjon, til vår tid då det er vanleg med berre eitt førenamn pluss mellomnamn og etternamn (s. 43). Mellomnamnet er oftast mors opphavlege etternamn. Dobbelt etternamn med bindestrek sett saman av foreldra sine etternamn, slik namnelova har opna for, får i underkant av 6 % blant dei nyfødde no. I innleiinga finst dessutan tabellar som viser popularitet for førenamn i fylke, landsdelar og heile landet for einskilde periodar.

Innleiinga er skriven i eit ledig og enkelt språk som nok vil engasjere mange, men slik framstilling lar seg ofte ikkje kombinere med fagleg presisjon. Slik er det òg her. Mange av dei interessante påstandane om namntrendar er lite underbygde med tal, slik at dei er vanskelege å vurdere fagleg for lesarane.

Dei mest populære bibelnamna får fyldige forklaringar henta frå bibelhistoria, men forklaringsane er mangelfulle i to tilfelle. *Tobias* har fått plass i *Nehemjas bok* i *Det gamle testamente*, der det er nemnt ein *Tobias* (s. 55). Namneboka har ikkje fått med at populariteten for *Tobias* har opphav i *Tobias* i *Tobits bok*. *Tobits bok*, òg kalt *Tobias' bok* har blitt brukt i den kristne tradisjonen. Den har blitt trykt som tillegg bl.a. i norske biblar på slutten av 1800-talet. Namnet var populært m.a. i tysk område under reformasjonen, og kom til Noreg etter tysk påverknad (Seibicke 1996–2007, Kruken og Stemshaug 1995, Hanks m.fl. 2006).

I namneboka blir *Anna* presentert som profet i tempelet på Jesu tid. Omtalen av henne i *Bibelen* blir forklart som bakgrunnen for namnebruken hos oss (s. 56), men slik er det ikkje. Det er heller slik at tradisjonen for namnebruken hos oss har opphav i at den katolske kyrkja dyrka mora til jomfru Maria, som òg heitte *Anna*. Ho er omtalt i fleire historiske bøker som er del av den katolske tradisjonen (Seibicke 1996–2003, Kruken og Stemshaug 1995, Hanks m.fl. 2006).

Mest nytte vil dei fleste lesarane truleg ha av leksikondelen. Den inneheld ca. 3000 namn med

korte forklaringar og statistiske opplysningar. For kvart namn er det tal som viser kor mange som har namnet i Noreg i dag, kor mange som fekk det i åra 2004–2006, og kor mange med namnet som var fødte før 1910 (s. 60). Fødde før 1910 omfattar berre dei som levde i 1964 då det første dataleselege folkeregisteret vart laga. Med desse bruksfrekvensane får vi m.a. vite om namna har gammal bruk, og kor mykje dei blir brukte for nyfødde no. Slik eg kjenner foreldras ønske, er alt dette nyttige opplysningar for dei.

Namneforklaringene i denne boka byggjer for det meste på dei store norske namneleksika som er gjevne opp som kjelder (Kruken og Stemshaug 1995, Sivertsen 2003, o.a.). Det vil seie at opphavleg fyldige forklaringar andre stader no blir presenterte i forenkla form. Fleire namn med utanlandsk opphav, og som ofte ikkje finst i dei norske kjeldene, ville truleg fått andre forklaringar enn i denne boka om ein hadde brukt utanlandske kjelder, men det ville òg kravd eit mykje meir omfattande arbeid.

Kvinnenamnet *Erin* blir i boka knytt til *Eirin* som kan ha opphav i *Irene* eller nordiske namn som byrjar på *Eir-*. Dette byggjer truleg på Kruken og Stemshaug (1995), som skriv: «Erin f, truleg sidef. av [...] Eirin». Engelske kjelder gjev derimot opp at i USA blir *Erin* rekna å ha opphav i same ord som *Eire* for Irland (Hanks m.fl. 2006). Noko av den norske bruken av *Erin* har i alle fall opphav frå USA.

Kvinnenamnet *Saga* blir i boka forklart som nyare nordisk namn utan kjend tyding. I svenske kjelder blir *Saga* oppgjeve å kome frå det svenske ordet «saga» som tyder 'eventyr' (Otterbjørk 2000, Brylla 2004). Dei svenske kjeldene knyter dessutan namnet til den norrøne gudinna *Såga*, som òg blir skrivne *Saga*. *Såga* var eit namn på den norrøne gudinna *Frøya*.

Kvinnenamnet *Mariam* blir omtalt som ei form av det «hebraiske Mirjam som har ukjent betydning». Her manglar det opplysning om at *Mariam* i Noreg har muslimsk tradisjon og er eit av dei vanlegaste namna blant innvandrarak med arabisk namneskikk.

Kvinnenamnet *Kiri* blir omtalt som indisk med tydinga «(blomsten) 'amarant'». Opphavet og forklaringa finst òg hos Sivertsen (2003), som dessutan har med språket sanskrit som eldre opphav, og eksemplifiserer med namneberaren «Kiri Te Kanawa [...], newzealandsk sanger». Namnet står ikkje i større namnebøker for hinduiske namn eller namn med opphav i sanskrit. Derimot finst kvinnenamnet *Kiri* i namnebøker for New Zealand, knytt til polynesisk opphav med tydinga 'borken på eit tre', og ei bok viser til same songar (Dynes 1984, Matthews 1998).

Boka inneheld nokre namn med null berarak for alle dei tre nemnde bruksfrekvensane til kvart namn. Det gjeld svært gamle norske namn. Det er mannsnamna *Audgils*, *Bagge*, *Bane*, *Belest*, *Birning*, *Brandalv*, *Brøde*, *Drengmann*, *Fuse*, *Garbrand*, *Gase*, *Gjebble*, *Gjurd*, *Gløder*, *Greip*, *Gudfast*, *Hake*, *Hav*, *Igul*, *Jarp*, *Kalv*, *Kjeller*, *Krake*, *Ljøde*, *Ljøl*, *Odolv*, *Olmann*, *Skarild*, *Skodre*, *Smed*, *Snerre*, *Solle*, *Sterkolv*, *Stov*, *Styrlaug*, *Sunnulv*, *Tjølv*, *Ulve*, *Utyrme*, *Vigulv* og *Åbjørn* og kvinnenamna *Askeline*, *Endrike* og *Sne*.

Blant null-frekvente namn er også det hebraiske mannsnamnet *Baruk* frå *Bibelen*, andre eldre innlånte kvinnenamn som *Abrahamine*, *Bastiane*, *Billy*, *Boyne*, *Femja*, *Jokumine*, *Jurits*, *Kanelken* og *Sylvesta* og mannsnamna *Harmann*, *Sinus*, *Teobald*, *Tile*, *Vexel* og *Vorm*.

Leksikondelen har eit godt utval av namn med opphav i mellomalderen eller som mest har vore i bruk for meir enn hundre år sidan. Derimot inneheld den sparsamt med nye namn som har kome i bruk i Noreg dei siste åra, og samiske namn.

Av kjende samiske namneformer er *Ante* (samisk form er *Ánte*) med, men t.d. ikkje kvinnenamna *Biret* (*Berit*), *Risten* (*Kristine*) og *Rávdná* (*Ragnhild*), og mannsnamna *Máhte* og *Niillas*. Mannsnamnet *Skarild* som tidlegare har vore i bruk blant sørsamane, er med i boka utan at denne bruken er førd opp (Kruken og Stemshaug 1995).

Nokre engelskspråklege namn som dei siste åra har blitt tekne i bruk for nyfødde i Noreg, og

som gjerne kunne ha vore med, er mannsnamnet *Liam* (av *William*), og namna *Leslie* og *Sidney* som er i bruk for begge kjønn. Det same gjeld namn med annan bakgrunn, som *Emre* og *Imre*, som begge har over hundre berarar, mest blant små barn. Nokre utanlandske namn som er heller nye i landet, er rett nok med, f.eks. mannsnamna *Dario*, *Dino*, *Don*, *Marco*, *Scott* og *Troy*, kvinnenamna *Fiona* og *Joy*. Av desse er *Dario*, *Dino*, *Don*, og *Joy* svært lite brukte for barn no.

Dei arabiske kvinnenamna *Amina*, *Amira*, *Fatima* og *Samira* er med, også det persiske *Yasmin*, og kvinnenamnet *Kiri*, som er omtalt ovanfor. Derimot finst ikkje dei mykje brukte mannsnamna *Ali*, *Ahmed*, *Hussein*, *Ibrahim*, *Mohammad* og *Said* med variantar, og kvinnenamnet *Zainab*/*Zeinab*.

Eit fyldigare utval namn frå populærkulturen og som allereie er noko i bruk for barn, kunne òg inspirert foreldre, f.eks. kvinnenamna *Nemi* frå teikneserien *Nemi*, *Villemo* frå *Sagaen om Isfolket* og *Smilla* frå ei dansk bok og ein film (Peter Høeg: *Frøken Smillas fornemmelse for sne*. 1992; film med same tittel i 1997). Rett nok er *Birk* og *Ronja* med, henta frå Astrid Lindgrens *Ronja Røverdatter*, utg. i 1981, svensk film 1984. Det same gjeld *My*, frå Tove Janssons bøker om *Mumietrollet*, utg. som bøker 1945–1970, samstundes og seinare som teikneserie og filmar.

Utvalet namn er i hovudsak òg med i det mykje større *Norsk personnamnleksikon* (Kruken og Stemshaug 1995). For dei null-frekvente namna ovanfor kjem i tillegg *Sinus*, som finst i Sivertsen (2003), og *Bane* og *Sne*. For namn tekne i bruk i siste halvdel av 1900-talet, har det kome med eit fåtal nye i namneboka, m.a. nokre av dei utanlandske namna som er nemnde ovanfor. Dei fjernkulturelle som er med, finst i dei bøkene som er gjevne opp som kjelder til Ourens og Tunbys bok.

Mange namn har kommentaren «Nyere navn», «Nyere norsk navn» eller «Nyere nordisk navn». Her kjem nokre døme frå Ourens og Tunbys bok. I parentes har eg ført på årstal for når namna har kome i bruk i Noreg (Kruken og Stemshaug 1995). Det er kvinnenamna *Møyfrid* (ca. 1650), *Mailin* (1950), *Nordis* (1892), *Oddhild* (1880-åra, Island sidan 1600-talet), og mannsnamna *Marion* (midten av 1800-talet), *Marvid* (1910), *Oddvar* (1887), *Oddvin* (1890-åra), *Oleander* (1880-åra) og *Ola* (1400-talet). Fleire av desse frå 1800-talet og seinare er markerte som «nylaga namn» i Kruken og Stemshaug 1995, og *Ola* er der ført opp som «yngre form av Olav». Det manglar ei forklaring til kvifor «nyere» på denne måten er brukt om mange namn som er eitt eller mange hundre år gamle. For målgruppa til denne nye boka, som truleg er unge foreldre, vil kan hende berre *Mailin* og andre frå siste halvdel av 1900-talet normalt kunne bli oppfatta som nyare namn.

Forfattarane forklarar ikkje kvifor dei har utelate nye innlån som er noko i bruk, medan dei har teke med mange gamle norske namn ute av bruk. Grunnlagsmaterialet som Ouren har god tilgang til, har store moglegheiter som ikkje ser ut til å ha vore nytta til å gjere utval av nyare namn. Det er nærliggjande å rekne med at målet er å fokusere på tradisjonelle norske namn, m.a. for å inspirere foreldre til å ta desse namna i bruk, og for å fylle eit behov for namneframlegg henta frå sjeldne norrøne namn.

Boka har tittelen *Den store norske navneboka*. Kva namn som skal vere med i ei «norsk» namnebok, vil det vere ulike meiningar om. Det kan vere omsyn til opphav i eldre og nyare norsk og andre språk i Noreg, og kor langvarig og omfattande bruken har vore i Noreg. Eller det kan vere omsynet til namn som kan kome i bruk. Dei mest aktuelle innhaldstypene ein bør vurdere, er truleg desse:

- a namn med opphav i det norske språket i Noreg i mellomalderen
- b namn som har vore i bruk i landet i mange hundre år, og som har blitt tilpassa norsk uttale og skrivemåte
- c namn som har vore i bruk i landet i mange hundre år, men som har tilnærma same form som i andre land eller då namna blei lånte inn

- d namn som har kome i bruk for nokre tiår sidan, både innlånte og nylaga, og som har vist seg å bli brukt så mykje at mange kjenner til dei
- e samiske namn, finske namn brukt blant kvenar, og namn med særleg tilknytning til andre minoritetar som har budd lenge i landet
- f alle namn som har blitt tekne i bruk i Noreg
- g heilt nye namn frå andre land som som blir tekne i bruk i Noreg no
- h namn som er i bruk iblant nyleg komne innvandrarakar, både for barn og vaksne
- i namn med ei form eller ein bruk i andre land som gjer at dei kan bli tekne i bruk i Noreg når som helst

Når ein skal gjere utval til ei namnebok for marknaden i Noreg, bør det vere sentralt å ta stilling til om ein bør velje namn med god etablert tradisjon i Noreg, om ein vil ta med namn som er i bruk blant nyleg komne innvandrarakar, og om ein vil ta med namn som er vanlege i andre land, og som nett har blitt tekne i bruk av foreldre som har vakse opp i Noreg. Dessutan må ein ta stilling til omfang i tal og informasjonsmengd om namna, fordi mykje informasjon om kvart namn inneber at ein får plass til færre namn.

I *Den store norske namneboka* har dei lagt vekt på typane a-d, som vil seie namn med eldre norskspråkleg opphav, eller som har godt etablert tradisjon i Noreg.

Dersom ein med «norsk» ikkje berre tenkjer på språk, men òg på å høyre til i Noreg, vil namn brukt blant det samiske urfolket, kvenar og andre eldre minoritetar i Noreg vere naturlege å ha med, dvs. type e.

Typane f og i, som vil seie alle namn som har vore brukte i Noreg, eller alle som kan kome i nær framtid, vil det i praksis ikkje vere mogleg å få med.

Eit stort omfang av namn frå type h, namn frå innvandrarkulturane, vil det òg vere urealistisk å få med. Innvandrarakar representerer mange kulturar, og det er tidkrevjande å arbeide med kjelder på mange framandspråk. Innvandrarakar har dessutan oftast tilgjenge til namnebøker, namnelister eller andre kjelder frå eigen namnekultur, og vil ha mindre nytte av norskspråklege namnebøker, i alle fall i første generasjon her i landet.

Namn frå innvandrarkulturane er del av den norske kulturfellesskapen. Når rundt 9 % av befolkninga i Noreg har ein eller to foreldre fødde i andre land, inneber det at det er i bruk mange namn frå kulturar dei fleste som har vakse opp i Noreg, kjenner dårleg til. Informasjon om namn frå innvandrarkulturane er nyttig for mange som ikkje har bakgrunn i same kultur som namna. Dei vil kan hende vite noko om namna, eller å gje dei til eigne barn. Dette gjer det rimleg å ta med i alle fall mykje brukte namn frå mange av innvandrarkulturane, frå nokre titals til eit par hundre frå kvart språk eller kulturområde. Omfanget vil det vere naturleg å utvide med nye utgåver, slik at bøkene òg kan bli meir og meir nyttige for alle uansett kulturbakgrunn.

Tyten g omfattar nye namn i bruk i andre land og litt i Noreg. Det er namn som foreldre til vanleg ikkje finn i norske namnebøker. Slike namn er aktuelle for nokre foreldre som ønskjer å finne namn som er ulike etablerte namn, eller som vil vite noko om namn dei har sett i bruk i Norge eller andre land. Når vi ser kva namn foreldre iblant vel no, er det klart eit behov for namnebøker med fleire namn som folk ser i mange samanhengar.

Det finst norske namnebøker med fleire tusen sjeldne namn som har vore i bruk i Noreg dei siste tusen åra. Eit fåtal av dei sjeldne namna er blant namn foreldre vil velje no. Dessutan kan foreldre få tak i desse bøkene anten i bokhandlar eller på bibliotek. Ein treng difor ikkje å ta mange slike namn med i nye namnebøker dersom det fører til at det blir rom for få nye namn.

Retten nok ønskjer mange foreldre å bruke namn med tradisjon i Noreg. Vi veit noko om kva for namn med norsk tradisjon som foreldre vil velje no. Det er m.a. namn frå mytologi, folkedikting

og noko utbreidde namn på 1800-talet. Slike namn kan ein gjerne ta med i nye namnebøker no. Vidare bør ein dekkje namn som er noko i bruk i befolkninga i alle aldrar no, både dei som har vakse opp i Noreg, og dei som har innvandra. Som omtalt ovanfor, finst i tillegg behov for namn som er vanlege i andre land, og som nett har blitt tekne i bruk av foreldre som har vakse opp i Noreg. Dette krev arbeid med å finne fram opplysningar om opphav, tyding og bruk. I alle fall er det realistisk å få til korte omtaler og vise til kva land namna er i bruk, gjerne med liste over nyttige namnebøker frå desse landa eller internett-adresser. Gode eksempel på korte omtaler finst i boka til Ouren og Tunby.

Kagge Forlag brukar overdriven marknadsføring bak på boka, som «Norges største navnebok!», «Den uunnværlige navneboka som har alt!», «En unik navnebok med over 3000 navn, [...]» og «Inneholder Navneloven». Eg kan leggje til at boka byggjer på to norske namneleksika med respektive ca. 6500 og ca. 5500 namn med fyldigare forklaringar (Kruken og Stemshaug 1996, Sivertsen 2003), og at namnelova er lett å finne på internett (Lovdata). Hos eit forlag med slike ambisjonar, er det rimeleg å vente at dei òg legg vekt på å få med nye namn som mange foreldre vel no.

Den store norske navneboka har nytt stoff på to måtar: Ei innleiing med mykje ny informasjon, og ein oppdatert og nyttig statistikk for namna i leksikondelen. Det første er nyttig for alle som vil vite korleis det går med førenamnsbruken i Noreg. Det siste er nyttig for dei som skal velje namn for barn og treng å vite kor vindane blæs.

Ei utvida og meir underbygd framstilling av emna i innleiinga kunne vere interessant å få i ei neste bok.

Litteratur

- Brylla, E. 2004. *Kortfattet namnleksikon*. Stockholm: Liber.
- Dynes, Cecily. 1984. *The Complete Australian and New Zealand Book of Names*. North Ryde, North South Wales, Australia: Angus & Robertson.
- Hanks, P., K. Hardcastle og F. Hodges. 2006. *A Dictionary of First Names*. Oxford: Oxford University Press.
- Kruken, K. og O. Stemshaug. 1995. *Norsk personnamnleksikon*. 2. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lovdata = Lovdata sine nettsider med m.a. alle gjeldande norske lover, <http://www.lovdata.no/>
- Matthews, Anne. 1998. *Baby Names for New Zealanders. Over 12 000 names*. Northcote, Auckland, New Zealand: New Holland.
- Otterbjörk, R. 2000 (1964). *Svenska förnamn*. 3. utg. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Seibicke, W. 1996–2007. *Historisches Deutsches Vornamenbuch*. Berlin og New York: de Gruyter.
- Sivertsen, B. 2003. *Fornavn. Norsk navneleksikon*. Oslo: Andresen & Butenschön forlag.
- SSB, namn = Statistisk sentralbyrå sine nettsider om personnamn, <http://www.ssb.no/navn/>

Ivar Utne

Tilsend litteratur

- Johansson, Carina 2007: I gatuplanet. Namnbrukarperspektiv på gatunamn i Stockholm. Namn och samhälle 20. Uppsala: Uppsala Universitet. 250. s.
- NAMES. Journal of the American Name Society Vol. 55, [hft.] 4, s. 301–482. DeKalb 2007.
- Peterson, Lena 2007: Nordiskt runnamnslexikon. Uppsala: Institutet för språk och folkminnen. 345 s.
- Rivista Italiana di Onomastica 13:2, s. 423–789. Roma 2007.
- Studia Anthroponymica Scandinavica. Tidskrift för nordisk personnamnsforskning. 25. Uppsala 2007. 185 s.
- Vikstrand, Per 2007: Bebyggelsenamnen i Mörbylånga kommun. Sveriges ortnamn. Ortnamnen i Kalmar län 7. Uppsala: Institutet för språk och folkminnen. 239 s.

Medarbeidarar i årgang 24

Dalberg, Vibeke f. 1944. Dr.phil. 1991 (København). Universitetslektor. Adresse: Åtoften 28, DK-2990 Nivå.

Haslum, Vidar f. 1958. Cand.philol. 1996 (Bergen), dr.art. 2003 (Bergen). Førsteamanuensis. Adr.: Revheimsberget 5, NO-4046 Hafrsfjord.

Lockertsen, Roger f. 1955. Cand.philol. 1984 (Tromsø/Romsa), dr.philos. 2006 (Bergen), Fyrsteamanuensis. Adr.: Svarvaren, NO-9022 Krokeldalen.

Myrvoll, Klaus Johan, f. 1981. Masterstudent i norrøn filologi (Oslo). Adr.: Nedre Ullevål 9-312. NO-0850 Oslo.

Rindal, Magnus, f. 1942. Cand.philol. 1968 (Bergen). Professor. Adr.: Giskehagen 22, NO-0376 Oslo.

Særheim, Inge, f. 1949. Cand.philol. 1978 (Bergen), dr.philos. 2000 (Bergen). Professor. Adr.: Liljevegen 1, NO-4060 Kleppe.

Utne, Ivar, f. 1954. Cand.philol. 1980 (Oslo). Amanuensis. Adr.: Grønnevollen 16. 1B, NO-5016 Bergen.

Windt, Benedicta, f. 1952. Cand.philol. 1998 (Oslo). Navneforsker og skjønnlitterær oversetter. Adr.: Dagsletveien 22, NO-3430 Spikkestad.

Manuskript til Namn og Nemne

Redaksjonen vil helst ha manus på diskett, eventuelt maskinskrive med dobbel lineavstand og brei venstre marg. Papirformatet bør vere A4. Mindre tillegg kan skrivast mellom linene (ikkje i margen). Lengre tillegg eller rettingar skal skrivast på eigne A4-ark. Ved retting i manus skal ikkje korrekturteikn nyttast.

Sitat som er lengre enn tre maskinskrivne liner skal skiljast frå teksten ved innrykking.

Fotnotar (merknader) bør brukast så lite som råd; dei bør oftast takast inn i teksten. Eventuelle fotnotar skal samlast i slutten av artikkelen. Nummertilvisingane i teksten skal ikkje ha parentes kring seg og dei skal plasserast etter skiljeteikn.

Litteraturtilvisingane skal om mogleg gjerast ved forfattarnamn og utgjevingsår. Døme: ... (Indrebø 1924:98), eller: Gustav Indrebø (1924:98) meiner ..., eller: Som opplyst i Indrebø 1924:98, ... Arbeid som er fotografisk oppattprenta skal siterast etter originalutgåva (av forskingshistoriske grunnar), altså ikkje Olsen, M. 1978. Torp, A. 1963, Aasen, I. 1918 eller 1977. Allment kjende tidsskrift bør ha forkorta titlar (t.d. ANF, APHS, MM, NoB, SvLm); det same kan gjelde kjende seriar (t.d. DS [Danmarks Stednavne], NG [Norske Gaardnavne], men då med tilvising til forfattar eller utgjevar. Undertitlar og serieopplysningar trengst til vanleg ikkje.

Døme:

Hovda, P. 1966: Norske elvenamn. Oslo – Bergen.

[Hovda, P.] 1978: Frå hav til hei. Oslo – Bergen – Tromsø.

Indrebø, G. 1921: Stadnamni i ei fjellbygd. MM 1921.113–210.

Indrebø, G 1924: Norske Innsjønamn. 1. Oslo.

Indrebø, G 1936a: Hordaland – Hordafylke. Bidrag till nordisk filologi tillägnade

Emil Olson den 9 juni 1936 72–77. Lund – Köpenhamn.

Indrebø, G. 1936b: Nokre fjellnamn i Sogn. MM 1936.36–75.

Indrebø, G. 1938: Þinghá. NoB 25.1–17.

Olsen, M. 1926: Ættegård og helligdom. Oslo.

NG: Sjø Rygh. O.

Rygh. O. 1905; 1909; 1910: Norske Gaardnavne. 16; 5; 11. Kristiania.

Torp. A. 1919: Nynorsk etymologisk ordbok. Kristiania.

Aasen, I. 1873: Norsk Ordbog. [2.] Udg. Christiania.